



**Kongeriket Armenia si rolle i stormaktspolitikken mellom Roma og Partia
(75 fvt. til 118 evt.)**



ERLEND HÅBERG

**INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, HISTORIE, KULTUR- OG
RELIGIONSVITSKAP, UNIVERSITET I BERGEN**

MASTEROPPGÅVE I HISTORIE

VÅR 2011

Innhaldsliste

<u>Liste over bilete og kart</u>	<u>s. 6</u>
<u>-Bilete</u>	<u>s. 6</u>
<u>-Kart</u>	<u>s. 6</u>
<u>Forord</u>	<u>s. 7</u>
<u>Innleiing</u>	<u>s. 9</u>
<u>-Problemstilling</u>	<u>s. 9</u>
<u>-Kvifor skrive om Armenia i antikken?</u>	<u>s. 9</u>
<u>-Korleis skal eg svare på problemstillinga?</u>	<u>s. 11</u>
<u>Kapittel 1: Sekundær litteratur, teori og kjelder</u>	<u>s. 13</u>
<u>-Tidlegare forsking på Armenia</u>	<u>s. 13</u>
<u>-Luttwak og romersk langsiktig strategi</u>	<u>s. 15</u>
<u>-Det julisk-claudiske systemet</u>	<u>s. 16</u>
<u>-Det antoninske systemet</u>	<u>s. 17</u>
<u>-Dybdeforsvar</u>	<u>s. 18</u>
<u>-Debatten etter Luttwak</u>	<u>s. 18</u>
<u>-Braund og den venlege kongen</u>	<u>s. 20</u>
<u>-Kjelder og kjeldebruk</u>	<u>s. 23</u>
<u>-Hovedkjeldene</u>	<u>s. 23</u>
<u>-Appianus – <i>Historia Romana</i></u>	<u>s. 23</u>
<u>-Dio Cassius – <i>Historia Romana</i></u>	<u>s. 23</u>
<u>-Plutark – <i>Vitae Paralleliae</i></u>	<u>s. 24</u>
<u>-Tacitus – <i>Annales</i></u>	<u>s. 24</u>
<u>-Suetonius – <i>De Vita Caesarum</i></u>	<u>s. 25</u>
<u>-Om historieskriving i antikken</u>	<u>s. 25</u>
<u>-Andre kjelder</u>	<u>s. 27</u>

Kapittel 2: Armenia i antikken	s. 29
-Dei persiske rika	s. 29
-Geografi	s. 30
-Historisk oversikt	s. 35
-Armenia mellom 75 fvt til 118 evt	s. 39
Kapittel 3: Armenia under artaxidedynastiet	s. 41
-Armenia under dei mithridatiske krigane	s. 41
-Den første mithridatiske krigen	s. 42
-Den andre mithridatiske krigen	s. 43
-Hendingsforløpet i den tredje mithridatiske krigen	s. 43
-Analyse av den tredje mithridatiske krigen	s. 48
-Delkonklusjon	s. 51
-Armenia si rolle under Crassus sin invasjon av Partarriket	s. 52
-Hendingsforløp	s. 52
-Analyse av Crassus sin invasjon av Partarriket	s. 54
-Delkonklusjon	s. 54
-Armenia og Marcus Antonius	s. 55
-Hendingsforløp	s. 55
-Analyse av Marcus Antonius sin invasjon	s. 58
-Delkonklusjon	s. 61
-Kapittelkonklusjon	s. 61
Kapittel 4: Armenia under arsakidedynastiet	s. 63
-Etableringa av arsakidedynastiet i Armenia	s. 63
-Hendingsforløp	s. 63
-Analyse av etableringa av arsakidedynastiet i Armenia	s. 71
-Delkonklusjon	s. 75
-Eit nytt dynasti, ein ny strategi	s. 75
-Armenia si rolle i Trajan sin partarkrig	s. 76
-Hendingsforløp	s. 76
-Analyse av Trajan sin partarkrig	s. 78
-Delkonklusjon	s. 83
-Kapittelkonklusjon	s. 84

Konklusjon og avslutning	s. 87
-Kva har blitt gjort?	s. 87
-Kva forandrar seg?	s. 89
-Kva er stabilt?	s. 92
-Kva kan ein slutte av dette?	s. 93
-Avsluttande tankar	s. 95
Bibliografi	s. 97
-Kjelder	s. 97
-Litteratur	s. 99
English Summary	s. 101
Vedlegg	
-Dramatis Personae	s. 103
-Tidslinje	s. 109

Liste over bilete og kart

Bilete:

1. Framside: Moderne statue av Tigranes den Store frå Yerevan i Armenia. Biletet er henta den 8. mai 2011 og er frå <http://en.wikipedia.org/wiki/File:TigranStatue.jpg>
2. Side 41: Byste av Mithridates VI Eupator som Herakles.
3. Side 45: Byste som viser Pompeius Magnus.
4. Side 46: Mynt som viser eit bilet av den armenske kongen Tigranes den Store.
5. Side 52: Byste av den romerske triumviren Marcus Licinius Crassus.
6. Side 55: Mynt som viser Marcus Antonius og Octavianus.
7. Side 56: Mynt som viser den armenske konge Artavasdes II.
8. Side 64: Teikning av ei statue av den første arsakidekongen av Armenia, Tiridates.
9. Side 65: Byste av den romerske keisaren Nero.
10. Side 76: Byste av den romerske keisaren Trajan.

Kart:

1. Side 32: Kart over det armenske kongeriket og nabolanda rundt år 50 evt.
2. Side 42: Kart over Mithridates sitt rike rett før den første mithridatiske krigen.
3. Side 44: Kart over Tigranes den Store ritt rike rett før den tredje mithridatiske krigen.
4. Side 66: Kart over rørslene til dei ulike hærane under dei første åra av Nero sin partarkrig.
5. Side 68: Kart over rørslene til dei ulike hærane under dei siste åra av Nero sin partarkrig.
6. Side 78: Kart over det romerske imperiet etter Trajan sin partarkrig.

Forord

Eg vil først og fremst takke min rettleiar Eivind Heldaas Seland for framifrå rettleiing gjennom dei siste to åra. Eg vil også takke Jørgen Christian Meyer, Ingvar Mæhle og resten av antikkseminaret som med sine innspel og idéar har vore med på å forbetra oppgåva mi.

Eg vil også rette ein stor takk til mine foreldre. Min far, Helge Håberg, for det enorme arbeidet han har lagt ned når han las korrektur på oppgåva mi, og mi mor, Liv Ingrid Aske Håberg, for den akademiske gjennomgangen ho gjorde av teksten min.

Heilt til slutt vil eg takke mine medstudentar i sofakroken.

Erlend Håberg

Bergen, 14. mai 2011

Innleiing

Året er 66 etter vår tidsrekning og ei ni månadar lang reise er over. Den nye kongen av Armenia har endelig kome til Roma for å møte den romerske keisaren Nero og slik bli anerkjent som den rette kongen over Armenia. Den unge keisaren har ikkje spart på noko, og heile den romerske hovudstaden er pynta med girlander og lykter, og gatene i byen er fulle av folk som er komne hit frå alle kantar av det romerske imperiet for å få eit glimt av den eksotiske kongen. Ved daggry deler folket seg idet keisaren kjem til Forum, iført triumfdrakta si og følgt av preatorianergarden i sine skinande rustningar. Soldatane stiller seg opp langs korridoren som blir laga og keisaren inntek trona si ved rostraen, den tradisjonelle talarstolen i det gamle Roma. Så kjem personen alle har venta på, og eit forventningsfullt sus går gjennom folkemengda. Tiridates, broren til den mektige kongen av Partia, kjem inn på Forum saman med følget sitt før han kneler framfor keisaren. Suset i folkemassane går over i eit stort brøl idet Nero set det armenske kongediademet på Tiridates sitt hovud. Etter fleire år med stridigheter i Armenia har romarane endeleg fått befesta makta si over landet.

Problemstilling

Denne hendinga kan sjå ut som ein rein maktdemonstrasjon frå romarane si side, ikkje berre mot armenarane, men også mot det mektige Partarriket i aust. Sanninga var mykje meir komplisert enn som så. Krigen om Armenia mellom dei to stormaktene hadde vart i fem år og hadde sett byar bli øydelagde og hærar bli utsletta. Krigslukka skifta stadig side og berre dette siste kompromisset, at ein partisk prins blir konge over Armenia, men med romersk godkjenning, var nok til å stoppe stridighetene. Til tross for at ein kan sjå på denne hendinga som ein demonstrasjon skal vi sjå at denne hendinga representerer slutten på den romerske dominansen over Armenia. I denne masteroppgåva skal eg skrive om denne konflikten og fire andre i ein tidsperiode på 193 år, for å kunne sjå på korleis Armenia si rolle i forhold til dei to stormaktene forandra seg gjennom denne perioden. Var Armenia berre ein brikke som stormaktene Roma og Partia kunne tevle om, eller hadde dei moglegheitene til å gjere eigne val og slik vere ein aktør i det storpolitiske spelet? På grunn av kjeldegrunnlaget må eg fokusere på denne rolla i forhold til romersk politikk, men eg skal prøve å flette inn partarane og armenarane sjølv i løpet av oppgåva.

Kvifor skrive om Armenia i antikken?

Som vi vil sjå seinare var Armenia stadig sentrum for konfliktar mellom romarane og partarane. Eit spørsmål som har blitt stilt av både moderne og antikke historikarar er kvifor det var slik. Den romerske historikaren Tacitus seier til dømes noko om dette, når han skildrar møtet mellom ein romar og ein partar under Nero sin partarkrig. Der seier han at romarane meiner at Armenia var romersk på grunn av felttoga til dei romerske generalane Lucullus og Pompeius, og gjennom dei seinare keisarane sitt slit. Partarane svara med at romarane si makt over armenarane berre var pro-forma, og at den reelle makta låg hjå den partiske storkongen (Tac. *Ann.* 15.13-14). Tacitus hevder også at armenarane hadde meir sympati for partarane enn for romarane fordi dei hadde like skikkar og låg geografisk nærmare Partia enn Roma (Tac. *Ann.* 13 34). Dio Cassius seier i si framstilling av Trajan sin partarkrig at den eigentlege grunnen til at Trajan invaderte Armenia var for å vinne ære og prestisje (Dio 68. 17.1).

Også hjå moderne forskarar har dette spørsmålet også blitt diskutert, men dei har ofte ikkje festa liten lit til dei forklaringane som dei antikke forfattarane brukte. Edward Luttwak meinar til dømes at det var viktig for romarane å ha kontroll over Armenia for å hindre partarane å plassere troppar der. Vidare seier han at dersom partarane hadde troppar i Armenia kunne dei angripe dei viktige romerske provinsane Asia og Syria (Luttwak 1976: 54). Men dette synet har blitt kritisert i nyare tid. Brian Campbell seier mellom anna at trusselen for partiske troppar i Armenia var ubetydeleg. Han meinar at det som betydde noko for romarane var å oppretthalde ein høg profil i landet for å vise dei andre romerske klientkongane i området kven som var sterkest av Roma og Partia, og for å vinne prestisje og ære (Campbell 1993: 220-221). Det vi ser her er at dei antikke forfattarane la mest vekt på prestisjen dei romerske hærførarane kunne oppnå gjennom å erobre Armenia. Dette er også viktig for mange moderne forfattarar, men dei er i tillegg opptekne av dei strategiske gevinstane ei slik erobring kunne gi.

Det har ikkje vore mykje forskning på det antikke Armenia i moderne tid, og dette kan ein sjå igjen i dei moderne forfattarane eg har brukt vidare. Litteraturen om Armenia i antikken kan delast opp i to kategoriar. Den første er av forfattarar som skriv om den romerske politikken i aust, der Armenia ofte blir nemnd, men aldri er i hovudfokus. Den andre er av forfattarar som skriv armensk nasjonalhistorie, og som ofte prøver å framheve armensk uavhengigheit og sjølvstyre, ofte på bekostning av partarane. For mi problemstilling strekk ingen av desse måtane å sjå på armensk historie til. Det som interesserer meg er samspelet mellom dei ulike aktørane og utfallet av denne samhandlinga.

Korleis skal eg svare på problemstillinga?

For å kunne svare på dette skal eg sjå på fem forskjellige konfliktar som er anten mellom romarane og armenarane, eller mellom romarane og partarane der Armenia spelar ei større eller mindre rolle. Den første konflikta er den tredje mithridatiske krigen som starta i år 75 fvt. Grunnen til at eg startar med den tredje mithridatiske krigen er at det er gjennom denne krigen at romarane for første gong kjem skikkeleg i kontakt med armenarane. Vidare skal eg sjå på Marcus Licinius Crassus sin invasjon av Partarriket i år 55 fvt. Denne hendinga er med fordi den viser klart Armenia si rolle i det storpolitiske spelet mellom Roma og Partia på denne tida. Det første analysekapittelet blir avslutta ved at eg ser på Marcus Antonius sin invasjon av kongeriket Media i Partarriket i år 36 fvt., og den seinare innblandinga hans i armensk politikk. Denne konflikten er med fordi den viser utfallet av dei vala dei armenske kongane hadde tatt fram til då. I det neste analysekapittelet skal eg først sjå på etableringa av arsakidedynastiet i Armenia og Nero sin krig i Armenia mot partarane som starta i år 58 evt. Denne hendinga er med for å belyse det diplomatiske spelet mellom dei to stormaktene og Armenia si rolle i dette spelet. Den siste konflikten eg skal sjå på er Trajan sin partarkrig som varte frå 114 til 117 evt. Denne hendinga viser samanbrotet i diplomati mellom Roma og Partia, og viser også utfallet av den utviklinga som Armenia si rolle har hatt. Til saman skal eg sjå på ei periode på 193 år, frå 75 fvt. til 118 evt. Det som er felles med alle fem konfliktene er at dei alle er viktige hendingar mellom aust og vest som gir innblikk i korleis Armenia måtte forholde seg til naboane sine.

Kjeldene eg har tenkt å bruke for å svare på denne problemstillinga er antikke greske og romerske historieforfattarar, som eg skal sjå på i lys av to teoriar. Dei er Edward Luttwak sine tankar om langsiglig romersk strategi og David C. Braund sine idéar om romerskvenlege klientkongar.

For å hjelpe leseren gjennom denne oppgåva har eg inkludert nokre hjelpe middel. I kapittel to skal vi sjå nærare på geografien, historia og styresettet til Armenia og området rundt i denne perioden. I tillegg til dette kjem eg til å bruke fleire kart og andre illustrasjoner. Eg har også med eit par vedlegg som skal hjelpe leseren med dei mange namna som blir nemnde i løpet av teksten, og for å gjere det lettare for leseren å halde styr på når dei ulike hendingane skjedde i forhold til kvarandre og til andre viktige hendingar i den antikke verda.

Kapittel 1: Sekundær litteratur, teori og kjelder

I denne delen av oppgåva skal eg sjå på sekundær litteraturen og kjeldene eg skal bruke seinare i oppgåva mi, og samt klargjere dei viktigaste teoriane eg skal ta for meg. Av teoretikarar er det først og fremst to eg skal sjå på. Den første er Edward Luttwak, som skreiv boka **The Grand Strategy of the Roman Empire** i 1976. Den andre boka er David C. Braund si bok **Rome and the Friendly King** som kom ut i 1984. Men før vi kan kome i gang med å gå gjennom teoretikarane, må vi sjå på forskinga som har blitt gjort om Armenia før.

Tidlegare forsking på Armenia

Som eg sa heilt innleiingsvis er det veldig få historikarar som har forska på det antikke Armenia. Difor vil eg måtte bruke anna litteratur, mellom anna bøker som omhandlar den romerske nærausten i sin heilskap. Eg kjem også til å sjå på litt forsking som ser på det same området, men frå partarane sitt synspunkt. Av dei forfattarane eg skal bruke seinare i oppgåva mi er det berre to som har hovudfokus på Armenia. Den første og viktigaste er M. Chahin, som med boka si **The Kingdom of Armenia** frå 1987 (den kom seinare ut i ei revidert utgåve i 2001) prøver å samanfatte historia til Armenia frå den gamle Urartu-sivilisasjonen (ca. 1300-600 fvt.) til det siste armenske kongedømet i Kilikia (ca. 1080-1375). Han kjem med mykje informasjon som eg brukar i det første analysekapittelet mitt, men er skuffande kortfatta når han snakkar om byrjinga av arsakidedynastiet i Armenia, som eg skal snakke om i det andre analysekapittelet mitt. Han seier at han prøver å halde seg unna den nasjonalistiske, moderne tankegangen som lenge har plaga armensk historieskriving, men til tross for dette er det eit problem med boka hans ved at han er veldig fiendtleg innstilt til romarane, og legg etter mi meining for stor vekt på Armenia si uavhengigheit. Men dette vil eg kome nærmare inn på når eg skal analysere Armenia si rolle i denne perioden. Den andre boka eg skal bruke er atlaset **Armenia: A Historical Atlas** som er redigert av Robert H. Hewsen. Det kom ut i 2001 i samband med at det var 1700 år sidan Armenia etter legendene skal ha blitt kristna. Denne boka kjem eg til å bruke først og fremst når eg skal klargjere den armenske geografien og geopolitiske situasjonen i nærausten i bakgrunnskapittelet mitt. Grunnen til at eg ikkje skal bruke Hewsen i analysedelen min er fordi boka hans er meir anekdotisk i den historiske framstillinga, og ikkje særleg analytisk.

Men det er ikkje berre forfattarar som tek for seg den armenske historia eg skal bruke. Eg skal også bruke forfattarar som skriv om romersk historie. Spesielt dei som skriv om den romerske politikken

i aust er viktige. Ein av dei som skriv om austlig romersk utanrikspolitikk er Fergus Millar. I 1967 gav han ut boka **The Roman Empire and its Neighbours**. Denne boka tek ikkje berre for seg dei austlege naboane til romarane, men prøver å sjå på heile det romerske imperiet. Han er innom romersk grensepolitikk i aust ved eit par høve, og har mange teoriar som liknar det Luttwak hadde seinare. Men han snakkar berre kort om dei ulike periodane og er meir forteljande enn skildrande, noko som gjer at det ofte er betre å gå til andre forfattarar for å finne informasjon om dette temaet. Ein annan forfattar som skriv romersk historie er Albino Garzetti, som i 1960 skreiv boka **From Tiberius to the Antonines: A History of the Roman Empire Ad 14-192** på italiensk. Den kom ut på engelsk i 1976. Denne boka tek for seg kvar enkelt keisar etter Augustus sin død fram til og med Commodus si regjeringsstid. Dette er eit oversiktsverk, og til tross for at boka er på over 850 sider kjem den ikkje med så veldig detaljert informasjon om dei ulike konfliktane eg skal ta for meg vidare. Han er desutan på lik linje med Millar meir forteljande enn analytisk, men spesielt delen hans om Trajan er informativ og god. Ein anna forfattar eg skal bruke er Freya Stark og hennar bok **Rome on the Euphrates** som blei gitt ut i 1966. Den tek for seg romersk historie langs grensa til elva Eufrat frå slaget ved Magnesia mellom Roma og Antiochus den Store av Seleukideriket i år 190 fvt. til Justinian si regjeringsstid i på 500-talet evt. Ho legg mykje vekt på at romarane ekspanderte i austen var for å sikre seg dei viktige handelsrutene mellom aust og vest. Det største problemet med Stark si bok er at ho stadig vekk flettar inn sine eigne reisememoarar inn i den historiske framstillinga. Sjølv om dette blir spanande lesing, gjer det at det blir vanskeligare å separere notid og fortid. Men til tross for dette har ho fleire gode teoriar om krigsføring i Armenia som kjem av at ho faktisk har reist i området og opplevd klimaet og naturen på nært hold. Eg kjem også til å bruke den franske forfattaren Maurice Sartre si bok frå 2004, **The Middle East Under Rome**. Den tek for det meste for seg områda sør for Armenia, som til dømes Syria, men er til god hjelp for å hjelpe meg i å forstå både Tigranes sitt overherredøme over Syria og Antonius sine planar i austen.

Ein forfattar som skriv meir konsentrert om eitt tema er F. A. Lepper som gav ut boka **Trajan's Parthian War** så tidlig som i 1948. Den tek for seg Trajan sin partarkrig og prøvar å få på plass gode svar på dei ulike problema som fanst i forskingslitteraturen om denne krigen på den tida. På grunn av Lepper og andre historieforfattarar på denne tida kom ein fram til ein konsensus om når Trajan starta krigen og når dei ulike hendingane skjedde. Eg kjem til å bruke Lepper ein god del i analyseringa av Trajan sin partarkrig for å prøve å få eit overblikk over kvifor han starta krigen og korleis han gjennførte den, fordi kjeldene ikkje gir eit godt nok svar. Men fordi Lepper skreiv for så mange år sidan kan eg ikkje bruke forklaringane hans ukritisk utan å sjå på andre, meir moderne

forfattarar. Ein av dei er Julian Bennett som i år 2000 gav ut boka **Trajan: Optimus Princeps**. Denne boka er ein biografi om den romerske keisaren, og har eit meir moderne syn på Trajan sin partarkrig og grunnane til at den blei starta. Bennett sine tankar er blant dei nyaste om dette temaet, og eg kjem difor til å bruke fleire av dei i analysen av Trajan sin partarkrig.

For å få synspunktet til den tredje parten, skal eg bruke nokre historiebøker som gir historia frå partarane sitt synspunkt. Den eldste av forfattarane som ser på hendingane frå partisk synspunkt er Malcolm Colledge som skreiv boka **The Parthians** i 1967. Boka hans er blant dei eldste bøkene som prøver å framstille ei fullstendig partisk historie, og nettopp på grunn av alderen er ho ikkje lenger like relevant som ho ein gong var. Likevel skal den vere med vidare for å vise tidligare tankar om Armenia si rolle for partarane. Eg kjem også til å bruke ei nyare bok, nemlig Maria Brosius si bok **The Persians** som kom ut i 2006. Som tittelen seier handlar denne boka ikkje berre om partarane, men også om dei andre persiske imperia. Ho fokuserer ikkje så mykje på konflikten mellom Roma og Partia som mellom andre Colledge gjer, og er meir opptatt av organiseringa og styringa av det partiske imperiet. Dette gjer at ho ikkje kjem med så mange nye tankar om Armenia i boka si. Forskjellen mellom dei som ser på romersk historie og dei som ser på partisk historie er at dei som skriv om partarane ofte må bruke meir tid på å forklare korleis det partiske imperiet fungerte, fordi dette framleis ikkje er fullstendig klart. Dette gjer at dei i mindre grad kan vere analytiske i forholdet mellom romarane og partarane i motsetjing til dei historikarane som skriv om austleg romersk politikk.

* * * * *

For å kunne bruke den litteraturen som finnst om Armenia i antikken best mogleg har eg valt å ta med eit teoretisk element. Dette skal eg gjere gjennom å bruke Luttwak sin teori om romersk langsiktig strategi og Braund sine tankar om den venlege kongen.

Luttwak og romersk langsiktig strategi

Edward Luttwak var ikkje antikkhistorikar i utgangspunktet, men var ueinig i måten antikkforskarar hadde handsama temaet om romerske strategiar. Han meinte at for mange av dei hadde eit clausewitzisk syn på dette temaet. Dette omgrepet kjem frå den prøyssiske generalen Carl von Clausewitz som skreiv ei bok om militærtenking etter Napoleonskrigane. Luttwak seier at dei viktigaste trekka i eit clausewitzisk syn på krigføring var krig mellom nasjonalitetar, eit klart skilje

mellom staten i krig og staten i fred, og at offensive strategiar blei føretrekte framfor defensive. Luttwak meiner at gjennom å sjå på langsiktige romerske strategiar gjennom eit meir moderne militærteoretisk lys kan ein forstå dei betre (Luttwak 1976: xi-xii).

Boka hans deler romersk langsiktig strategi inn i tre system, der alle tre systema har sine spesielle kjenneteikn som dei andre ikkje har. Systema er delte inn etter kronologi. Det første tek for seg romersk langsiktig strategi under dei julisk-claudiske keisarane, det andre tek for seg perioden frå det flaviske dynastiet til Marcus Aurelius. Det siste er eigentleg to system, sidan han først tek for seg uroa som det romerske imperiet opplevde på 200-talet evt., og deretter tek for seg dei nye ordningane som blir etablerte under keisarane Diokletian og Konstantin. Eg skal no gå gjennom dei ulike systema til Luttwak og sjå på kva han meiner var kjenneteikna ved dei.

Det julisk-claudiske systemet

Det første av Luttwak sine system varer frå principatet blir innført til Nero sin død i 68 evt. I følge Luttwak var dette systemet ei forlenging av det systemet som var i bruk i seinrepublikken (Luttwak 1976: 7). Dette systemet var karakterisert av eit hegemonisk imperium som var omkransa av lojale klientkongar og klientstammar (Luttwak 1976: 20). I dette systemet var det ingen faste grenser på imperiet og heller ikkje noko fast grenseforsvar. Legionane sin funksjon var heller å operere som mobile styrkar bak klientstatane og ta seg av fiendtlege styrkar som klarte å trenge gjennom ringen av klientar. I tillegg skulle dei sikre fred innad i imperiet og slå ned opprør (Luttwak 1976: 18). Luttwak meiner at forholdet mellom Roma og klientstaten var likt det som var mellom ein patron og ein klient i det sosiale livet i Roma. Klientsystemet var karakterisert med at det var eit ulikt forhold der den eine parten er sterkare enn den andre. I dette forholdet gav patronen belønningar (*beneficia*) til klienten i bytte mot tenester (*officia*) (Luttwak 1976: 21). Ei vanleg belønning for lojale klientkongar var å få romersk borgarskap (Luttwak 1976: 32). Klientkongane sin status for romarane var som ven av det romerske folk. (*amicus populi Romani*) (Luttwak 1976: 21).

Klientstaten sine oppgåver var å ta byrden med forsvaret av riket mot ytre fiendar, spesielt infiltrering, røving og andre angrep som Luttwak kallar låg-intensitetstrusslar. Dersom det kom ein større invasjon mot Romarriket gjennom klientkongedømet kunne klientstaten bida med eigne styrkar og slik absorbere trusselen fram til dei romerske legionane kom. Skadene som blei påført under ein slik invasjon blei påført klienten og ikkje romarane (Luttwak 1976 24-26). Militært kunne klientkongane bidra med hjelpetroppar (*auxilia*) som ofte var lett infanteri eller kavaleri. Dette var styrkar som romarane ofte mangla. Dette gjorde at hjelpetroppane i følge Luttwak ikkje berre var eit

tillegg til dei romerske styrkane, men at dei også var også utfyllande (Luttwak 1976: 24-26).

Om dei austlege delane av Romarriket, som denne oppgåva dreier seg om, seier Luttwak at klientstatane her var klar over kor svake dei var i forhold til Roma og at dei difor holdt seg lojale mot dei. Men dei tette interdynastiske relasjonane og rivalisering mellom dei ulike klientkongedøma kunne gjere dette systemet ustabilt (Luttwak 1976: 31). Luttwak seier og at dei austlege klientkongane kunne også støtte seg på partarane dersom dei var misnøgde med romarane i dette systemet (Luttwak 1976: 32). I dei austlege delane av Anatolia på Tiberius si tid seier Luttwak at der var ingen romerske styrkar der mot grensa til Armenia, fordi kongane av Pontus, Kappadokia og Kommagene tok seg av forsvaret der (Luttwak 1976: 26).

Armenia passar ikkje heilt inn i dette systemet til Luttwak. Han kallar Armenia for den einaste bufferstaten i dette systemet, og at landet var ei fysisk nøytral sone mellom Roma og Partia som kunne gi dei ein reiskap til å unngå konflikter så lenge dei ville det (Luttwak 1976: 24). Dette ser vi først og fremst under Nero sin partarkrig, som er den einaste reelle konflikten mellom romarane og partarane innanfor det julisk-claudiske systemet til Luttwak.

Det antoninske systemet

Under det neste systemet til Luttwak ser han på utviklinga i romersk grensepolitikk frå dei flaviske keisarane til Marcus Aurelius. Han meiner at den viktigaste skilnaden mellom dette og det forrige systemet er at det romerske imperiet får klarare grenser. Imperiet blir no vakta av anten naturlege grenser, som elvar, fjell og sjør, eller av vitskaplege grenser som forsvarsverka ved Rhinen og Hadrians mur (Luttwak 1976: 57-60). Eit unntak for dette er dei austlege grensene, der ein ikkje har funne nokon arkeologiske teikn til forsvarsverk i denne regionen. Luttwak forsvarar mangelen på arkeologiske kjelder til forsvarsverk i nærausten ved å seie at i dette området var det først og fremst isolerte byar og oasar som lett kunne forsvarast ein og ein (Luttwak 1976: 78). Vidare ramsar Luttwak opp fire grunnar som han meiner romarane hadde når dei tok slutningar som hadde med grensepolitikk å gjere. 1: grensa måtte ha ein strategisk transitt mellom dei kontinentale provinsane av imperiet. 2: Det nye området innanfor grensa skulle ikkje innehalde område som var vanskelege å busetje, urbanisere eller romanisere. 3: Områda som blei innlemma skulle vere skikka for busetjing. 4: Grensa skulle vere så kort som råd (Luttwak 1976: 96).

I følge Luttwak forandrar også dei romerske legionane sin funksjon seg i denne perioden. Dei gjekk frå å tene indre sikkerheit til å vere eit forsvar mot ytre fiendar (Luttwak 1976: 86). Ved grensene til

imperiet blei det konstruert forsvarsverk som no skulle ta seg av låg-intensitetstrusslar. Forsvarsverka hadde to formål meiner Luttwak. Det første var at det skulle minske talet på menn som måtte overvake grensa, medan det andre var at dei skulle vere vanskelege å kome seg forbi med kavaleristyrkar. Innanfor dei nye klarare grensene var det mobile styrkar av legionar (Luttwak 1976: 66-68).

Under dette systemet meinar Luttwak at klientsystemet delvis bryt saman, og at grenseforsvaret blei overtatt av legionstyrkar. Vidare meiner han at det berre var dei svakaste klientstatane som overlevde, fordi romarane berre kunne stole på svake klientar som ikkje var sterke nok til å utfordre Roma si makt i regionen. Han seier også at dei gjenverande klientstatane blei gjort om til bufferstatar (Luttwak 1976: 114-116). Han seier også at på grunn av færre klientstatar blei talet på legionar i den romerske nærausten dobbla frå fire til åtte, til tross for at det ikkje blei fleire legionar ellers i imperiet. Dette førte til at romarane fikk därlegare strategiske reservar (Luttwak 1976: 113-114). Under dei flaviske keisarane blei det også for første gong plassert romerske legionar i den austlige delen av Anatolia (Luttwak 1976: 107).

I dette systemet er ikkje lenger Armenia den einaste bufferstaten lenger. Mellom anna seier Luttwak at Osrhoëne, eit småkongedøme rett aust for Eufratelva, også fekk denne rolla (Luttwak 1976: 116).

Dybdeforsvar

Det tredje systemet til Luttwak var i følge han karakterisert av sjølvstendige forsvarsverk langs heile grensa med mobile styrkar i nærleiken, anten bak eller mellom festningane. Dei mobile styrkane skulle kome festningane til hjelp så sant dei heldt ut lenge no, og saman slå tilbake angriparane (Luttwak 1976: 131-132). Sidan dette systemet tek for seg ei tid som er langt utanfor tidsavgrensinga mi, skal eg ikkje gå noko nærare inn på det.

Debatten etter Luttwak

Luttwak si bok skapte ein stor debatt og har blitt brukt og kritisert mykje i løpet av dei siste 35 åra. Spesielt tanken om at romarane hadde ein langsiktig strategi har blitt mykje kritisert. Ein av dei som kritiserte Luttwak først var J. C. Mann som i 1979 skreiv ei melding av Luttwak si bok. Mann er mest kritisk til det tredje systemet til Luttwak, men eg skal kun ta for meg det han seier om dei to første. Han startar med å kritisere Luttwak for å ikkje snakke om republikken eller Aust-Romarriket. I følge Mann gjer dette at ein får inntrykk av at Romarriket hadde ein fast storleik, noko han er ueinig i (Mann 1979: 176). Når det gjeld dei to første systema til Luttwak er Mann

kritisk til den defensive tankegangen som Luttwak presanterer dei romerske strategiane på. Han meiner at det blei forventa av dei romerske keisarane i samtida at dei skulle arbeide for å utvide imperiet (Mann 1979: 177). Til slutt dreg Mann fram at det ser ut som om keisarane reagerer på invasjonar og opprør når dei skjer, heller enn å handle før dei skjer (Mann 1979: 180). Dette gir eit inntrykk for at keisarane hadde ein meir ad-hoc-framgangsmåte til strategi heller enn ein langsiktig strategi som Luttwak meinte.

Ein annan historikar som har kritisert Luttwak er historikaren Benjamin Isaac. I boka hans **The Limits of Empire** har han sett av eit heilt kapittel om romersk langsiktig strategi. Han er veldig kritisk til Luttwak sine modellar, og set mellom anna spørjeteikn ved om dei antikke romarane i det heile kunne ha forstått dei nyansane i strategi som Luttwak legg fram (Isaac 1992: 373). Isaac går så langt at han kallar Luttwak sine system anakronistiske, fordi han brukar omgrep og oppfatningar frå samtid og bakgrunnen sin, som var veldig farga av amerikansk utanrikspolitikk under den kalde krigen (Isaac 1992: 377). Isaac konkluderer med at romarane ikkje hadde nokon langsiktig strategi når det gjaldt sin eigen grensepolitikk. Vidare seier han at sikkerheita til grensene ikkje betydde noko i forhold til å sikre sine eigne interesser og for å vinne ære og rikdom. Han seier også at mange av forsvarskrigane til romarane etterkvart utvikla seg til angrepsskrigar når det blei mogleg (Isaac 1992: 416).

Den siste historikaren eg skal ta for meg under kritikken av Luttwak er historikaren Kimberly Kagan. I artikkelen **Redefining Roman Grand Strategy** startar ho med å gi skryt til Luttwak for å starte interessa for romersk langsiktig strategi innanfor akademia. Likevel meiner ho at Luttwak tek mykje feil, og at konsensusen hjå moderne antikkforskurar er at det ikkje fanst nokon langsiktig romersk strategi (Kagan 2006: 333-334). Sjølv meiner ho at det ein kan få noko ut av å sjå på romersk langsiktig strategi, om ein berre tenkjer litt nytt og bruke nye teoriar om dette (Kagan 2006: 348). Ho kritiserar det første systemet til Luttwak gjennom å peike på at dei romerske klientkongedøma verken var konstante eller effektive. Ulike keisarar behandla ulike klientkongar ulikt, og at det dermed ikkje blei noko fullstendig politikk om dei (Kagan 2006: 344). I det andre systemet er det den defensive haldninga til Luttwak ho kritiserer. Ho peikar på at det var fleire keisarar enn Trajan som starta erobringsskrigar i denne perioden. Ho kritiserer også tanken til Luttwak om naturlege og vitskaplege grenser som essensielle i dette systemet. Ho peikar både på Dacia, der Trajan innlemma store område på austsida av Donau, og festningane langs Rhinen, som ved fleire høve låg på austsida (Kagan 2006: 342-344).

Vidare seier ho at kjeldematerialet gjer det umogleg å bevise at det fanst ein langsiktig romersk strategi (Kagan 2006: 350-351). Men ho meiner at det går an å snakke om dei kortsigtinge strategiane til keisarane gjennom epigrafiske, arkeologiske og skriftlege kjelder og slik spore troppeflyttingar og observere kva dei ulike keisarane hadde av militære einingar, kvar han hadde dei og kva han brukte dei til. Dette gjer at Kagan meiner det er mest fruktbart å sjå på dei langsiktigige strategiane til kvar enkelt keisar (Kagan 2006: 354-355).

Kvifor vil eg så bruke Luttwak vidare i oppgåva mi når han har blitt kritisert så mykje som han har blitt? For det første er eg einig med Kimberly Kagan si utsegn om at ein ikkje bør sjå fullstendig vekk frå romersk langsiktig strategi, ein må berre sjå det på ein annan måte. Den måten eg kjem til å bruke Luttwak og romersk langsiktig strategi er gjennom å sjå på berre eitt lite land som romarane tydeleg hadde interesse av å kontrollere. Den andre grunnen til at eg kjem til å bruke Luttwak vidare i oppgåva mi er at han var den første som skreiv om langsiktig romersk strategi og var den som starta diskusjonen rundt temaet. Dette har gjort at alle andre som skriv om dette må ta omsyn til Luttwak sine teoriar, også meg sjølv. Ein kan skilje mellom to spørsmål som oppstår når ein skal bruke Luttwak; hadde romarane ein langsiktig strategi, og kan vi analysere handlingane deira som ein langsiktig strategi?

Braund og den venlege kongen

Den andre teoretikaren eg skal presentere i dette kapittelet er David C. Braund. I boka hans **Rome and the Friendly King** frå 1984 prøver han å kartlegge korleis ein romerskalliert konge fungerte i den romerske verda. Sjølv om boka hans kom ut for 27 år sidan meiner Kaizer og Facella at Braund si bok framleis er den viktigaste og beste boka på feltet om klientkongane si rolle i romersk utanrikspolitikk (Kaizer og Facella 2010: 42). Den venlege kongen er eit omgrep som kjem frå Braund og som eg kjem til å bruke mykje seinare i oppgåva mi. Braund seier at den venlige kongen ikkje er ein bestemt konge, men ein konstruksjon skapt for å gjere det lettare å analysere alle dei venlege kongane romarane møtte på (Braund 1984: 6). Han kallar dei venlege kongane allierte heller enn klientkongar fordi det omgrepet sjeldan blir brukt i dei antikke kjeldene om forholdet mellom Roma og kongar. Dessutan meinar han at dette omgrepet er litt misvisande, fordi ein kan legge for mykje av den klassiske patron-klient-teori-modellen i det, noko som Braund meiner ikkje alltid passar (Braund 1984: 7). Seinare kjem han med fleire omgrep som også har blitt brukte til å skildre allierte kongar. Han seier at slaveri (*servitium*) blir brukt oftare i kjeldene enn klientforhold (*clientela*), men problemet med dette omgrepet er at det ofta blir brukt av romarane sine fiendar når dei snakkar om andre klientkongar, spesielt dei som hadde blitt oppdratt i Roma. Den forma

som romarane sjølve brukte var ven og alliert konge (*rex sosiusque et amicus*) (Braund 1984: 23). Dei omgropa eg kjem til å bruke vidare i oppgåva er klient, alliert og venleg konge.

Eg kjem kun til å legge vekt på dei delane av Braund sine teoriar som er viktige og relevante for framstillinga mi. Det betyr at eg kjem til å fokusere på delane som har med dei austlege kongane langs grensa til Partarriket og deira forhold til Roma og andre kongar.

Den første av Braund sine idéar eg skal ta for meg er korleis romarane anerkjendte kongane. Dette skjedde gjennom å gi kongen tittelen *rex sosiusque et amicus* som eg nemnde tidlegare. Denne tittelen blei først gitt av senatet, men dette forandra seg under principatet når denne makta låg hjå keisaren (Braund 1984: 24 og 26). Braund meiner også at det var vanleg for fleire klientkongar å betale romarane for å bli anerkjendt av dei (Braund 1984: 26). I følge Braund var det å reise til Roma ein viktig del av det å ha eit godt forhold til romarane. Han seier at dette symboliserte at Roma aksepterte kongen og at kongen aksepterte Roma si makt (Braund 1984: 55).

Den viktigaste rolla til klientkongen som Braund presenterer i boka si for denne oppgåva er rolla hans på grensa til Romarriket. Braund startar med å seie at konsensusen når han skreiv boka var at klientstatane ikkje var bufferar og at dei heller ikkje skulle vere det (Braund 1984: 91). Men Braund er ikkje heilt einig i det. Han seier at klientstatane var på ein måte bufferar, men at rolla deira var meir kompleks enn som så. Han er einig med Luttwak i at klientkongane sine styrkar var komplementære til dei romerske styrkane og at dei var gode til å slå ned på låg-intensitetstrusslar (Braund 1984: 91-92). Braund har likevel fleire kritikkar mot buffermodellen. For det første meiner han at romarane ikkje såg på klientkongane og territoria deira som noko ein kunne sløse vekk. Romarane var nemlig også ein buffer for klientstaten. Braund seier at det romarane fekk ut av klientstatane langs grenseområda var at klientkongane kunne hindre invasjonar i å nå romersk territorium, og dersom dei hjelpte sine allierte kongar styrka dette lojaliteten til dei andre klientkongane i området (Braund 1984: 93). Men den største feilen med bufferstatsmodellen i følge Braund er at klientstatane ikkje berre heldt Roma og folk utanfor imperiet frå kvarandre, men brakte dei også saman. Vidare meinar han at hovudfeilen til tidlegare forskrarar har vore at dei ikkje såg nokon skilnad på grense (*border*) og grenseområde (*frontier*). Ei grense er noko ein finn mellom moderne statar, medan folk som bur langs grenseområde har kontaktar på begge sider. Dette ført til at fleire kongar i austen hadde relasjonar til både Roma og Partia. Mellom anna kjem vi til å sjå seinare i analysekapittela at Armenia hadde tilknytningar både til Roma og til Partia. Denne posisjonen gjorde at klientkongane i følge Braund kunne vere gode meklarar, men det gjorde også

at romarane kunne vere mistenksame mot dei. Braund nemner at dersom kongen skulle leie ein romersk hær inn i fiendtleg territorium var kongen veldig sårbar dersom noko gjekk gale i denne invasjonen (Braund 1984: 93-97). Eit døme på dette som vi vil kome tilbake til seinare er frå Marcus Antonius sin invasjon av Media i Partarriket, når armenarkongen Artavasdes skal vise vegen for Antonius sine troppar frå Armenia til Media. I motsetjing til hjå Luttwak passar Armenia heilt fint inn i dei av Braund sine teoriar som eg skal bruke vidare. Vi kjem til å sjå fleire døme på dette seinare i teksten.

Eit anna perspektiv på klientkongesystemet kjem frå Richard Fowler sin artikkel **Kings, Bigger Kings, King of Kings** frå 2010 der han tek for seg det partiske klientsystemet. Sidan Armenia ofte er innanfor den partiske sfæra i løpet av tidsrommet eg skal sjå på, skal eg heilt raskt ta for meg kva han meiner var hovudforskjellen mellom det romerske og det partiske klientsystemet. Han seier at hjå romarane kunne ikkje klientkongane gjere noko med statusen sin, og at heile systemet var organisert vertikalt. Hjå partarane derimot seier han at statusen var meir varierande. Sidan dei partiske kongane var gode opportunistar frykta dei at andre kongar også kunne vere det. Difor let dei, eller ikkje klarte å stogge, mindre kongar å vekse seg sterke. Dette førte til at det partiske klientsystemet var organisert horisontalt. Den partiske storkongen måtte i følge Fowler heile tida spele dei ulike trusselane mot sitt styre mot kvarandre, som til dømes andre familiemedlemmar, partiske adelsmenn og andre småkongar (Fowler 2010: 75-76).

* * * * *

No har eg vist til dei ulike forfattarane eg skal bruke vidare i teksten, både dei som konsentrerer seg med armensk, romersk og partisk historie. Eg har også presentert dei to teoretikarane eg skal analysere hendingane seinare etter. Det var Luttwak sine to første system i hans teoriar om romersk langsigkt strategi, der det første var karakterisert ved at det romerske imperiet var omkransa av lojale klientstatar som kunne verne riket mot låg-intensitetstrusslar og at dei romerske legionane var for det meste brukt som reserver dersom det kom ein større invasjon og for å sikre indre tryggleik i riket. I det andre systemet hans såg vi at fleire av dei lojale klientstatane blei gjort om til romerske provinsar og at grenseforsvaret no blei gjort av romerske legionar og at dei romerske grensene blei lagt til anten naturlege grenser som til dømes elver og fjell, eller at romarane bygde forsvarsverk langs grensa. Det første systemet hans var i følge Luttwak det mest effektive. Den andre teoretikaren var Braund og hans teoriar om samhandling mellom Roma og venlege kongar. Her såg

vi på hans tankar om anerkjenning av klientkongar og den venlege kongen sine moglegheiter langs grensa mellom Romarriket og Partarriket. Vi har også sett at litteraturen om Armenia i antikken er manglande, og ein difor må støtte seg på andre bøker som ofte berre tidvis omhandlar Armenia. Vidare skal eg sjå på dei ulike kjeldene eg skal bruke, og vurdere dei utifrå kva eg skal bruke dei til.

Kjelder og kjeldebruk

Dersom ein skal skrive om Armenia i antikken må ein støtte seg mest på latinske og greske kjelder som alle har blitt skrivne av romerske borgarar. Ettersom Armenia ofte var underlagt ein fiende av Roma skaper dette eit par problem når ein skal skrive historie i dag. I denne delen av oppgåva mi skal eg presentere dei ulike kjeldene eg skal bruke vidare i teksten, før eg skal sjå nærmare på eit par av problema som kan oppstå når ein brukar antikke historieverk.

Hovudkjeldene

No skal eg kome raskt inn på dei fem hovudkjeldene mine som eg skal bruke i analysedelen min. Her finn vi tre greske kjelder, Appianus og Dio Cassius (som begge også er kjende under sine latinske namn Appian og Dio) sine verk, som begge heitte *Historia Romana* og Plutark si biografisamling *Vitae Parallelae*. Frå forfattarar som skreiv på latin har eg med Tacitus sine *Annales* og Suetonius sitt verk *De Vita Caesarum*.

Appianus – *Historia Romana*

Den første forfattaren eg skal kome inn på heiter Appianus. Han var i følge Magnino født mellom 90 og 95 evt. i Alexandria og skreiv difor på gresk. Han var utdanna advokat og jobba i Roma der han døydde i år 160. Verket hans var på 24 bøker, der dei viktigaste er bøkene om dei romerske borgarkrigane. Magnino seier at Appianus sjeldan nemner kjeldene sine, men at han sannsynlegvis brukte ei kjelde per bok. Men Magnino meinar vidare at Appianus ikkje var ukritisk, og at han kan ha brukt andre kjelder for å presisere (Magnino 2002: 897-899). Den delen av Appianus sitt verk eg skal ta føre meg er først og fremstboka om dei mithridatiske krigane.

Dio Cassius – *Historia Romana*

Den neste forfattaren eg skal presentere er Dio Cassius, eller Lucius Claudius Cassius Dio Cocceianus som han eigentleg heitte. I følge Birley var Dio fødd i Bithynia rundt år 164 evt. Han kom inn i det romerske senatet under keisar Commodus og fekk fleire høge verv i den romerske staten under dei seinare keisarane. Mellom anna var han konsul, og seinare blei han pro-konsul over provinsen Afrika. I følge Birley brukte han ti år på å samle inn data til verket sitt *Historia Romana*,

(på gresk *Romaike Historia*), og brukte tolv år på å skrive det. Verket var på 80 bøker og tok for seg perioden frå Roma si grunnlegging til Dio sitt andre konsulverv i 229. Mykje av verket har gått tapt. Birley seier vidare at det er vanskeleg å seie noko om kjeldebruken til Dio, men at han er ei best kjelde til perioden etter Marcus Aurelius, sidan han levde så nært opp til hendingane han skildrar (Birley 2002: 918-922). Det som gjer Dio til ei god kjelde for mi oppgåve er at han er den einaste av hovudkjeldene mine som tek føre seg heile perioden eg skal sjå på. Men fordi han levde lenge etter at hendingane skjedde kjem eg først og fremst til å bruke han til å kome med supplerande informasjon til dei andre forfattarane og når ingen av dei andre snakkar om ei hending eg vil analysere.

Plutark – *Vitae Parallelae*

Plutark, på gresk Ploutarkhos, er den tredje historikaren eg skal legge fram. Han blei i følge Hünemörder født rundt år 45 evt. og vaks opp i byen Chaeronea i Hellas. Verket hans, *Vitae Parallelae*, er ein serie med biografiar som samanliknar greske og romerske statsmenn. I følge Hünemörder skulle det leie lesaren til eit meir dydig liv og vise døme på store menn med kritikkverdig åtferd. Når det gjeld kjeldebruken til Plutark seier Hünemörder at han har blitt kritisert for å la ein person sine handlingar bli gitt til ein annan, for å korte ned eller forlenge tidsspenn og for å bruke fantasien sin for å få samanheng og for å gi fornuftige motiv til aktørane sine. Men Hünemörder seier også at dette ikkje var ulikt dei andre antikke historieforfattarane. Hünemörder seier at Plutark supplerte dei gamle kjeldene med nyare latinske kjelder, epigrafiar, statuar og muntlige tradisjonar (Hünemörder 2002: 410-414). Grunnen til at eg skal bruke Plutark sine biografiar er fordi han ofte er meir opptatt av bakgrunnar og personlige grunnar til dei ulike hendingane, framfor berre å referere det som skjedde. Det at han ofte byttar handlingar frå ein person til ein annan er eit problem eg kjem tilbake til når eg skal analysere Crassus sin invasjon av Partarriket i kapittel 3. Av alle dei ulike biografiene hans er det kun bøkene om Lucullus, Pompeius, Crassus og Marcus Antonius eg skal bruke.

Tacitus - *Annales*

Den fjerde av hovudkjeldene mine er Cornelius Tacitus sitt verk *Annales*. I følge Flaig kom han frå Gallia og hadde ei senatorkarriere under dei flaviske keisarane (Flaig 2002: 105-106). Mørland, som har omset den utgåva eg har brukt, seier vidare at *Annales*, eller Årbøkene, tek for seg tida mellom Augustus sin død i år 14 evt. til Nero sitt sjølvord i 68. Verket innholdt opprinneleg seksten bøker, men store delar av verket har gått tapt. Mørland seier at frå bok VII til bok X har vi ingenting, og at store delar av bøkene V, XI og XVI manglar (Mørland 1988: 12-13). Flaig seier at

Tacitus nesten aldri nemner kjeldene sine, men at han må ha støtta seg på senatsarkivet og muntlege vitnemål frå fleire romerske senatorar. Han meinar også at Tacitus brukte historiografiske rapportar og memoarar. Flaig seier vidare at Tacitus ofte var veldig nøyaktig med å gjengi kjeldene sine, mellom anna med ein tale som Claudius skal ha halde og som vi seinare har funne som innskrift. Men Flaig seier til slutt at det ofte var litt vilkårleg kva han undersøkte (Flaig 2002: 105-111). Tacitus blei også kritisert i samtid si. I eit brev til Tacitus skriv Plinius den yngre at han meiner at Tacitus har overdreve det som faktisk skjedde i framstillinga si. Han seier også at historieskriving bør halde seg til sanninga fordi sanninga er nok når ein skal skildre hederlege handlingar (Plinius d.y. 7.33). For oppgåva mi er Tacitus ei god kjelde på Nero sin partarkrig, først og fremst fordi han skildrar så mange detaljar. Han kjem mellom anna med informasjon om tankegangen bak handlingane frå både romersk og partisk side.

Suetonius – *De Vita Caesarum*

Den siste antikke kjelda eg skal presentere er Gaius Suetonius Tranquillus sitt biografiske verk *De Vita Caesarum*, Om keisarane sine liv på norsk. Suetonius blei fødd rundt år 69 evt., og blei sekretær under keisar Hadrian. Denne stillinga måtte han gå frå når han blei involvert i ein skandale med keisarinne Sabina. *De Vita Caesarum* er det einaste av verka hans som har blitt overlevert i sin heilskap. Berre introduksjonen til Julius Caesar sin biografi manglar. Dette verket tek for seg tolv keisarbiografiar, frå Julius Caesar til Domitian. Robert Graves seier i innleiringa av oversetjinga si at Suetonius hadde tilgang på både det keisarlige arkivet og senatsarkivet, noko få andre antikke historikarar hadde. Vidare seier han at Suetonius sjekka faktaopplysningane sine så mykje han kunne, og at han skildra hendingane utan å vere partisk (Graves 1962: 7). Suetonius kjem ikkje til å bli brukt så ofte som kjelde seinare i analysedelen. Det er fordi han for det meste interesserer seg for det som skjer i Roma hjå keisaren sin innerste sirkel, og sjeldan er opptatt av det som skjer utanfor byen. Dette gjer at eg ikkje kjem til å bruke han så mykje om dei forskjellige krigane i aust, men når den armenske kongen Tiridates kjem til Roma for å bli krona av Nero kjem han med mykje god informasjon. Dette er fordi vi berre har Dio Cassius si skildring av hendingane, sidan Tacitus sin versjon har gått tapt, og Suetonius levde mykje tettare opp til hendinga enn Dio gjorde.

Om historieskriving i antikken

Historieforfattarane i antikken hadde ikkje same krav til sakleg kjeldekritikk som moderne historikarar har. Dette gjer at ein ikkje kan tolke dei på same måte som ein kan moderne historieverk. Johan Schreiner er inne på dei vanlegaste farane ein kan kome bort i dersom ein brukar antikke historieforfattarar som kjelder. I følge Schreiner er den viktigaste problemet med antikke

kjelder at ein berre har fått overlevert ein brøkdel av det som blei produsert av historieverk. Det betyr at det blir vanskeleg å kunne gå til kjeldene dei antikke forfattarane har brukt i sine verk. Dersom vi då har to ulike forklaringar på same hending frå to ulike forfattarar vil det vere vrient å finne ut av kva for ein av dei som er mest korrekt (Schreiner 2007: 39-40). Dette problemet kjem eg stadig vekk bort i, spesielt gjennom Dio Cassius sitt enorme historieverk, som ofte overlappa dei andre forfattarane sine bøker. Det er mogleg kjem eg til å bruke den forfattaren som levde nærest i tid til dei hendingane som blir skildra, og at eg kjem til å bruke reine historieverk framfor biografiane til Plutarch og Suetonius. Dette betyr også at Dio oftast berre blir brukt som supplement til den forfattaren som ligg nærest i tid til hendinga.

Ein annan viktig del av antikk historieskriving var i følge Schreiner at ein måtte ha med talar. Grunnen til dette var at ein ikkje berre skulle gjengi det som hadde skjedd, men også det som hadde blitt sagt. Det er sjølv sagt veldig vanskeleg å bedømme om dei ulike talane er ekte eller ikkje, men Schreiner opererer med ein skala der han set Herodot sin talar nederst, og Tacitus sin Claudius-tale øverst. Dette var fordi ein har funne att denne talen som innskripsjon (Schreiner 2007: 47). I løpet av analyseringa mi kjem eg til å kome borti eit par døme på talar som skal ha blitt framførte av armenske kongar. Eg tvilar på om dei er ordrette attgjevingar av talane til kongane, men det er ikkje så viktig for oppgåva mi, fordi eg skal for det meste sjå på hendingane frå eit romersk perspektiv. Talane er truleg meir representative for kva romarane meinte at ein armensk konge ville sagt i ein slik situasjon enn kva han eigentleg sa.

Det neste punktet Schreiner ser på er spørsmålet om kven det var som skreiv historie i antikken. I følge han var det for det meste menn frå overklassa, i romersk tid var dei ofte senatorar (Schreiner 2007: 41). Eit problem som oppstår på grunn av dette er at historieverka handlar for det meste om krigar, politikk, statar og store menn, og lite om kvinner, born, daglegliv og vanlege folk. Han seier også at det blir lagt lite vekt på hendingar utanfor Roma og Hellas (Schreiner 2007: 43). For oppgåva mi har dette ikkje så mykje å seie, sidan mesteparten av det eg skal ta føre meg handlar om kongar, krigar og store menn, som var nettopp det dei romerske forfattarane var opptekne av. Men det at forfattarane ikkje var opptekne av hendingar utanfor Roma er eit lite problem i forhold til oppgåva mi. Det vil for det meste bety at når dei romerske forfattarane skriv om Armenia er det fordi der er uro eller krig der, noko som gjer det vanskelig å seie noko om styresett og samband mellom Roma og Armenia i fredstid. Derfor skal heller ikkje denne oppgåva prøve å svare på dette.

Andre kjelder

Eg skal no gå gjennom dei andre kjeldene eg har brukt, om enn ikkje i like stor grad som dei fem forfattarane eg nettopp gikk gjennom. I neste kapittel har eg brukt to geografar for å få informasjon om den geopolitiske situasjonen rundt Armenia i denne perioden. Den eg har brukt mest av dei to er den greske geografen Strabon og verket hans *Geografika*. Den andre geografen er romaren Plinius den eldre, som skreiv *Naturalis Historia*. Eg har valgt å ikkje bruke deira historiske framstillingar av hendingane dei skildrar fordi deira historiske framstillingar er meir anekdotiske og er dermed ikkje av så stor verdi. Eg har også vore innom den greske militærhistorikaren Arrian og den militære handboka hans *Techne Taktike*, som tek for seg skildringar om kva armenske troppar brukte som våpen og korleis dei slåst.

Heilt til slutt skal eg sjå på dei kjeldene eg ikkje har brukt. Den viktigaste av dei er Moses av Khorene si bok *Hayots Patmut'yn*, som på norsk heiter Armenisk Historie. Den tek for seg historia til armenarane frå dei tidlegaste tider til det femte århundre. Eg trudde og håpte på at denne kjelda ville vere til god hjelp til å svare på problemstillinga mi, men etter kvart som eg las fann eg ut at den har fleire store problem i forhold til perioden eg skal ta for meg. For det første skriv han fleire hundre år etter at hendingane har skjedd. Josef Rist meiner at han skreiv rundt 700-talet evt (Rist 2002: 233), noko som vil plassere han 600 år etter den siste hendinga eg tek for meg i denne oppgåva. For det andre kjem han ofte med feil informasjon. Han gjer ofte Armenia si rolle mykje større enn den eigentlig var, ofte på bekostning av partarane. Ei anna kjelde som har blitt mykje brukt av tidlegare historieforfattarar er studiet av romerske, armenske og partiske myntar, det som blir kalla numismatikk. Eg har valt å sjå heilt vekk frå dette feltet fordi historieverka vil vere betre skikka til å svare på problemstillinga mi, fordi myntar sjeldan fortel så grundig om samhandling som eit historieverk kan gjere.

Det at alle kjeldene mine er romerske kan vere eit problem for resten av teksten min. Eg kan ikkje gjere noko med dette, og dette er eit problem som alle som skriv om armensk historie i antikken må forhalde seg til. Romarane arva også den greske tanken om den austlege barbaren, og både partarane og armenarane blei sett på som nettopp barbarar av romarane. Dette farga sjølvsagt den måten dei blir framstilte på i romersk historieskriving. Armenarane er også ofte fiendar av romarane når dei blir omtalte i historieskrivinga, noko som også gjer at ein må vere ekstra kritisk til kjeldene når dei skriv negative ting om deira austlege naboor.

* * * * *

No som eg har presentert dei ulike teoriane, kjeldene og sekundær litteraturen eg skal bruke vidare i oppgåva mi, er det på tide å setje scena til den seinare analysen gjennom å sjå på den geografiske og politiske bakgrunnen for Armenia i antikken.

Kapittel 2: Armenia i antikken

I dette kapittelet skal eg prøve å gi ein bakgrunn for dei vidare analysane eg skal gjere i dei neste kapittela. Eg skal ta for meg den geografiske bakgrunnen til Armenia og området rundt, samt sjå på landskapet og klimaet i Armenia. Vidare skal eg gå gjennom mykje av den lange historia til Armenia, frå det gamle kongeriket Urartu fram til delinga av landet mellom romarane og persarane. Til slutt skal eg sjå på nokre sentrale punkt i organiseringa av riket, som til dømes kongemakt, militær organisering og administrasjonen av landet.

Dei persiske rika

Eg vil starte dette bakgrunnskapittelet med å definere dei fire ulike persarrika som fanst i antikken. Akamenideriket er det første av dei fire, og det blei grunnlagt av Kyros den Store som regjerte frå 559 til 530 fvt. og hadde provinsen Persis som hovudsete. Akamenideriket blir rekna som det første verdsimperiet. På sitt største strekte riket seg frå Indusdalen i aust til Bosporos i vest. Den persiske ekspansjonen blir først stogga når dei prøver å erobre Hellas. Akamenideriket går under når Alexander den Store erostrar heile imperiet, og den siste akamenidekongen Dareios III dør i 330 fvt. Akamenideriket er ikkje så viktig for oppgåva mi, sidan det går under 250 år før perioden eg skal ta føre meg byrjar. Likevel har eg vald å nemne det, fordi det er viktig for å forstå dei seinare persarrika.

Det andre store imperiet som har utgangspunkt i Persia er Seleukideriket. Det oppstod etter Alexander den Store sin død når generalane hans delte opp erobringane hans. Den som fekk kontroll over Iran var Seleukos, som mellom 312 og 301 fvt la under seg store delar av dei gamle akamenideområda. Under seleukidane blir gresk kultur introdusert i dette området, men organiseringa blei den same som under forgjengarane deira. Det blei også grunnlagt fleire greske bystatar her, som til dømes Seleukia ved Tigris. Seleukidane hadde store problem både i vest, der dei er i konstant krig med dei andre hellenistiske kongedøma som det ptolemaiske og seinare også med romarane når dei kom på banen der. I aust riv provinsen Partia seg fri og dannar etter kvart det tredje persarriket, Partarriket. Seleukidane mistar meir og meir makt til dei to framveksande imperia Romarriket og Partarriket og den siste seleukidekongen dør i 64 fvt. Seleukidane spelar ikkje ei særleg stor rolle i denne oppgåva, men det er samanbrotet til Seleukideriket som gjer at Armenia får sjølvstende og handlekraft. Det er ikkje så vanleg å omtale Seleukideriket som eit persarrike, til dømes utelet Maria Brosius dei i boka si **The Persians**. Dette er fordi mange historikarar ser på seleukidane som nokon herskarar over Syria. Men eg har likevel valt å ta det med fordi dei herska

over Persia og Mesopotamia i 200 år og hadde hovudstaden sin i Seleukia-ved Tigris, før dei blei slått vestover av partarane.

Det tredje persarriket eg skal gå inn på er som nemnt Partarriket. Eg kjem til å gå gjennom den historiske utviklinga til dette riket seinare i oppgåva, så eg kjem ikkje til å snakke så mykje om dei her. Partarane herska på sitt største over eit område som strekte seg frå elva Eufrat i vest til Baktria i aust. Dei var arvefienden til det romerske keisarriket, som aldri klarte å erobre partarane sjølv om dei prøvde mange gongar. Det var til slutt eit anna iransk kongerike som tok over; sassanidane. Dette skjer i 224 evt når den persiske kongen Ardashir I slår den siste partarkongen Artabanus IV i eit slag.

Sassanidane var dei siste som styrte over eit persisk imperium i antikken. Dei var meir ekspansive enn det partarane var, og hadde som mål å gjenerobre alle dei gamle akamenideområda frå romerane. Dette fører til mykje krigføring mellom dei to imperia, noko som gjer at ingen av dei er i stand til å stå imot arabarane når dei invaderer på 600-talet. Den siste persarkongen dør i 651, og med det går det siste Persarriket under.

Eit fellestrekk gjennom historia til alle dei fire persarrika er oppdelinga av satrap. Ein satrap var ein guvernør i ein provins, eller satrap, i Akamenideriket. Denne ordninga blei også brukt av alle dei seinare persarrika. Satrapen hadde som oppgåve å administrere satrapiet, samle inn skattar til storkongen, halde oversyn over handel og samle inn militære styrkar både for storkongen og for å slå ned på opprør. Han var vanlegvis eit medlem av kongefamilien (Brosius 2006: 47-48). Under Partarriket og Sassanideriket blei mange av dei tidlegare satrapia omgjorde til kongerikee underlagde anten den partiske eller den persiske storkongen. Dei fleste satrapia i perioden eg skal ta for meg i denne oppgåva var dei som styrte dei kongelige residensbyane (Brosius 2006: 113 og 179-181).

Geografi

Grunnen til at eg har valt så mykje geografisk materiale er for å kunne setje lesaren inn i eit komplekst system av kongerike, provinsar og landområde, som alle ofte er i alliansar med og mot kvarandre. Ved å forklare litt om kvart av dei ulike landa i denne delen håper eg at det blir lettare å følge med når eg skal analysere dei ulike aktørane og motiva deira. Sjå kart 1 for å få eit overblikk over dei ulike landa, og kvar dei låg i forhold til kvarandre.

Armenia Maior var det namnet romarane gav det antikke kongeriket Armenia, og det erikkje det same som det mindre kongeriket og seinare provinsen Armenia Minor. I denne oppgåva kjem eg frå no av til å omtale Armenia Maior som Armenia. Dersom eg snakkar om Armenia Minor kjem eg til å kalle det nettopp det. Armenia grensa i vest til elva Eufrat, dei romerskvenlege klientkongedøma og seinare provinsane Kommagene og Kappadokia. I aust låg det partiskstyrte kongedømet Media Atropatene, medan i nord låg dei tre småkongedøma Albania, Colkhis og Hiberia. I sør låg det partiske imperiet (Isaac 1992:10). Strabon skildrar Armenia i ganske stor detalj i sitt geografiske verk. Han seier at Armenia er dominert av mange fjell og dalane mellom desse. Dei nordlegaste provinsane i Armenia, som Strabon kallar Chorzene og Cambysesene og som grensar til Kaukasusfjella, Iberia og Colkhis, er plaga av store snømengder om vinteren (Str. 11.14.4). I følge moderne geografar som Coene er i dag landskapet på det armenske høglandet dominert av vulkanske fjellstepper, krattskog og enger. I dei vestlige og sørlige delane av regionen finnst det steinørkenar. I sør er det også skogar (Coene 2010:18).

Klimaet på det armenske høglandet i dag er kontinentalsk, med varme somrar og kalde vintrar. Det regnar i gjennomsnitt 300-800 mm i året (Coene 2010: 16). Rundt Ararat er det enorme skilnader på vinter- og sommartemparaturane. Om vinteren kan temperaturen kome heilt ned i -30 grader Celsius, medan den om sommaren kan stige heilt opp i 40 grader. Dette området er også veldig tørt, det regnar berre 200-250 mm i året, noko som er det minste for heile Kaukasusregionen (Coene 2010: 16-17). Av naturlege farar som blir nemnde i Coene si bok er oversvømming det største problemet i Armenia i dag, men også jordskjelv og tørke kan forekome (Coene 2010: 25-26). Freya Stark, som sjølv har reist i området, fortel at det er umogleg å føre krig i fire til fem månader av året i dei vestlege delane av Armenia. Denne informasjonen får ho gjennom dei meir moderne krigane som har foregått i dette området, mellom anna mellom russarane og det osmanske riket før og under den første verdskrigen (Stark 1966: 178).

Dei to viktigaste byane var ifølge Strabon Artaxata, og Arxata. Strabon seier at Artaxata blei grunnlagt av Hannibal Kartageren (Str. 11.14.6), men dette er tvilsamt. Sannsynlegvis er det berre ei legende. Begge byane ligg ved elva Araxes. Artaxata er den kongelege residensen og den viktigaste byen av dei to (Str. 11.14.6). Hanniballegenda er likevel interessant, fordi den knyttar den armenske hovudstaden til ein av Romarriket sine største fiendar nokonsinne. I følge Hewsen sitt atlas **Armenia: A Historical Atlas** var Artaxata verna på tre av fire sider av elva, medan den siste var beskytta av ei vollgrav og palisadar. Det var den største byen i heile Kaukasus, og var ein handelshovudstad. Han seier også at det var den einaste byen i Armenia med eit hellenistisk preg,

og med det einaste permanente teateret i landet. Her budde også andre etniske grupper, som til dømes jødar, syrarar og grekarar (Hewsen 2001: 62). Ein annan by som blir viktig etter Strabon si tid er Tigranocerta som også blir ein kongeleg residensby (Isaac 1992:10). Det var vanleg at dei litt større antikke kongerika hadde meir enn ein hovudstad, ein som blei brukt om vinteren og ein til sommarbruk. Dette gjorde det også lettare for kongen å halde oversikt over riket sitt og han blei meir tilgjengeleg for undersåttane sine.

Strabon nemner også fleire elver som renn gjennom Armenia. Mange av dei har sitt utspring i Kaukasusfjella og har laga dei djupe dalane i landet. To av elvane, Phasis og Lucys, renn ut i Svartehavet, medan elvane Cyrus og Araxes renn ut i det Kaspiske hav. Dei siste to av dei store elvane som renn gjennom Armenia er Eufrat og Tigris, som renn ut i Persiabukta, som Strabon feilaktig kallar Raudehavet (Str. 11.14.7). Av fjell er det først og fremst verdt å nemne Ararat, som ligg i dagens Tyrkia og er eit sårt tema for både Tyrkia og Armenia i dag. Av sjør kan ein nemne Sevan, Van og Urmia, der Urmia er den største (Hewsen 2001: 17).



(Kart 1: Dette kartet er henta frå http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_East_50-en.svg den 3.5.2011, og viser det armenske kongedømet og nabolanda rundt år 50 evt.)

I følge Hewsen gjekk det fleire antikke kommunikasjonsvegar gjennom Armenia, og tre av dei viktigaste gjekk alle gjennom Artaxata. Ein kobla saman dei romerske og partisk/persiske imperia, og gjekk frå Salata via Artaxata til Ecbatana i Media. Den andre gjekk mellom Svartehavskysten og Partia/Persia. Ruta var Phasis – Artaxata – Ecbatana. Den tredje og siste kobla saman Hiberia med

Mesopotamia, og gjekk frå Harmastika til Artaxata via Tigranocerta og enda opp i Nisibis (Hewsen 2001: 65).

Eg skal no heilt kort gå gjennom dei ulike nabolanda til Armenia for å prøve å gi eit betre bilet på området Armenia låg i samt den geopolitiske situasjonen. Sjå kart 1 for resten av denne delen. Som eg sa tidlegare var det to land som heitte Armenia i antikken, Armenia Maior som er det som vanlegvis blir brukt om Armenia i dag, og Armenia Minor. Armenia Minor hadde eigne kongar i tida etter Alexander den Store, men seinare blei dei gitt kongar av romarane. I 72 evt blei det inkorporert i den romerske provinsen Kappadokia. Landet blei verande i romerske/byzantiske hender i dei neste tusen åra. Armenia Maior og Armenia Minor blei aldri inkorporert i det same kongeriket, sjølv ikkje under Tigranes den Store, fordi Tigranes sin svigerfar og allierte Mithridates av Pontus hadde tatt kontroll over landet. Etter dei Mithridatiske krigane blei den viktigaste byen i landet Nikopolis, grunnlagt av Pompeius Magnus nettopp for å markere sigeren hans over Mithridates (Hewsen 2001: 37).

Sofene låg sør for Armenia og var det andre armenske landet i Anatolia. I følge Strabon var dei av og til vener med armenerane, av og til ikkje (Str. 11.14.2). Hovudstaden heitte Carcathiocerta (Str. 12.3.28). I følge Hewsen blei Sofene eit sjølvstendig kongerike i 190 fvt. Under Tigranes den Store si regjeringstid blei landet inkorporert inn i Armenia. Det blei eit romersk klientkongedøme under Corbulo, men gjekk tilbake til Armenia under fredsavtalane i 63 evt (Hewsen 2001: 37).

Media Atropatene låg sør-aust for Armenia, og vest for kongeriket Media. Strabon seier at namnet Atropatene kjem frå den første kongen deira, Atropates, som hindra makedonarane å ta over landet. Kongerekka hans gifta seg inn i både det armenske og det syriske dynastiet, og etterkvart også i det partiske. Landet var militært sterkt og var til ulike tider alliert med både armenarane, partarane og romarane, men førte også krig mot dei. Dei to hovudstadane i landet heitte Gazaca og Vera. Vera var eit anna namn på byen Praaspa, som stod imot kringsetjinga frå Marcus Antonius då han invaderte landet (Str. 11.13.1-3).

Kolchis låg nord for Armenia i Kaukasusfjella, og grensa til Svartehavet, Hiberia og Armenia. Strabon meiner at dei var eksperter innanfor tømmerhogst og skipsbygging, og at dei produserte mykje lin, hamp og voks (Str. 11.2.17). Kolchis var først eit uavhengig kongerike, men blei så okkupert av Mithridates av Pontus og styrt av ein av guvernørane hans. På Strabon si tid blei Kolchis styrt av dronning Pythodoris som tok over etter Mithridates sitt fall (Str. 11.2.18). Kolkhis

var også viktig i dei greske mytene om Prometheus og om Jason og det gylne skinnet. Landet blei fragmentert ei stund etter Pompeius sitt felttog i Kaukasus, og blei så slått i hop saman med Pontus til ein romersk provins i 64 evt (Hewsen 2001: 38).

I likskap med Kolchis låg Hiberia i Kaukasusfjella og grensa til Armenia, Kolchis og Albania. I dag ligg den moderne staten Georgia om lag der Iberia låg i antikken. Hiberia og Kolchis blir av enkelte omtalte som dei georgiske kongedøma. I følge Coene blei Hiberia ein klientstat til romarane etter dei mithridatiske krigane, men gjorde opprør i kaoset etter Julius Caesar sin død (Coene 2010: 104). Dei fekk eit arsakidedynasti som var vassal under romarane. Hovudstaden i landet heitte Mestkheta. Dei var ofte fiendtleg innstilte til armenarane, og klarte ved eit høve å setje ein hiberisk prins på den armenske trona (Hewsen 2001: 38).

Kongeriket Albania grensa i vest til Hiberia, i aust til det Kaspiske havet, i sør til Armenia og i nord til Kaukasusfjella. Albania låg om lag der Azerbadjan ligg i dag. Strabon seier at dei er meir nomadiske enn nabolanda, utan å vere like krigshissige som nomadar brukar å vere. Likevel peikar Strabon på at dei kan stille ein større hær enn hiberarane, og at dei gjekk til krig mot Pompeius under det austlege felttoget hans (Str. 11.4.1-5). I følge Coene lente Albania seg meir til Partia enn dei andre statane i Kaukasus, og at dei også fekk eit arsakidedynasti som varte heilt fram til 510 evt (Coene 2010: 104). Hewsen seier at landet hadde meir venlege relasjonar med armenarane enn det hiberarane hadde, og at dei hadde vore vassalar under kong Tigranes den Store. Dei var eit klientkongedøme under romarane ein periode frå Nero til Hadrian (Hewsen 2001: 40).

Kappadokia låg som tidlegare sagt vest for Armenia, og i følge Strabon var grensa mellom dei to landa Eufrat-elva (Str. 11. 12. 3). Kappadokia var delt i to satrapí under akamenidane då makedonarane tok over. Dei gjorde den eine delen, som i Strabon kallar Stor-Kappadokia, til eit kongerike, medan den andre delen, som Strabon kallar Pontus, heldt fram å vere eit satrapí. Stor-Kappadokia blei til den romerske provinsen Kappadokia i 17 evt etter at kong Archelaüs døydde og testamenterte kongeriket sitt til Roma (Str. 12.1.4). Både Fergus Millar og Benjamin Isaac meiner at grunnen til at Kappadokia blei gjort til ein romersk provins under keisar Vespasian var for å gjere det lettare å drive krigføring i Armenia (Millar 1967: 116 og Isaac 1990: 41).

Kommagene var eit lite land som låg sør for Kappadokia og vest for Armenia. Hovudstaden heitte Samosata. Under Strabon hadde landet blitt til ein romersk provins. (Str. 16.2.3) I følge Hewsen var innbyggjarane i landet av syrisk avstamming, og dei tente mykje på fortolling av aust-vest-handelen

og dei rike jerngruvene sine (Hewsen 2001: 42).

Osrhoëne var i følge Hewsen eit arabisk kongerike som låg sørvest for Armenia. Det blei grunnlagt rundt 132-131 fvt. Hovudstaden var Edessa. Det var eit partisk klientkongedøme (Hewsen 2001: 44).

Gordyene er eit kongerike som låg sør for Armenia, i det som i dag ligg i dagens Kurdistan i det nordlege Irak, og som ein veit veldig lite om. I likskap med Osrhoëne oppstod det i samanheng med at Seleukideriket gjekk under. Dei var allierte med Tigranes den Store, men blei ein del av Armenia under keisar Hadrian. Dette varte heilt fram til persarane annekterte landet rundt 363 evt (Hewsen 2001: 44).

Historisk oversikt

Eg skal starte den historiske gjennomgangen med perioden då det mektige Assyrarriket har gått under og fleire nye imperium kjempar om dei gamle assyrarområda. Dei som kjem sigrande ut av denne kampen er akamenidane frå Persia som eg nemnde innleiingsvis. Under kong Dareios I (522-486 fvt) blir det store riket delt opp i 20 satrap, der Armenia blir nemnd som det 13. (Chahin 2001: 183). Armenia blir så ei tid styrt av satrapar. Embetet blir etter kvart arveleg, og rundt år 336 fvt forkastar Orontes II satrapittelen og gjer seg til konge over Armenia. Dette startar orontidedynastiet i Armenia, som varer fram til Antiochus den Store (223-187 fvt) av Seleukideriket (Chahin :188). Orontidane var formelt satrapar under seleukidane, men kalla seg sjølve kongar. I følge Chahin hadde seleukidane ein svak kontroll over Armenia (Chahin 2001: 190).

Orontidedynastiet går under i 200 fvt og Armenia blir delt i to delar, Armenia Maior og Armenia Minor (sjå over). Begge blir kontrollerte av ein *strategos* under kontroll av Antiochus den Store. Men når han blir slått av romerane i 188 fvt nyttar strategen Artashes høvet til å gjere seg sjølv til konge over Armenia Maior og startar dermed artaxidedynastiet. Sonen hans, Artavasdes I, er den første armenarkongen som kjem i kontakt med partarane. På denne tida kjem også romarane for fullt på banen i Midtausten. Difor skal eg ta ei lita pause frå den armenske historia og sjå litt på korleis romarane og partarane hadde kome til området.

Partia var opprinnelig eit satrap i Akamenideriket og seinare i Seleukideriket og låg søraust for det Kaspiske havet. Arsakidedynastiet som herska over Partarriket blei grunnlagt av Arsakes som frigjorde Partia frå seleukidane og blei krona til konge over Partia i 247 fvt. Under kongane

Mithridates I (171-139/8 fvt) og Mithridates II (124/3-88/7 fvt) erobrar partarane Seleukideriket fram til elva Eufrat. Partarriket strekte seg då frå Eufrat i vest til Baktria i aust. Riket hadde som mange andre austlege kongedøme fleire hovudstadar, spesielt i provinsane Partia og Mesopotamia. Av alle hovudstadane var Ktesifon i Mesopotamia den viktigaste, og det var også den byen romarane såg på som den partiske hovudstaden. Innad i riket var det mange mindre kongedøme som aksepterte partarkongen som Kongenes Konge. Det var framleis satrap i riket, som til dømes i Media og Mesopotamia, men som under seleukidane blei denne ordninga mindre vanleg. Media blei seinare til eit eige kongedøme under den partiske storkongen.

Roma byrja som ein bystat i Latium i Italia, men klarte gjennom krig og diplomati først å legge under seg dei andre latinske bystatane, før dei erobra heile Sør-Italia. Etter kvart kom dei i konflikt med punarane, som hadde sin hovudstad Kartago i Nord-Afrika og som hadde kontroll den sørlege delen av Sicilia og Sardinia. Dei hadde også kontroll over store delar av Spania. Etter tre krigar mot punarane blir Kartago til slutt brent i år 146 fvt, og romarane står då igjen som udiskutable herskarar over det vestlege Middelhavet. I den austlege delen av Middelhavet blir det antigoniske dynastiet i Makedonia knust og Makedonia blir til ein romersk provins i 149 fvt. I Midtausten kjem romarane på banen etter at dei slår seleukidekongen Antiochos i 188 fvt og dei begynte å blande seg inn i politikken i området (Meyer 2002: 271-272).

No som alle aktørane har blitt introduserte kjem eg til å sjå på dei tre aktørane samtidig framover. Eg kjem spesielt til å legge vekt på konfliktar mellom dei, men også på omveltingar som skjer innan dei forskjellige aktørane, som til dømes sassanidane si overtaking av Partarriket og innføringa og etableringa av keisardømet i Roma. Eg startar der eg slutta med alle tre aktørane, nemlig rundt 100 fvt. Romarane og partarane er på frammarsj frå vest og frå aust, og Armenia er styrt av den mektigaste kongen dei nokon gong har hatt, Tigranes den Store (140-55 fvt). Tigranes sin svigerfar er den mektige kongen av Pontus, Mithridates (134-63 fvt), og dei er allierte i den tredje og siste krigen Mithridates fører mot romarane (75-63 fvt). Tigranes har no erobra store delar av Syria, men romarane, først under leiing av Lucius Lucullus (117-57/56 fvt) og seinare Pompeius Magnus (106-48 fvt), slår både han og Mithridates. Tigranes får fred med Pompeius og får halde fram å vere konge i Armenia, men må gi frå seg alle dei erobra områda. Sidan denne konflikten er den første mellom romarane og armenarane, er det den første eg skal analysere.

Under Tigranes sin etterkomar Artavasdes (55-33 fvt) er det igjen ufred i regionen. Første gong i 54 fvt når den romerske triumviren Crassus (ca. 115-53 fvt) prøvar å erobre Partarriket for å endeleg

vinne ære på same måte som sine to kollegaer, Julius Caesar (100-44 fvt) og Pompeius. Men invasjonen endar i eit enormt nederlag ettersom Crassus ikkje høyrer på kong Artavasdes sitt råd om å angripe Partarriket gjennom Armenia, men i staden går rett over Eufrat. Den romerske hæren blir massakrert og Crassus drepen i slaget ved Carrhae i år 53 fvt. Dette skal vi sjå nærmare på i kapittel 3. Partarane nyttar høvet til å alliere seg med armenarane og røve den rike romerske provinsen Syria. Crassus sin død, saman med fleire andre hendingar, fører til at dei to gjenverande triumvirane Caesar og Pompeius brakar saman i ein borgarkrig, som Caesar til slutt kjem sigrande ut av i år 45 fvt. Caesar gjer så seg sjølv til diktator på livstid, noko som får dei republikanske kreftene i den romerske eliten til å myrde Caesar i år 44 fvt.

Men den gamle romerske republikken ser ikkje lenger levedyktig ut, sidan tre av Caesar sine arvtakarar, Marcus Lepidus (88/89-13/12 fvt), Octavianus (63 fvt-14 evt) og Marcus Antonius (83-30 fvt), lagar eit nytt triumvirat og deler Romarriket mellom seg. Marcus Antonius får kontroll over den austlege delen og prøver å invadere Partarriket gjennom Armenia. Antonius får hjelp frå den armenske kongen Artavasdes, men armenarkongen forlet han under felttoget, og romarane må gi opp. Antonius tek seinare Artavasdes til fange og set inn sonen sin som konge over Armenia. Dette kjem til å avslutte min analyse av Armenia under artaxidedynastiet, som er tema for kapittel 3.

Ein ny borgarkrig mellom triumvirar i Roma, denne gongen mellom Marcus Antonius og Octavianus, endar til slutt med at Antonius og dronning Cleoptra av Egypt taper i slaget ved Actium i 31 fvt. Octavianus innfører så keisardømet i Roma. Han får ærestittelen Augustus og klarer gjennom diplomati å få tilbake dei tapte legionsørnene etter Crassus og Antonius sine felttog frå partarane. Både Partia og Armenia plagast med dynastiske problem på denne tida. Dei romerske keisarane prøver å dra nytte av dette ved å setje inn fleire kongar, både over Partia og Armenia, men ingen av dei varer særleg lenge. I 54 evt. bryt det igjen ut ein krig mellom romarane og partarane som eg skal analysere i kapittel 4. Krigen startar fordi partarkongen Vologaeses I (51-80 evt) set inn bror sin Tiridates (regjerte frå 63 evt) som konge over Armenia. Keisar Nero (54-68) sender sin beste general Corbulo og ettersom krigslukka stadig skifter i denne krigen, kjem ein fram til eit kompromiss. Partarane får bestemme kven som blir konge i Armenia, men han må bli godkjent av den romerske keisaren. Tiridates reiser så til Roma i år 66 evt. der han blir krona av Nero. Dette etablerer arsakidedynastiet i Armenia, som varer heilt fram til år 428.

Men Nero er ikkje keisar så mykje lenger, og med han går det juli-claudiske-dynastiet av Roma under. Nero tek sjølvord i år 68 og ein ny borgarkrig tek til. Generalen Vespasian (69-79) endar

opp som sigerherre, og under han og sønene hans, Titus (79-81) og Domitian (81-96), som vi kallar det flaviske dynastiet, blir mange tidlegare klientkongedøme omgjort til romerske provinsar under kontroll av ein romersk guvernør. Etter at Domitian blir myrda i år 96 etablerer romarane eit system med adoptivkeisarar, der keisaren vel ut etterfølgar sin meir etter om han passar enn pga. av arv. Under dei flaviske keisarane og tidleg under adoptivkeisarane er Partarriket mindre viktig, og romarane let dei få ha sine dynastiske problem i fred. Det tek slutt mot slutten av den andre adoptivkeisaren si regjeringstid. Trajan (98-117) invaderer Armenia og Partarriket i 114. I starten har han stor suksess. Han gjer Armenia, Mesopotamia og Assyria om til romerske provinsar og tek den partiske hovudstaden Ktesifon. Men dårlig helse og eit partisk motangrep gjer at han må trekke seg ut av dei erobra områda før han døyr i Antioch i 117. Trajan sin etterkomar Hadrian (117-138) gir opp alle dei erobra områda aust for Eufrat. Igjen får partarane lov å ha sine dynastiske problem i fred. Dette er den siste konflikten eg skal analysere i denne oppgåva.

Det er fred mellom romarane og partarane heilt fram til år 162 når partarkongen Vologaeses IV (III) invaderer Armenia. Lucius Verus (161-169), som var medkeisar til Marcus Aurelius (161-180) jagar først partarane ut av Armenia, før han plyndrar Ktesifon. Når Marcus Aurelius sin biologiske son Commodus (180-192) tek over som keisar er den lange stabiliteten som adoptivkeisarsystemet hadde innført forbi. Etter ein ny borgarkrig kjem Severus (193-211) til makta og startar det severiske dynastiet. Sonen hans Caracalla (209-217) startar ein ny partarkrig, der Ktesifon blir plyndra igjen.

Etter at det severiske dynastiet går under i år 217 er det Romarriket som er plaga av store dynastiske problem. 200-talet er ei mørketid for heile det romerske imperium, der generalar langs grensene samlar i tur og orden sine legionar og marsjerer mot Roma for å gjere seg til keisar. Også partarane får store problem på denne tida. Eit opprør i provinsen Persis i dagens Iran leia av Ardashir (224-239/40) veks seg så stort at det endar med nederlag for partarkongen Artabanus IV (ca. 216-224), og han blir drept. Dermed går Partarriket under, men arsakidedynastiet i Armenia varer i 200 år til. Armenia blir ein bastion for dei arsakidestøtta kongedøma i kampen mot persisk overtaking i over 30 år, før den armenske kongen Chosroes I (217-252) blir myrda av ein agent utsend av persarkongen Shapur (239-270/3?) (Chahin 2001: 217-218).

Sonen til Chosroes, Tiridates III (287-330), blir sett inn som armensk konge av keisar Diokletian i 287. Tiridates III innførte kristendomen til landet i anten år 301 eller 314 (Chahin 2001: 220), og allierte seg med Konstantin den Store (306-337) av Romarriket. Konstantin gjorde kristendomen

lovleg i Romerriket i 313, medan i Persia blir zoroastrismen stadig meir dominerande i politikken. På grunn av dei religiøse likskapane med romarane blir Armenia meir romerskvenleg.

Etter dette mistar Armenia sakte men sikkert maktstilling si i Anatolia. Ei rekke med mindre gode kongar endar til slutt med kong Arshak IV (395-401), som klarer å få både romarane og persarane mot seg. Dei går til åtak på landet, og deler det i to. Den største delen blir persisk, medan den minste delen går inn i det romerske imperiet. I 428 dør Artashes III, den siste arsakidekongen av Armenia. Persarane set så inn guvernørar til å styre i den persiske delen av Armenia. Og slik avsluttar eg den historiske framstillinga til Armenia og området rundt.

Armenia mellom 75 fvt til 118 evt

Til slutt i dette kapittelet skal eg ta for meg korleis Armenia blei styrt i den perioden eg skal ta føre meg vidare i analysekapittela, nemleg åra mellom 75 fvt og 118 evt. Eg kjem til å gå inn på økonomi, administrering av riket og militær og politisk organisering.

Økonomien til det antikke Armenia baserte seg for det meste på jordbruk og gruvedrift. I følge Isaac var dei djupe elvedalane i landet veldig fruktbare på grunn av det gode vulkanske jordsmonnet (Isaac 1992:10). Chahin seier det blei dyrka kveite, bygg, hirse, sesam, rug og lin (Chahin 2001: 44). Hewsen seier at på steppene i Armenia blei det dyrka grønsaker, medan det i dalane blei dyrka frukttrær i dei lågare områda, og plantar til dyrefør høgare oppe (Hewsen 2001: 18). Av husdyrhald nemner Chahin geit, sau, fe og hestehald (Chahin 2001: 44). Spesielt hestehald var viktig, og i følge Strabon var provinsen Orchistene kjent for å leve mykje kavaleri til hæren (Str. 11.14.4). Av mineralressursar fanst det gull, sølv, bly, jern, kopar og tinn (Chahin 2001: 54). Strabon nemner noko han kallar sandyx, som var ein malm som inneholdt arsenikk og difor ga ein lys raudfarge på metallet (Str. 11.14.9). Som eg nemnde tidligare var Artaxata eit handelssentrum, og ein kan difor forestille seg at staten fekk ein del inntekter gjennom toll og avgifter frå denne handelen. I det store og det heile ser Armenia ut til å ha vore eit rikt og attraktivt område, med mange varer som det var vanskeleg å få tak i andre stader i regionen. Dette gav grunnlag for handel med Mesopotamia og Syria.

Det armenske militæret var organisert etter iranske modellar, altså med eit sterkt fokus på kavaleristyrkar. Det var adelen si oppgåve å stille som ryttarar. Dei brukte tung rustning på både seg sjølve og hestane sine, og var armerte med lanse, sverd, pil og boge. Vanlege borgarar stilte i hæren som infanteri til støtte for kavaleriet. Dei var i følge Hewsen inndelte i forskjellige einingar alt etter

kva slags våpen dei brukte. Det armenske infanteriet brukte sverd, spyd, sablar, økser, kastespyd, pil og bøge og klubber. Mange brukte også skjold for å forsvare seg (Hewsen 2001: 48). Den romerske historikaren Flavius Arrianus skreiv at armenarane brukte både slyngekastarar og bogeskyttarar til hest (Arr. *Tac.* 4 og Arr. *Tac.* 44). I følge Hewsen skapte armenarane fire militære provinsar for å kunne demme opp for åtak frå sør og frå nord. Dei blei kalla Vitaxates. Dei låg ved grensa til Hiberia, ved grensa til Mesopotamia, ved grensa til Syria og ved grensa til Media (Hewsen 2001: 43).

Kongen i Armenia hadde visse likskapstrekk som ein konge i europeisk mellomalder, altså ein foydalherre med vassalar som i bytte mot vern måtte gi militærstøtte når kongen ønskte det. Etter at arsakidedynastiet får kontrollen over Armenia aksepterte adelen i følge Hewsen kun at ein arsakide sat på trona (Hewsen 2001: 43). Vi har ikkje så mykje informasjon om dette temaet frå kjeldene, men Dio Cassius nemner under si framstilling av Marcus Antonius si innblanding i Armenia at når den rette armenske kongen Artavasdes blir tatt til fange av Antonius vel den armenske hæren Artaxes, ein av sønene til Artavasdes, som ny konge over Armenia (Dio 49.40).

Vi får eit innblikk i den politiske organiseringa og administrasjonen av Armenia gjennom Plinius den Eldre. Han kallar provinsane i Armenia for *strategi*, eit gresk uttrykk som seluekidane brukte for ein guvernør, styrt av ein *strategos*. Vidare seier Plinius at det var 120 provinsar i Armenia. (Pli. *Nat. Hist.* 6.10) I følge Hewsen sitt atlas kan det vere at Plinius meinte den opprinnelige forma for *strategos*, nemlig at det betyr general. Han meiner det er mogleg å sjå det slik fordi det kan samsvare med kor mykje kavaleri dei ulike guvernørane kunne avsjå til den armenske hæren (Hewsen 2001: 43). Hewsen seier vidare at strategane, som han også kallar for prinsar, hadde stor grad av sjølvstyre innanfor sine provinsar. Han hevder at dei kunne kreve inn sine eigne skattar, lage sine eigne lover og sjølv velje om dei ville gå til krig. Han seier vidare at dei var veldig rike, og at dei såg på den armenske kongen berre som ein fyrste blant likemenn (Hewsen 2001: 43).

* * * * *

No er spelebrettet sett opp, spelarane har sett seg til rette og det heile er klart til å starte. No spørst det berre om spelarane vil følge spelereglane, eller om nokon kjem til å jukse. Dette skal vi sjå nærmare på no.

Kapittel 3: Armenia under artaxidedynastiet

I dette kapittelet skal eg sjå nærmere på og analysere tre konfliktar, anten mellom Romarriket og Armenia eller mellom romarane og Partarriket, som alle skjer medan artaxidedynastiet regjerar i Armenia. Alle tek for seg ei endring i forholdet mellom Armenia og dei to store imperia. Den første tek for seg slutten av stormaktsperioda til Armenia mellom år 75 og 63 fvt, når Tigranes den Store sitt imperium strekte seg over store delar av nærausten, men som så blei tapt til romarane i etterkant av den tredje mithridatiske krigen. Den andre hendinga eg skal ta for meg skjer i år 53 fvt. Den er eit slags mellomspel mellom den første og den tredje konflikten i dette kapittelet, og tek for seg Crassus sin mislukka invasjon av Partarriket. Den tredje og siste krigen eg skal ta for meg er Marcus Antonius sitt angrep på Partarriket og den etterfølgande konflikten han får med Armenia mellom 37 og 33 fvt.

Frå regional stormakt til romersk klient

-Armenia under dei mithridatiske krigane


Den første av dei tre konfliktane eg skal sjå på er den tredje mithridatiske krigen, då romarane for første gong kom skikkeleg i kontakt med armenarane. Men før eg kan begynne å analysere dei ulike handlingane i denne krigen, må eg sjå kort sjå på dei to tidlegare krigane som romarane førte mot kong Mithridates av Pontus.



(Bilete 2: Byste av Mithridates VI Eupator. Henta frå http://en.wikipedia.org/wiki/File:Mithridates_VI_Louvre.jpg den 1.5.2011.)

Den første mithridatiske krigen

I følge Appianus var bakgrunnen for den første mithridatiske krigen ei konflikt om kongerika Kappadokia og Bithynia. Mithridates Eupator sin far, som også heitte Mithridates, hadde invadert Kappadokia, og romarane var mistruiske til at Mithridates Eupator (sjå biletet 2) skulle samle opp eit sterkt imperium (App. *Mith.* 10). Kongen som romarane innstalerer i Bithynia, Nicomedes, plyndrar Pontus i 88 fvt, noko som får Mithridates til å reagere (App. *Mith.* 11). Mithridates tek tilbake Kappadokia (sjå kart 2) og dermed erklærer romarane krig mot Mithridates (App. *Mith.* 16-17). Men det er ikkje berre Mithridates sin ekspansjon som får romarane til å reagere. I følge Appianus ga Mithridates ordre om at alle romarar og italienarar i imperiet hans skulle bli massakrerte (App. *Mith.* 4.22).



(Kart 2: Dette kartet er henta frå <http://en.wikipedia.org/wiki/File:PonticKingdom.png> den 1.5.2011, og viser det pontiske kongeriket under Mithridates Eupator. Dei mørkaste lilla områda er kongeriket før Mithridates blir konge, det lilla området er erobringa hans før den første Mithridatiske krigen og dei rosa områda er erobringa hans i løpet av krigen. I grønt ser vi Tigranes den Store sitt rike.)

Romarane slit i byrjinga, og blir slått i fleire slag. I 87 fvt allierer Aten og fleire andre greske bystatar seg med Mithridates (App. *Mith.* 28-29). Men når den romerske generalen Sulla tek kontroll over dei romerske styrkane blir Aten kringsett og storma, og etter tapa i slaga ved Chaerona og ved Orchomenus i 86 fvt ber Mithridates om fred. For romarane blei denne krigen avslutta prematurt, fordi Sulla måtte tilbake til Italia og ordne opp i borgarkrigen mot Marius og Cinna.

I fredsavtalet seier Sulla at Mithridates må gi frå seg heile flåten sin til romarane, frigjere alle fangar, romerske generalar, ambassadørar, og at han må sende heim alle rømte slavar, fangar og dessertørar og til slutt at han må rive ned alle festningane sine utanfor Pontus. Til slutt seier Sulla at han må trekke seg tilbake til Pontus og at han må betale krigskostnadane som romarane måtte ut med (App. *Mith.* 55). Etter kvart går Mithridates med på dette, og i år 85 fvt. blir det blir fred mellom Roma og Mithridates (App. *Mith.* 58).

Den andre mithridatiske krigen

Den andre mithridatiske krigen er ikkje så lang og valdsam som den første eller den tredje, og blir initiert av den romerske generalen Murena i år 83 fvt (App. *Mith.* 64). I følge Appianus hadde Murena eit ønske om å få ein triumf og går til åtak på Mithridates. I 82 fvt appelerer Mithridates til det romerske senatet, men dei får ikkje Murena til å stogge angrepa sine (App. *Mith.* 65). Då går Mithridates til åtak på Murena og slår han (App. *Mith.* 65). Det er til slutt Sulla som i år 81 fvt får i stand ein ny fred, fordi Mithridates ikkje hadde brote fredsavtalet etter den første mithridatiske krigen (App. *Mith.* 66).

Hendingsforløpet i den tredje mithridatiske krigen

No som vi har sett kort på kva som skjedde under dei to foregåande krigane mellom Roma og Mithridates, kan vi endelig få sjå nærare på den tredje og lengstvarande krigen mellom romarane og deira austlege fiendar. Det er her Armenia blir involvert i konflikten, og kong Tigranes av Armenia (bilete 4) spelar ei stor rolle i hendingane som skjer under denne krigen, fordi han er svigersonen til Mithridates av Pontus. Bakgrunnen for den tredje mithridatiske krigen var nok eingong Kappadokia. I 78 fvt prøver Mithridates å få det romerske senatet til å skrive under ein avtale om korleis han skulle gi tilbake Kappadokia til den romersk-insette kongen Ariobarzanes. Men sidan Sulla døyr på denne tida, og han var Mithridates si kontakt i Roma, blir ikkje utsendingane frå Mithridates tekne imot av senatet. Dette får Mithridates til å overtale svigersonen sin Tigranes av Armenia til å invadere Kappadokia, og Tigranes tek i følge Appianus 300 000 menneske med seg tilbake til Armenia og grunnlegg byen Tigranocerta (App. *Mith.* 67). Tre år seinare startar den romerske guvernøren av Spania, Sertorius eit opprør mot romarane. Han allierer seg med Mithridates, og saman startar dei den tredje mithridatiske krigen (App. *Mith.* 68).

Mithridates startar med å innvadere Bithynia, som nettopp hadde blitt ein romersk provins etter at den tidlegare kongen døydde og testamenterte kongeriket sitt til romarane. Den romerske


guvernøren blir jaga ut av provinsen, og Bithynia går inn i Mithridates sitt imperium (App. *Mith.* 71). Den første generalen som romarane sender austover for å nedkjempe Mithridates er Lucius Lucullus. Mithridates står først i mot kringsetjinga av byen Cyzicus, men må så trekke seg tilbake. I 71 fvt blir det på ny eit slag mellom Lucullus og Mithridates. Romarane vinn og Mithridates må søke tilflukt hjå Tigranes (App. *Mith.* 81-82).



(Kart 3: Dette kartet er henta fra http://en.wikipedia.org/wiki/File:Armenian_Empire.png den 1.5.2011, og viser Tigranes den Store sitt rike på sitt største rett før den tredje Mithridatiske krigen.)

Dette fører til at Armenia for alvor kjem med i krigen. Tigranes var på denne tida ikkje berre herskar over Armenia og områda rundt, men var også konge over dei gamle seleukideområda i Syria (sjå kart 3). På grunn av dette tok han den gamle akamenide- og seleukidetittelen Kongenes Konge (App. *Syr.* 48-49). I 68 fvt forlangar Lucullus at Tigranes overgir Mithridates til romarane, og når Tigranes nektar går Lucullus inn i Armenia med legionane sine og kringset den nye armenske hovudstaden Tigranocerta (App. *Mith.* 83-84). Tigranes går til åtak på Lucullus, sjølv om Mithridates i følge Appianus rådde han til å heller angripe dei romerske forsyningslinjene. Tigranes sin hær blir fullstendig knust og Tigranocerta blir plyndra av romarane (App. *Mith.* 85-86). Tigranes og Mithridates må då samle saman ein ny hær, som skulle bli leia av Mithridates, ettersom han blei sett på som den mest erfarne generalen av dei to. I følge Appianus blei nesten heile den armenske befolkninga innrullerte i hæren deira. Men det kjem ikkje til større slag i løpet av året, og dei to kongane trekk seg tilbake til sine respektive heimland (App. *Mith.* 87-88). Året etter sigrar

Mithridates over dei romerske generalane Fabius og Triarius, som Lucullus hadde sett der for å verne Pontus i tilfelle Mithridates kom tilbake. På same tid blir Lucullus tilbakekalla av det romerske senatet. Dei anklaga han får å dra ut krigen unødvendig og beordra han til å sende vekk alle soldatane sine (App. *Mith.* 89-90).



(Bilete 3: Byste av Pompeius Magnus. Henta fra <http://en.wikipedia.org/wiki/File:Hw-pompey.jpg> den 1.5.2011.)

Den romerske kommandoen blir då gitt til Pompeius Magnus (Bilete 3), som først erostrar alle piratane som hadde vakse seg sterke på plyndring av romerske skip under uroligheitene som kom etter dei mithridatiske krigane (App. *Mith.* 94). Den raske sigeren hans over piratane gjer at den romerske folkeforsamlinga gir han ekstra-ordinær makt til å føre krig mot Mithridates. I tillegg får han makt over alle romerske styrkar utanfor Italia, rett til å starte og avslutte krigar og til å avgjere om andre nasjonar og folk skal vere venner eller fiendar av Roma (App. *Mith.* 97). I år 66 fvt klarar Pompeius å slå Mithridates i slag, og Mithridates må igjen flykte. Når han prøver å kome seg inn i Armenia blir han angrepen av lokale krigarar, og må flykte vidare til Kolkhis og Skytia. I følge Appianus var Mithridates sin plan å ta tilbake kongeriket Bosporos, som sonen hans no styrte, før han skulle invadere Romarriket i Europa medan dei var opptekne i Asia (App. *Mith.* 101). Dio Cassius gir ei litt anna forklaring på kvifor Mithradates ikkje får kome inn i Armenia. I følge Dio er

Tigranes blitt mistruisk mot Mithridates på grunn av at sonen hans (sjå seinare) hadde gått til opprør mot han, og Tigranes mistenkte Mithradates, som var bestefaren hans, for å stå bak opprøret (Dio. 36. 50). Pompeius følger etter han til han kjem til Kolkhis, der han gir opp jakta. Han slår kongane av Hiberia og Albania før han set kurs mot Armenia for å hemne at Tigranes hadde vore alliert med Mithridates (App. *Mith.* 103-104).



(Bilete 4: Mynt som viser den armenske kongen Tigranes den Store. Dette biletet er henta fra http://en.wikipedia.org/wiki/File:Tigran_Mets.jpg den 1.5.2011.)

I mellomtida har det i følge Dio vore ein krig mellom armenarane og partarane. Partarane blei overtalde til å invadere Armenia av Tigranes sin son, som også heitte Tigranes. Han var den einaste gjenlevande sonen av dei tre som Tigranes den eldre hadde fått med Mithridates si dotter, og han hadde prøvd å styre faren sin. Men når dette ikkje gjekk måtte han flykte til partarkongen Phraates III. Då vinteren kom, trakk partarane seg tilbake og let Tigranes den yngre vere igjen med ein liten hær. Tigranes den eldre slår han og Tigranes den yngre rømmer vidare til Pompeius (Dio. 36. 51). I følge Appianus blei han råda til det av partarkongen Phraates, som i følge Appianus hadde i sinne å bli ven med romarane (App. *Mith.* 104). Men det blir ikkje fleire slag mellom romrarar og armenarar i denne krigen, for i 66 fvt er Tigranes lei av krig, og kjem til Pompeius som ein auddmjuk og slagen mann. Tigranes kjem til Pompeius for å la han ordne disputten om Armenia mellom Tigranes den eldre og sonen hans og for å rette ei klage mot sonen sin. Etter at han har betalt store pengesummar til Pompeius og soldatane hans, blir han tilgitt for dei tidlegare krigshandlingane. Han får halde fram å vere konge over Armenia, men må gi frå seg dei erobra områda i Syria og Kilikia. Tigranes den yngre blir i følge Appianus konge over Sofene og Gordyene, og når faren hans dør, også over resten av Armenia. Men Tigranes den yngre er ikkje nøgd med denne inndelinga, og prøver å drepe far sin, noko som får Pompeius til å legge han i jern. Vidare seier Appianus at han

også hadde prøvd å få partarane til å gå til krig mot Pompeius, noko som gjorde at han blei framvist under Pompeius sin triumf, og at han seinare døydde i romersk fangenskap (App. *Mith.* 104-105). Dio gir ei litt annleis framstilling av denne fredsavtalen. I hans historie får Tigranes den yngre berre regjere over Sofene, og vi hører ikkje noko om at han blir utpeika til å bli den neste kongen av Armenia når Tigranes den eldre døyr. Dio seier også at etter at Tigranes den eldre gir Pompeius alle dei forsyningane og pengane han måtte ønske, innrullerer han Tigranes som ein ven og alliert med Roma (Dio. 36. 53.).

No trur Pompeius at krigen mot Mithridates er ferdig, og han grunnlegg ein by i Armenia Minor på den staden der han slo Mithridates. Han kallar byen Nicopolis (App. *Mith.* 105). Vidare i 64 og 63 fvt går Pompeius til krig mot fleire kongar i Midtausten, mellom andre kongane av Kommagene, av Media og den jødiske kongen Aristobulus. Han får heile Syria under romersk kontroll og løyser formelt opp Seleukideriket. Når Tigranes og Phraates går til krig mot kvarandre, og begge to ber om romersk hjelp, vel Pompeius å ikkje blande seg direkte inn, men sender meklarar for å ordne ein fredsavtale mellom dei (App. *Mith.* 106).

Mithridates på si side nektar å gi opp, og når omsider Krimhalvøya, der han startar å planlegge ein ny krig mot romarane. Men det bryt ut store opprør i dei delane av imperiet han framleis kontrollerer. Når også hæren hans nektar å gå med på den nye krigsplanen hans, som gjekk ut på å invadere Italia gjennom Gallia med gallisk hjelp, tek han livet sitt (App. *Mith.* 107-111). Når romarane hører dette blir det halde festivalar for å feire at ein stor fiende endeleg har blitt slått. Pompeius let likevel Mithridates bli gravlagd i byen Sinope i Pontus, der forfedrene hans hadde blitt gravlagde. I følge Appianus var grunnen til at Pompeius gjorde dette at han beundra Mithridates og såg på han som den største av alle kongane i verda på denne tida (App. *Mith.* 113).

Og med det var den tredje mithridatiske krigen over. Romarriket var no utan tvil den sterkeste makta i nærausten og hadde herredøme over heile Middelhavet, med unntak av Egypt. Romarane hadde også fått kontroll over Syria heilt til elva Eufrat, og hadde gjort fleire kongar til klientkongar, samt gjort fleire gamle kongerike om til romerske provinsar. Storheitstida til Armenia var over, og framover måtte dei armenske kongane meir og meir lene seg på anten den romerske keisaren eller den partiske storkongen.

Analyse av den tredje mithridatiske krigen

Dette var altså slik dei ulike kjeldene skildra hendingsforløpet i den tredje mithridatiske krigen. Først skal eg sjå på kva kjeldene seier om kvifor denne krigen braut ut. Etter det skal eg sjå på korleis armenarane blei med i krigen og korleis det blei fred mellom romarane og armenarane. Men først altså kvifor den tredje mithridatiske krigen starta. I følge Appianus meinte Mithridates at romarane ikkje hadde halde lovnadane sine etter den første mithridatiske krigen, og at dei berre venta på ei lagleg stund til å bryte den igjen (App. *Mith.* 70). Ein annan mogleg grunn for at Mithridates starta krigen kan vere at han såg ei moglegheit til å dra nytte av den nye romerske borgarkrigen som oppstår når Sertorius gjer opprør i Spania. Eit anna viktig poeng frå romarane si side er konkurransen mellom dei ulike romerske generalane. Plutark seier at Lucullus ville bli kommandør over dei romerske styrkane fortast mogleg, fordi han frykta at Pompeius vil bli det så snart han er ferdig med krigføringa i Spania mot Sertorius (Plut. *Luc.* 5. 1-2). Dette gjer at Lucullus gjer alt han kan for å bli guvernør over provinsen Kilikia, som ville gi han eit godt utgangspunkt for å føre krig i Asia (Plut. *Luc.* 6. 1). Det kan virke som om begge partar ser på denne krigen som ustoppelig, og ein ser tydelig at begge partar er misnøgde med dei fredsavtalane som har blitt inngått og at dei ikkje stoler på kvarandre.

Alle dei antikke forfattarane er einige om at hovudgrunnen til at romarane gjekk til krig mot Tigranes var fordi han nekta å overgi Mithridates til dei og slik ende krigen. Plutark meiner at Lucullus helst hadde tenkt å unngå å angripe Tigranes. Planen hans var å la Mithridates få omgruppere og kome på offensiven mot romarane igjen heller enn å angripe Pontus og slik drive Mithridates til Tigranes, og dermed tvinge Armenia med i krigen (Plut. *Luc.* 14.5-6). I følge Plutark planla Tigranes å angripe Lucullus før krigen hadde starta. Lucullus eller Plutark lurer då på kvifor han ventar så lenge, når det hadde vore betre å angripe romarane når Mithridates også var sterkt, og ikkje vente til han hadde blitt slåt. (Plut. *Luc.* 23. 7). Ei anna mogleg forklaring på romarane sin vilje til å angripe Tigranes kan vere for å hemne Tigranes sin invasjon av Kappadokia, som Appianus nemner (App. *Mith.* 67).

I forskningslitteraturen har Armenia si rolle i denne konflikten blitt tolka annleis. Freya Stark meinar til dømes at Tigranes aldri ville gått til krig mot romarane hadde dei ikkje gått til angrep på han. Ho argumenterer for dette synspunktet gjennom å vise til at Tigranes overga seg så fort han hadde moglegheit til det (Stark 1966: 83). I følge Maurice Sartre var det to grunnar til at romarane invaderte Armenia. Den første var at Tigranes hadde nekta å gi opp Mithradates til romarane. Den andre var at Tigranes ikkje hadde gjort noko med piratane som var allierte med Mithridates og som

heldt til ved Syriakysten. Sartre meinar at grunnen til at han ikkje kunne gjere noko med piratane var fordi han ikkje hadde ei flåte (Sartre 2005: 29). Vidare meiner Sartre at det at Tigranes hadde okkupert Syria ikkje var viktig for at romarane gjekk til krig mot han. Dette fordi romarane ikkje var venleg innstilte mot seleukidane. (Sartre 2005: 29)

For Armenia sin del blir dei dratt inn i krigen litt mot si vilje. Tigranes følte seg sannsynlegvis forplikta til å verne Mithridates mot romarane, sidan Mithridates var svigerfaren til Tigranes. Plutark seier at når Lucullus forlangar at Tigranes skal gi opp Mithradates svarar Tigranes nei. Han seier vidare at han vil forsvere seg dersom romarane angrip. Tonen mellom Lucullus og Tigranes er ganske røff under forhandlingane, når først Lucullus ikkje kallar Tigranes kongenes konge, og Tigranes svarar med å utelate imperator-tittelen til Lucullus i svaret sitt (Plut. *Luc.* 21. 7). Men det er tydeleg at Tigranes lærer av denne hendinga, for etter at Pompeius har drive Mithridates på flukt igjen nektar Tigranes han i å kome til Armenia. I følge Plutark går han så langt at han utlyser ein dusør på 100 talentar til den som fangar Mithridates og bringer han til seg (Plut. *Pomp.* 32.9).

Gjennom Cicero får vi ein mogleg grunn til at så mange andre folkeslag kom for å hjelpe Tigranes mot romarane. Han seier at dei var redde for at romarane ville innvadere dei også etter at armenarane hadde blitt slått. Denne redsla kom i følge Cicero frå at romarane aldri hadde gitt utrykk for eit ønske om å invadere Armenia. Cicero seier også at det gjekk eit rykte i områda rundt Armenia at romarane var ute etter å plyndre eit heilagt og rikt tempel i Armenia (Cic. *Man.* IX, 23).

Kvífor blir det fred i følge dei ulike forfattarane? I følge både Appianus og Dio blir det aldri skikkelig fred mellom romarane og Mithridates, ettersom krigen er over først etter at Mithridates er død. Men mellom romarane og armenarane blir det ein fredsavtale. I følge Appianus blei det fred fordi Tigranes den eldre underkastar seg Pompeius fullstendig, og fordi han betalar Pompeius og hæren hans pengar (App. *Mith.* 104). Dio Cassius seier også at grunnen til at Tigranes den eldre får halde på kongeriket sitt og får fred med romarane er fordi han underkastar seg den romerske generalen. Pompeius får også mykje pengar av Tigranes den eldre, og Dio nemner at han får meir enn det som var avtalt, av både pengar og forsyningar (Dio. 36. 52-53). Plutark kjem med ein liten tilleggsinformasjon, nemlig at Tigranes overgir seg til Pompeius fordi han har fått vite at han var mildare enn det Lucullus var (Plut. *Pomp.* 33. 2).

Kva blir så konsekvensane av denne freden mellom Pompeius og Tigranes? For Tigranes sin del får han halde på kongeriket sitt sjølv om han har blitt slått i krig. Dessutan blir han kvitt ein potensiell

rival når Pompeius arresterer Tigranes den yngre. Under fredsavtalen mellom Tigranes og Pompeius ser vi også eit mogleg døme på korleis romarane anerkjente kongar som allierte seg med Roma, og korleis ein konge kunne bruke rikdommen sin på å sikre seg Roma sin venskap. Som vi såg i kapittel 1 meiner David Braund at det ikkje var uvanleg for kongar å betale romerske senatorar og generalar for å bli anerkjent som ein rettmessig konge (Braund 1984: 26). Den enorme pengegåva som Tigranes gir Pompeius kan dermed sjåast på som eit forsøk på å sikre seg Roma sin venskap og anerekjenning gjennom Pompeius. Gjennom dei utvida fullmaktene sine kunne Pompeius avgjere Tigranes si skjebne utan å rådføre seg med senatet først. Når til slutt Pompeius kallar Tigranes for ein ven og alliert av Roma, det som Braund kallar for *rex sosiusque et amicus* på latin, blir Tigranes formelt sett ein alliert med Romarriket. Chahin derimot meiner at Tigranes ikkje blei ein romersk klient, men at han heller gav Pompeius stikkpengar for at han ikkje skulle føre krig mot han (Chahin 2001: 205). Her må eg seie meg mest einig med Braund, først og fremst på grunn av korleis kjeldene omhandlar Armenia seinare, spesielt i dei hendingane eg skal ta føre meg vidare i kapittelet. Dette kjem til uthyrkk allereie før Pompeius reiser tilbake til Roma. I kjelden nemner Plutark nemleg to hendingar som støttar opp om Braund sin teori. Den første er at når partarkongen Phraates angrip Tigranes etter at han har blitt ein alliert, sender Pompeius troppar for å hjelpe han (Plut. *Pomp.* 36. 2). Den andre hendinga er at både armenarane og partarane ber Pompeius om å ordne den territorielle disputten dei har hatt. Pompeius sender då både meklarar og dommarar (Plut. *Pomp.* 39. 3). Det Pompeius får ut av fredsavtalen er veldig mykje pengar, som han kunne bruke vidare i den politiske karriera si. Han kunne også bruke dette som eit argument for at han ikkje gjorde samme feila som Lucullus hadde blitt anklaga for å gjere, nemlig å vere krigshissig. Romarriket på si side får slutta fred med ein potensielt mektig fiende og var nok glade for at konflikten med Mithridates var over utan nokon lause trådar.

Eit anna interessant aspekt ved denne konflikten er partarane si rolle. Partarane hadde vore i konflikt med Tigranes før romarane kom inn i området, og hadde nok fleire grunnar til å ville ta hemn over den armenske kongen. Her har vi eit stort problem sidan vi ikkje har nokon kjelder som viser hendingane frå partarane sine synspunkt, så dette får bli meir eit tankeeksperiment med moglege grunnar til partarane si innblanding i konflikten. Partarkongen Phraates handlar så mykje direkte i her, men mest gjennom ein agent, nemlig Tigranes den yngre. Etter det eg ser kan det vere at Phraates ser ei moglegheit til å fjerne ein mektig fiende frå den armenske trona, og bytte han ut med ein venleg konge som stod i gjeld til han. Det at han gir Tigranes den yngre lov til å kontakte Pompeius kan vere eit ønske frå Phraates si side om å etablere venlege kontaktar med romarane. Ein kan også sjå på dette som eit forsøk på å konkurrere med romarane om innflytelse i

Armenia. Når Tigranes den yngre ikkje klarer å erobre faren sin, prøvar kanskje Phraates å sikre seg at den armenske herskaren ikkje lenger skal vere fiendtleg mot han ved å bruke romarane til å plassere Tigranes den yngre på den armenske trona.

Eit siste alternativt synspunkt i denne konflikten er rolla til Tigranes den yngre. Eg meiner at ein kan sjå at han prøver å bruke faren sitt militære nederlag til å ta over som konge. Først prøver han å få hjelp frå partarane, men når dei ikkje kan hjelpe han meir, går han over til romarane. Han prøver så å hjelpe romarane i å ta Artaxata, men planane hans går i vasken når Tigranes den eldre overgir seg med ein gong. Sannsynlegvis hadde Tigranes den yngre forventa at faren skulle angripe romarane igjen og tape, slik han gjorde første gongen, noko om kunne ha ført til at han sjølv kunne bli sett inn som romerskstøtta konge over Armenia.

Å sjå på dei mithridatiske krigane utifrå Luttwak sin teori om langsiktig romersk strategi kan med det første verke litt underleg, sidan han tek for seg dei langsiktige strategiane frå romersk keisartid, og ikkje frå seinrepublikken. Men som Luttwak sjølv seier er det første av dei tre sistema hans berre ei forlenging og vidareføring av dei romerske strategiane frå seinrepublikken (Luttwak 1976: 7). Eg meiner at ein kan sjå på dei tre mithridatiske krigane som ledd i etableringa av det Luttwak kallar det julisk-claudiske system i austen. I etterkant av den tredje mithridatiske krigen ser vi ei fullstendig reorganisering av nærausten, der romarane etablerer fleire venlege kongar eller klientherskarar langs grenseområda mot Partarriket.

Delkonklusjon

I denne konflikten ser vi at Tigranes forandrar rolle etterkvart som krigen utviklar seg. I byrjinga er han ein passiv tilskodar som ikkje ser ut til å bry seg nemneverdig om at svigerfaren Mithridates lid fleire tap mot Lucullus og dei romerske legionane. Men når krigen kjem til hans eiga dør gjennom Mithridates si flukt blir han sjølv ein aktiv deltakar i konflikten, sjølv om vi såg tidlegare at han antakeleg framleis er ganske motvillig til å bli innvolvert. Tigranes ser ut til å bli med i krigen først og fremst for å verje landet sitt og på grunn av dynastiske tilkoplingar. Når krigføring ikkje kjem han eller Armenia til nytte, skiftar han taktikk og ber Pompeius om fred. Gjennom dette får han ein ny mektig alliert som erstatning for Mithridates, og som kan hjelpe han å halde på dei austlege områda sine som er under trussel frå det partiske riket, om ikkje militært så kanskje diplomatisk.

Vi kan sjå at i denne hendinga går Armenia frå å vere ei regional stormakt og ein potensiell arvtakar til seleukidane i området til å bli ein laus klient av Romarriket. Vi ser også at når romarane kjem på

banen i denne regionen blir spelereglane forandra, ettersom dei tek over som stormakt i området. Tigranes er til slutt i stand til å lære seg dei nye reglane, og klarer dermed å ta vare på eit visst sjølvstende for landet sitt.

Skiftande alliansar

-Armenia si rolle under Crassus sin invasjon av Partarriket

No skal eg sjå litt vidare på ei hending som først og fremst vedkjem relasjonen mellom Romarriket og Partarriket, nemleg den romerske triumviren Crassus (bilete 5) sin mislukka invasjon av Partarriket i år 54 fvt. Eg har valt å fokusere litt på denne hendinga sjølv om Armenia ikkje spelar ei særlig stor rolle i konflikten, litt for å vise korleis fredsavtalen etter den tredje Mithridatiske krigen påvirka armenarkongen Artavasdes (bilete 7), etterfølgaren til Tigranes, men mest for å kunne gi fleire forklaringar til det som skjer seinare under Marcus Antonius si innblanding i Midtausten og Kaukasus.



(Bilete 5: Byste av den romerske statsmannen og triumvire Marcus Crassus. Dette biletet er henta frå http://en.wikipedia.org/wiki/File:Marcus_Licinius_Crassus_Louvre.jpg den 1.5.2011.)

Hendingsforløp

Bakgrunnen for krigen var det første romerske triumviratet, der dei tre mektigaste mennene i Roma, Julius Caesar, Pompeius Magnus og Marcus Crassus, allierte seg og delte opp makta seg imellom. Caesar fekk støtte til å føre gallarkrigen sin, Pompeius skulle fullfære erobringa av Spania, medan Crassus skulle bli guvernør over Syria (Dio 39. 33). Dio Cassius skriv at når Crassus kjem fram til Syria er han med ein gong på utkikk etter ein rask måte å få pengar og ære på. Men vel framme finn

han ut at det ikkje er mogleg der, fordi folket der hadde blitt pasifisert av Pompeius eit par år tidlegare. Han startar difor ein militærkampanje mot partarane i staden. Dette var til tross for at han verken hadde nokon skikkeleg grunn til å gå til krig mot dei, og eller hadde fått lov av det romerske senatet til å føre ein krig mot dei (Dio. 40 12. 1). Crassus startar med å invadere Mesopotamia og har rimeleg suksess i byrjinga, men fordi han gir partarane tid til å mobilisere styrkane sine ved å reise tilbake til Syria for å overvinstre der mistar han den fordelen han kunne ha oppnådd ved å angripe utan varsel (Dio. 40 12-13).

Partarkongen Orodes sender utsendingar til Crassus for å finne ut av kvifor han går til krig mot partarane, men Crassus svarar med at han skal gi kongen svar i Seleukia (Plut. *Crass.* 18. 1-2). Kjeldene eg skal bruke i denne hendinga er ueinige om kva rolle Armenia spelte i denne konflikten. I følge Plutark kjem armenarkongen Artavasdes saman med 6000 kavaleristar for å hjelpe Crassus i invasjonen, og han lovar også å kome med 10 000 kavaleristar og 60 000 infanteristar seinare. Han prøver forgjeves å overtale Crassus til å invadere Partarriket gjennom Armenia, både fordi han kan støtte romarane betre og fordi kavaleristyrkane til partarane er mindre effektive der, men Crassus er ueinig og marsjerar rett over Eufrat til Mesopotamia (Plut. *Crass.* 19. 1-2). Seinare seier Plutark at Orodes har leia halvparten av den partiske hæren under leiing av seg sjølv til Armenia for å straffe Artavasdes, medan han sender generalen Surenas for å hindre romarane i å trenge lenger inn i Mesopotamia (Plut. *Crass.* 21. 5). Når dei to hærane nærmar seg kvarandre får Crassus ein beskjed frå Artavasdes om at Orodes har gått til åtak på han, og at han ikkje kan støtte han meir. Igjen prøver han å overtale romaren til å kome til Armenia slik at dei kan slå saman hærane sine. I følge Plutark svarar Crassus med at han ein gong skal straffe armenarane for sviket deira (Plut. *Crass.* 22. 2-3).

Når det endeleg blir eit slag mellom romarane og partarane ved Carrhae i dagens Tyrkia blir den romerske hæren slått fullstendig av den partiske kavalerihæren, som var mykje mindre enn den romerske. Ved hjelp av ei blanding av tunge kavaleristyrkar med lansar og lettare kavaleristar med pil og boge og det uvante terrenget går romarane på eit av sine største tap nokon gong. Crassus blir drepen medan han overgir seg, og Surenas sender hovudet hans til Orodes som då var i Armenia og feira bryllaupet mellom Artavasdes si dotter og Orodes sin son Pacorus, noko som fekk i stand ein fredsavtale mellom dei to kongane (Plut. *Crass.* 33. 1).

Dio Cassius gir Armenia ei litt mindre rolle i si framstilling av Crassus sin invasjon. Han nemner aldri at Artavasdes kjem med troppar til romarane, ei heller nokon avtale om å sende ein hær for å

støtte Crassus. Partarkongen angrip Armenia med halvparten av den partiske hæren for å hindre Artavasdes i å sende hjelp til romarane (Dio 40.12.16), og det er eigentleg alt vi får vite om Artavasdes før Dio fortel om bryllaupsfeiringa i Armenia heilt til slutt. Ein annan aktør har fått litt av den same rolla som Artavasdes fyller, nemleg rolla som den forræderiske barbarkongen. I Dio si framstilling blir denne rolla fyllt av kong Abgarus av Osroëne. Han var i følge Dio blitt alliert med romarane då Pompeius var der i etterkant av den tredje mithridatiske krigen (Dio 40.12.20). Han har også ei rolle i slaget ved Carrhae, der han brått angrip romarane bakfrå samtidig som partarane angrip (Dio 40.12.23). Denne framstillinga ser ut til å vere den mest brukte i sekundær litteraturen, og er difor den eg kjem til å bruke.

Analyse av Crassus sin invasjon av Partarriket

Denne konflikta mellom romarane og partarane ser ut til å ha starta på grunn av ein mann si lyst etter ære og pengar, og eg eg no gå vidare med å heilt kort prøve å analysere Armenia si rolle i denne konflikten, spesielt korleis den påverka Artavasdes sine val i den neste episoden eg skal sjå på. Eg meiner at ein kan sjå ein klar kontinuitet mellom denne hendinga og den tredje mithridatiske krigen. Armenarane er allierte med romarane i følge til fredsavtalen mellom Tigranes og Pompeius, og er difor i følge Plutark villige til å stille opp som hjelpetroppar dersom Crassus går med på å angripe gjennom Armenia. Men når Crassus ikkje høyrer på Artavasdes og partarkongen set inn eit stort angrep mot Armenia har ikkje Artavasdes anna råd enn å alliere seg med partarane for å halde på kongemakta si. Ein annan grunn til at Artavasdes kjem for å hjelpe romarane kan vere for å få hemn over partarane, som faren hans hadde hatt store problem med tidlegare.

Hjå dei moderne forfattarane er igjen Chahin overtydd om at Armenia ikkje var ein romersk klientstat, men at dei kunne sjølv kunne velje kven dei ville alliere seg med under kong Artavasdes (Chahin 2001: 211). Men dei fleste andre av sekundærforfattarane kalla, som til dømes Brosius, Armenia og Artavasdes for ein viktig alliert med Romarriket under denne hendinga (Brosius 2006: 95), og Colledge omtalar Armenia som eit alliert klientkongedøme (Colledge 1967: 38).

Delkonklusjon

Slik eg ser det var Armenia framleis eit venleg og alliert kongedøme velvillig stiller opp med støtte og fri pasasje for romarane gjennom Armenia på visse vilkår. Men med ein gong vinden snur og romarane mistar mykje makt og innflytelse i regionen, skiftar Artavasdes side. Slik eg ser det er dette for å kunne halde på kongetittelen og landområda sine, på same måte som Tigranes overga seg til Pompeius i den tredje mithridatiske krigen.

Dette er eit godt døme på at den romerske kontrollen over Armenia var svak, og at den var avhengig av at romarane militært var den sterkeste makta i området. I denne konflikten ser vi også at Armenia og Artavasdes er ein sjølvstendig aktør som tek rasjonelle kost/nytte-vurderingar når det gjeld kven av dei to stormaktene dei skal støtte seg på. Dette var nok for å kunne bevare størst mogleg sjølvstende for Armenia.

Frå klient til anneksjon

-Armenia og Marcus Antonius

Marcus Antonius sin mislukka invasjon av Partarriket er den neste hendinga eg skal gå inn på. Her spelar igjen armenarkongen Artavasdes ei viktig rolle i konflikten mellom Romarriket og Partarriket, og dei vala han tek i denne konflikta får mykje å seie både for Armenia si framtid og ikkje minst for han sjølv.



(Bilete 6: Dette biletet viser ein romersk mynt med Marcus Antonius til venstre og Octavianus til høgre. Biletet er henta frå http://en.wikipedia.org/wiki/File:Antony_with_Octavian_aureus.jpg den 1.5.2011.)

Hendingsforløp

Bakgrunnen for Marcus Antonius (bilete 6) sin invasjon av Partarriket var eit ønske om å få tilbake dei romerske legionsfanane som gjekk tapt under Crassus sitt mislukka felttog, og han brukar uroa som oppstår under den nye partarkongen Phraates IV si maktovertaking til å skaffe seg vener hjå partiske flyktningar som kjem til romarane (Plut. *Ant.* 37. 1-2). Både Dio og Plutark gir ein tilleggsgrunn, nemleg at kong Artavasdes av Armenia (bilete 7) klarer å overtale Antonius til å gå til krig mot kongen av Media, som også heitte Artavasdes. Medarkongen var ein alliert av partarkongen, men var fiende av Artavasdes av Armenia (Dio 49.25). Andre grunnar kan vere at partarane i dei siste åra etter Crassus sin død har plyndra store delar av Syria, noko som først tok slutt i år 38 fvt då den partiske kronprinsen Pacorus blei drept i kamp (Dio 49.21), og at romarane vil ha hemn.

Plutark seier så at i år 36 fvt samlar Antonius så hæren sin i Armenia, der han blir møtt av fleire allierte kongar, med Artavasdes av Armenia som den største bidragsytaren. Han stiller nemleg med 6000 kavaleristar og 7000 infanteristar, medan romarane kan stille med 60 000 infanteristar og 10 000 kavaleristar. Til saman kan dei andre allierte kongane dersom ein ikkje tel med armenarane stille med 30 000 troppar, fordelt mellom kavaleristyrkar og lette infanteristar (Plut. *Ant.* 37.3). I forkant av denne samlinga har i følge Dio Cassius Antonius sin general Canidius erobra Hiberia og Albania (Dio 49.24), noko som gjer at den romerske hæren kan angripe Media utan å vere redde for å bli angripne i flanken av desse to kongerika. Plutark seier i staden at Canidius i tilegg til å ha erobra Albania og Hiberia erobra han også Armenia (Plut. *Ant.* 34.6) og slik kan han ha fått dei tilbake i allianse med romarane.



(Bilete 7: Mynt av den armenske kongen Artavasdes som er henta fra <http://en.wikipedia.org/wiki/File:ArtavasdesII.jpg> den 1.5.2011.)

I følge Plutark kjem Cleopatra si innverknad på Antonius i vegen for krigen, fordi han startar krigen for raskt. Dette gjorde han, i følge Plutark, fordi han ville tilbringe vinteren saman med henne (Plut. *Ant.* 37.4). Plutark meiner at Antonius heller burde ha tilbrakt sommaren i Armenia og slik kvilt hæren sin, og heller angripe Media i byrjinga av våren, før partarane hadde fått mobilisert hæren sin (Plut. *Ant.* 38.1). Både Dio og Plutark er einige i at Antonius handlar for raskt når han går i gang med beleiringa av den mediske hovudstaden Praaspa. Dette fordi han forlet dei romerske pakkdyra og beleiringsmaskinene med ei mindre hærstyrke i eit forsøk på å kome til Praaspa snøggast råd (Plut. *Ant.* 38.2 og Dio 49.25). Medarkongen flyktar til Phraates, og i følge Dio blir så den treigare romerske hæren som verna krigsmaskinene og forsyningane massakrert av dei samla kavalerihærane til medar- og partarkongen (Dio 49.25). Plutark seier at dei drap 10 000 soldatar og tok kongen av Polemon til fange (Plut. *Ant.* 38.3). Her gir dei to forfattarane ei litt ulik framstilling av Artavasdes av Armenia sine handlingar i denne situasjonen. Dio seier at Artavasdes kunne ha hjelpt til i slaget, men valde å trekke seg tilbake til Armenia (Dio 49.25.5). Plutark på si side seier at

på grunn av tapa av beleiringsmaskinene drog han tilbake til Armenia, fordi han ikkje såg nokon måte dei kunne vinne på no (Plut. *Ant.* 39.1). For romarane var dette eit katastrofalt tilbakefall som gjorde kringsetjinga av Praaspa umoglig.

Antonius bryt kringsetjinga av Praaspa i eit forsøk på å redde den treigare delen av hæren sin, men kjem for seint. Når han så kjem tilbake til byen for å kringsetje den på ny får han med ein gong problem med forsyningane, og på grunn av dei raske kavalerihærane til medarkongen og partarkongen får han ikkje inn nok mat frå områda rundt Praaspa (Dio 49.26.3-5). Dio seier så at Antonius blir lurt av Phraates til å trekke seg tilbake frå kringsetjinga mot å love fred. Men med ein gong Antonius gjer det, går Phraates tilbake på lovnaden sin og angrip han. Antonius prøver då å kjempe seg tilbake til Armenia (Dio 49.27-28).

Vegen tilbake til Armenia blir ein katastrofe for den romerske hæren. Lite mat, ein kald vinter og stadige angrep frå kavalerihæren til partarane gjorde at Antonius mista 20 000 infanteristar og 4000 kavaleristar på felttoget. Og sjølv om han i følge Plutark hadde sigra over partarane 18 gongar kunne han ikkje utnytte sigrane, sidan partarhæren var mykje raskare, noko som gjorde at han ikkje kunne jage dei partiske styrkane og hindre dei i å omgruppere (Plut. *Ant.* 50.1). Når hæren endeleg kom fram til Armenia skjuler Antonius sinnet sitt mot Artavasdes og lovar han å kome tilbake til våren for å ta eit nytt angrep på Partarriket. Han smiskar også mykje med kongen for å få forsyningar og vinterkvarter for hæren sin (Dio 49.31).

Etter dette reiste Antonius tilbake til Egypt. Men det betyr ikkje slutten på Antonius si innblanding i Armenia, for året etter, i 35 fvt, allierer han seg med medarkongen for å straffe Artavasdes av Armenia (Dio 49.33). Medarkongen hadde kome i ein krang med Phraates om krigsbyttet etter romarane, og hadde blitt redd for at Phraates skulle ta frå han kongeriket (Plut. *Ant.* 52.1). I år 34 fvt klarer Antonius etter mange forsøk endeleg å ta Artavasdes til fange. Først let Antonius Artavasdes gå relativt fritt i eit forsøk på å få tak i dei armenske rikdommane og grunngir fangenskapet overfor resten av armenarane ved å seie at han gjer det for å kreve inn tributt frå dei for å halde kongen trygg og for å sikre kongen sin råderett over Armenia (Dio 49.39). Men når dette ikkje går legg han Artavasdes i lenker og fører han til Cleopatra i Alexandria. Der blir Artavasdes og delar av familien hans presenterte for Cleopatra i ein slags triumf. Dei nektar å bukke for Cleopatra, noko dei blir straffa for, men får også eit rykte på seg for å vise høgt mot (Dio 49.40). Strabon nemner at Artavasdes blei drept i fangenskap då det braut ut borgarkrig mellom Octavianus og Antonius (Str. 11.14.15). Når Artavasdes blir fanga av Antonius vel i følge Dio den armenske hæren den eldste

sonen til Artavasdes, Artaxes, som konge over Armenia. Men han blir slått av Antonius og må difor søke tilflukt hjå partarkongen og Antonius okkuperer så heile Armenia (Dio 49.40).

Analyse av Marcus Antonius sin invasjon

No skal eg gå vidare med å analysere handlingane til dei ulike aktørane under denne hendinga. Som vi har sett i etterdønningane av Crassus sin invasjon blei Armenia tettare knytta til partarane gjennom ekteskap, men når Marcus Antonius kjem på banen i aust skiftar dei side igjen. Kvifor skjer så dette? Ein grunn eg ser som ganske sannsynleg er at Plutark har rett når han seier at Antonius sin general Canidius også erostrar Armenia når han legg under seg Hiberia og Albania. Det verkar som fleire forskrarar også støttar seg på denne tolkinga, som til dømes Colledge som seier at Artavasdes blir tvinga til å bli ein romersk alliert og bidra med kavaleristyrkar (Colledge 1967: 44). Også Chahin meiner at dette var grunnen, sjølv om han som vanleg går litt lenger i slutningane sine. I følge han blei det ingen formell fredsavtale mellom romarane og Artavasdes i etterkant av Canidius sitt felttog og difor var dei framleis formelt sett i krig (Chahin 2001: 212). Dette er ein interessant teori, men eg har ikkje funne noko kjeldemateriale som omtalar at dei formelt sett var i krig også etter at invasjonen av Media hadde byrja. Dessutan er sannsynet lite for at romarane og armenarane brukte omgrepene krigserklæring på same måte som vi gjer i dag. Den ekteskapsalliansen som blir danna mellom armenarane og partarane etter at Crassus hadde blitt slått, ser ikkje ut til å lenger vere i effekt. Sannsynlegvis blei denne avtalen mindre viktig etter at både Orodes og partarprinsen Pacorus var døde.

Ein annan grunn som ikkje nødvendigvis kansellererer den første er dei dynastiske spenningane mellom Media og Armenia som opplagt var gjeldande på denne tida. Dio Cassius seier at Artavasdes av Armenia er den som overtalar Antonius til å angripe Media på grunn av eit fiendskapen mellom dei to kongane (Dio 49.25). Dette samsvarar godt med Plutark som seier at Artavasdes var hovudgrunnen til at det braut ut krig (Plut. *Ant.* 39.1).

Kvifor Artavasdes forlet så Antonius når han trengde hjelpa frå den armenske kongen som mest? Som vi har sett seier dei fleste forfattarane at tapet av Antonius sine forsyningslinjer var hovudgrunnen til at Artavasdes forlet hæren til Antonius. Sannsynlegvis var han klar over kva som ville skje med ein hær utan forsyningar i det harde klimaet og med ein rask og mobil kavalerihær som motstandar, og såg difor inga moglegheit til å vinne krigen. Ein kan igjen bruke Chahin sin teori om at Artavasdes og romarane formelt sett framleis var i krig, noko som kan ha gjort at han såg etter ein veg ut av krigen så raskt han kunne. Ei moglegheit kan også vere at han prøvde å skape

ein situasjon der både medarane og romarane blei svekka, noko som kunne ha styrka armensk innflytelse i regionen. Dette er eit klart døme på ei kost/nytte-vurdering frå Artavasdes si side som slår feil.

Antonius blei sjølvsagt rasande på Artavasdes når han kjem tilbake til Armenia, og no skal eg analysere handlingane hans og prøve å svare på kvifor Antonius reagerte slik han gjorde mot armenarkongen. Plutarch gir rett og slett Artavasdes heile skylda for at romarane ikkje vann krigen fordi armenarkongen hadde kavaleristyrkane som kunne ha jaga ned partarhæren etter at romarane hadde sigra over dei, noko som hadde gjort at partarane ikkje kunne ha omgruppert etter kvart slag (Plut. *Ant.* 50.2). Dette kunne ha gitt romarane litt tid til å samle forsyningar frå området dei var i. Hemn over eit surt militært nederlag kan då ha vore ein grunn til at Antonius handla slik han gjorde. Ein annan mogleg grunn til Antonius sin reaksjon kan ha vore eit forsøk på å styrke romersk prestisje i området, spesielt etter det store militære nederlaget han nettopp hadde opplevd. Den romerske prestisjen måtte ha fått seg ein solid knekk etter denne krigen, og kanskje Antonius handlar som han gjer for å vise dei andre kongane i området at Romarriket si makt framleis er sterkt og for å avskrekke andre klientkongar frå å gjere det same ved seinare høve. Ein siste mogleg grunn kan vere reint littærer. Som vi såg i kapittel 1 meiner David C. Braund nemleg at det er vanleg i romersk historieskriving å gi vegvisaren skulda dersom ein militærkampanje går dårlig. Han brukar Artavasdes som eit døme saman med mellom andre Abgar av Osroëne, som spelte ei liknande rolle under Crassus sin invasjon av Partarriket. Braud seier vidare at ein kan ikkje vite om kongane leia romarane dårlig med vilje, men at det ofte lønte seg for romerske generalar å vere skeptiske til råd gitt av kongar langs grenseområda (Braund 1984: 97).

I framstillinga vidare skal eg sjå på kva mål Antonius kunne tenkjast å oppnå gjennom invasjonen av Armenia og arrestasjonen av Artavasdes. Igjen kan ein sjå på romersk prestisje i området som ein mogleg grunn, men vi må ikkje gløyme hemnmotivet, sidan det er den grunnen som blir oftast nemnd av kjeldene. Også dynastiske alliansar kan vere ein årsak til at Antonius går til åtak på han, ettersom han nettopp hadde blitt alliert med kongen av Media mot Armenia og Partarriket. Ei moglegheit kan vere at Antonius prøvde å skape eit romersk-egyptisk dynasti med hovudsete i Alexandria. I følge Braund hadde enkelte kongar som var venlege til Antonius byrja å ta bruk namnet hans som kongelege tilnamn (Braund 1984: 105). Dette kan tyde på at Antonius prøvde å setje seg sjølv opp som hellenistisk storkonge.

Ein annan grunn som kjem fram av kjeldene er dei armenske rikdommane. I følge Dio Cassius får

ein eit inntrykk av at Artavasdes blir fange ikkje berre som straff, men også for å kunne bruke han til å få tilgong på dei armenske statsrikdommane (Dio 49.39). Braund er inne på noko liknande når han snakkar om at kongar var berømte i Roma for å ha enorme rikdommar (Braund 1984: 58). Kanskje hadde Antonius tenkt å la Artavasdes gå fritt dersom han overga pengane sine, omlag som Tigranes betalte vekk Pompeius under den tredje mithridatiske krigen. Men det er også mogleg å tenke seg at Antonius visste at på flukt var Artavasdes ein sannsynleg fiende, mens han i fangenskap var ein potensiell ressurs.

Ein må heller ikkje gløyme den konstante trusselen om borgarkrig mellom Octavianus og Antonius i denne perioden. Dio Cassius seier at kunngjeringane som omhandlar reorganiseringa av dei austlege områda ikkje blei lest opp offentlig på grunn av at konsulane det året var vener av Antonius. Dei ville ikkje skade omdømet til Antonius i Roma, sjølv om Octavianus gjerne ville nettopp det. Men Octavianus vinn ein liten siger ved å hindre at kunngjeringa om at Artavasdes har blitt overmann og tatt til fange ikkje blir lest opp. Dio seier vidare at grunnen til at Octavianus fekk denne kunngjeringa stogga var fordi han følte miskunn med armenarkongen og hadde i løyndom vore i kontakt med han i eit forsøk på å skade Antonius. Men Dio seier også at Octavianus ikkje ville gi Antonius triumfen sin som han hadde krav på etter sigeren over armenarane (Dio 49.41).

Men kva var det Antonius ville oppnå med sine handlingar i Midtausten? I følge Sartre prøvde han i byrjinga å halde på systemet med indirekte kontroll over klientstatar slik det hadde blitt gjort før. Men i år 37-36 fvt startar han eit stort redistribueringsprosjekt der det ptolemaiske riket under Cleopatra sitt styre får tilbake mange av dei tidlegare landområda sine, som til dømes Fønikia og delar av Kilikia (Sartre 2005: 52-53). Også borna til Cleopatra blir gitt større landområde, Antonius og Cleopatra sin son Alexander Helios får herredøme over store landområde aust for Eufrat, som inkluderte Armenia, Partia og alle landa aust for Indusdalen også. I tillegg hadde han blitt forlova med dottera av medarkongen i eit forsøk på å få til ein allianse mellom dei to herskarane. Ptolemaus, som ofte blei kalla Caesarion fordi han etter det som blei sagt skulle vere Julius Caesar sin son, fekk Syria og alle områda vest for Eufrat. I følge Dio fekk han også tittelen Kongenes Konge, medan Cleopatra fekk tittelen Dronningenes Dronning (Dio 49.40-41). Men slaget ved Actium i 31 fvt og Antonius og Cleopatra sine sjølvord i 30 gjorde slutt på alle planane Antonius hadde for Midtausten og Armenia. Chahin hevder at to år etter arrestasjonen av Artavasdes kjem Artaxes tilbake til Armenia med støtte frå den partiske storkongen og tek over den armenske trona og massakrerer alle romerske handelsmenn i Armenia (Chahin 2001: 213).

Dersom ein skal prøve å bruke Luttwak i denne situasjonen kan ein sjå at Marcus Antonius si innblanding i Midtausten har mykje til felles med Pompeius si reorganisering av Midtausten. Også Antonius prøver å reorganisere regionen, men med klientkongedømer som var lojale mot han og Cleopatra, og ikkje nødvendigvis Roma. Sjølv om Antonius blir slått ved Actium i 31 fvt let Octavianus dei fleste av ordningane han laga for kongedøma i midtausten vere slik dei var tiltenkte. Dette var i følge Braund for å ikkje skape for mykje uro internt i kongerika deira og også for resten av Middelhavsområdet (Braund 1984: 57). Det betyr at den indirekte forma for styring som blei etablert av Pompeius og Antonius blei halden ved like også inn i principatet.

Delkonklusjon

I denne konflikten ser vi igjen at Armenia si rolle i forhold til stormaktene forandrar seg. Ein kan sjå at dei armenske kongane sin politikk med å alltid støtte seg på den sterkeste av Roma og Partia, mot den andre for første gong ikkje verkar. Denne politikken gjorde også at dei prøvde å unngå for sterke bindingar med stormaktene, for å ha størst mogleg handlefridom. Men under denne konflikten går det gale. Artavasdes går først tilbake til å bli ein alliert med romarane før han forlet dei igjen. Fordi han denne gongen ikkje går tilbake til partarane, men blir ståande åleine, fører dette til slutt til at Armenia blir annektert for første gong, og etter kvart blir ein romersk klientstat.

Ein annan viktig faktor ein må ta med seg frå denne hendinga er innflytelsen som det ptolemaiske riket gjennom dronning Cleopatra hadde på Antonius. Dette gjer at det er vanskeleg å snakke om ein fullstendig romersk strategi i dette høvet. I følge kjeldene var Antonius påverka av Cleopatra og tok avgjerdslar ikkje berre etter kva som var best for Roma, men også etter kva som var best for Egypt og for deira felles familieambisjonar.

Kapittelkonklusjon

No har vi sett på utfallet av tre ulike konfliktar mellom aust og vest, der Armenia har spelt ei større eller mindre rolle. Eg skal no prøve å samanfatte nokre lange linjer som går igjen i alle tre konfliktane. Noko som kjem klart fram er at rolla til Armenia i høve til Roma forandrar seg mykje i denne perioden. Dei er fiendar av romarane under både den tredje mithridatiske krigen og under Marcus Antonius sine represaliar mot kong Artavasdes i år 34 fvt. Dei er allierte med dei forskjellige imperia, først med Mithridates Eupator under den tredje mithridatiske krigen, deretter med romarane etter krigen var over fram til Crassus sitt nederlag og igjen i ei kort periode under Antonius sin invasjon av Media. Dei var også allierte med partarane i ei periode i etterkant av Crassus sitt nederlag og ektemålet mellom Artavasdes si dotter og partarprinsen Pacorus, som ikkje

ser ut til å ha betydd så mykje etter at Pacorus og Orodes var døde.

Vi har også sett på korleis dei armenske kongane etter kvart mistar råderetten over sitt eige land. Når vi først møter Armenia under Tigranes i år 75 fvt er han herskar over eit stort imperium med underlagde vasallkongar og ein enorm hær til å halde på dette imperiet. Men gjennom både romarane og partarane si innblanding i Midtausten blir Armenia sakte men sikkert pressa ut som stormakt i regionen, og dei armenske kongane må no vanligvis lene seg på ein av dei to for å halde på makta si. Spesielt etter Artavasdes sin arrestasjon kan ein sjå ei klarare innblanding frå både romersk og partisk side i kven som skal ha rett til å innsetje kongar i Armenia. Men dette vil eg kome tilbake til i neste kapittel.

Det som er klart er at dei armenske kongane spelar eit farlig spel når dei allierer seg med dei forskjellige stormaktene, og at nokre kongar kom betre ut av det enn andre. Tigranes til dømes lid først fordi han allierer seg med Mithridates, men ved hjelp av både diplomatisk list og store rikdomar klarer han å kome seg rimeleg godt ut av situasjonen han er i. Artavasdes er ikkje fullt så heldig, og det uheldige valet han tek under Antonius sin invasjon øydelegg mykje for det framtidige armenske sjølvstendet som vi ser i neste kapittel. Men det siste eg kan sei er at dei armenske kongane alltid prøvar å skaffe seg mest moglig spelerom og best moglig manøvreringsrom. Eit spørsmål ein kan stille seg her er om Armenia i det heile har eit val i dette spelet. Så lenge dei armenske kongane ser på seg sjølv som ein større aktør i dette området og ikkje ville knytte seg for tett til verken Roma eller Partia, kan ein tenkje seg at dette var einaste moglegheit til å gjere eigne val.

* * * * *

I følge Chahin var tida etter Artavasdes sin død ei uroleg tid for Armenia, og ein veit ikkje mykje om dei armenske kongane i tida framover. Den siste artaxideherskaren over Armenia var dronning Erato som blei styrta i år 11 evt. Etter dette er det kaos i Armenia når både romarane og partarane prøver å kontrollere den som kontrollerer Armenia (Chahin 2001: 213-214). Også kjeldene nemner lite om dette fram til Tacitus startar å fortelje om krigane i Armenia som startar rundt år 35 evt. Det heile toppar seg i år 58, når Roma og Partia brakar saman i den lengste krigen mellom dei to stormaktene. Men dette kjem i neste kapittel.

Kapittel 4: Armenia under arsakidedynastiet

Då vi forlot Armenia i forrige kapittel hadde nettopp Artavasdes sin son Artaxes tatt over som konge over landet, men tida framover mot den første arsakidekongen i Armenia si regjeringstid blir ei vanskeleg tid for landet, sidan både romarane og partarane prøver å setje inn kongar som er venleg innstilte mot dei. I dette kapittelet skal eg sjå på etableringa av det neste kongedynastiet i Armenia, nemlig arsakidedynastiet. Arsakidane var den herskande slekta i Partarriket, og berre medlemmar av denne familien kunne herske over partarane. Eg skal analysere kva forandring det blir for rolla til Armenia når dei armenske kongane blir i slekt med romarane sine erkefiendar i aust. Dette skal eg svare på gjennom å sjå på to krigar. Den første skjer mellom 58 og 63, under Nero sine første år som romersk keisar, og er den lengstvarande krigen mellom Roma og Partia. Den andre er Trajan sin partarkrig mellom 113 og 117, der Armenia blir gjort om til ein romersk provins.

Etableringa av arsakidedynastiet i Armenia

-ein analyse av den romersk-partiske krigen mellom 58-63 evt.

Denne hendinga er godt skildra i Tacitus sitt verk *Annales*, og gjennom han får vi mange detaljar om korleis denne krigen utvikla seg. Der vi manglar informasjon frå Tacitus kjem eg til å supplere med Dio Cassius og Suetonius sine skildringar. Denne konflikten er interessant fordi vi får eit bilet av korleis diplomati mellom forskjellige herskarar kan ha fungert i antikken.

Hendingsforløp

I følge Tacitus startar bakgrunnen for det heile med at partarkongen Artabanus set inn sonen sin Arsakes som konge over Armenia i år 35. Men på grunn av den dynastiske uroa i Partarriket, klarer romarane å kaste ut den partiske kandidaten og sender sin eigen kandidat. Han var ein hiberar av kongeætt som heitte Mithridates og han blir sendt til Armenia for å ta over kongemakta. Han hadde blitt oppdratt i Roma og var også broren til kong Pharasmanes, kongen av Hiberia, som var ein viktig alliert med romarane på denne tida (Tac. *Ann.* 6.31-32). Ved hjelp av den hiberiske hæren klarer Mithridates å jage ut partarane og gjere seg til konge over Armenia. Eit motangrep frå partarane blir stogga av trusselen om krig med romarane som stod klare til å trenge inn i Mesopotamia (Tac. *Ann.* 6. 35-36).

Tacitus fortel om kong Mithridates igjen under keisar Claudius i år 47, når han blir frigitt frå romersk fangenskap for å bli konge over Armenia igjen. Han hadde tidlegare blitt tatt til fange

under Caligula. Vi får aldri vite grunnen til at Mithridates blei arrestert under Caligula på grunn av at det blir skildra i dei no tapte delane av Tacitus sine annalar, men vi får vite grunnen til at han slapp ut. Grunnen til at han blir sleppt fri er at det igjen er ufred i Partarriket, og Mithridates får ei moglegheit til å ta over Armenia. Mithridates får hjelp av broren sin Pharasmanes og romerske legionærar til å jage ut den partiske statthalderen (Tac. *Ann.* 11.8-9). Partarane sitt forsøk på å gjenerobre Armenia blir igjen stogga av den romerske guvernøren av Syria (Tac. *Ann.* 11.10).

I år 51 blir det igjen ufred i Armenia, men denne gongen er det verken romarane eller partarane som er skyldige i ufreden. Pharasmanes av Hiberia hadde ein son ved namn Radamistus, som ikkje var nøgd med at faren levde så lenge og gjerne ville oppnå kongemakt. For å fjerne den ærgjerrige sonen sin får Pharasmanes Radamistus til å infiltrere Armenia og for å ta over kongemakta der. Han klarer å lure onkelen Mithridates til å ane fred og ingen fare og får også fleire av dei armenske adelsmennene over til si side.

Når dette er gjort går far og son saman for å angripe Armenia. Mithridates søker tilflukt hjå ein romersk garnison, men blir kringsat av Radamistus og romarane må trekke seg ut. Når Mithridates og Radamistus møtest lurer Radamistus igjen onkelen sin og får han drept (Tac. *Ann.* 12.45-47). Den romerske guvernøren i Syria kallar inn til eit møte for å drøfte det som har skjedd i Armenia, og kva romarane burde gjere med det. Dei blir i følge Tacitus einige om at det ikkje var bryt verdt å ta tilbake Armenia, og at Radamistus ville bli hata av forbrytelsen han har gjort. Men dei sender likevel ein beskjed til Pharasmanes om at han må trekke seg ut av Armenia og at han måt kalle tilbake sonen sin også (Tac. *Ann.* 11.48).



(Bilete 8: Teikning av ei statue av den armenske kongen Tiridates. Dette biletet er henta frå <http://en.wikipedia.org/wiki/File:Trdatrone.gif> den 30.4.2011.)

Partarkongen Vologaesus på si side ville no ha tilbake makta over Armenia for å kunne setje inn broren sin, Tiridates (bilete 8), som konge der. Han går inn i Armenia og både Artaxata og Tigranocerta overgir seg utan kamp, men ein hard vinter og därlege forsyningslinjer får partarane til å trekke seg ut igjen. Då kjem Radamistus attende og oppførte seg i følge Tacitus veldig valdelig i eit forsøk på å straffe det armenske folket, som Tacitus seier at Radamistus såg på som svikrar ettersom dei hadde gått til opprør mot han. Denne oppførselen får armenarane til å reagere. Dei kringset borga Radamistus er i, og tvingar han til å forlate landet (Tac. *Ann.* 12. 50-51). Sjølv om Tacitus ikkje seier det eksplisitt, kan eg med ganske god sikkerheit seie at Tiridates etter dette har blir gjort til konge over Armenia, fordi Tacitus nemner ein episode der kona til Radamistus blir forlatt og såra av ektemannen før ho blir frakta til hovudstaden Artaxata der Tiridates tek imot henne (Tac. *Ann.* 12.51).




(Bilete 9: Byste av den romerske keisaren Nero. Dette biletet er henta fra http://en.wikipedia.org/wiki/File:Nero_1.JPG den 30.4.2011.)

I Nero (bilete 9) sitt første regjeringsår i år 54 kjem det rykte til Roma om at partarane hadde tenkt å tilrane seg Armenia no som Radamistus var jaga ut av landet. Nero samlar difor legionane i austen nærmare Armenia og gir ordre om at dei allierte kongane i området skulle samle hærane sine og vere klar til å gå over grensa til Partarriket. Han ga også ordre om at dei skulle setje opp bruer over Eufrat. Men partarane trekker seg tilbake frå Armenia fordi ein son av Vologaesus gjer opprør i Partia (Tac. *Ann.* 13.6-7). Domitius Corbulo, den største generalen i Romarriket på denne tida, blir sendt til austen for å leie eventuelle krigføringar i Armenia. Han får Vologaesus til å gi gissel til romarane og dermed halde på freden og vise respekt til romarane. Tacitus seier også at ein annan grunn til at partarkongen utleverer gissel var fordi han ville førebu krigen i fred og ro eller fordi han ville kvitte seg med moglege rivalar til partartrona (Tac. *Ann.* 13. 8-9).

I år 58 bryt det likevel ut krig om Armenia fordi Vologaesus ikkje fann seg i at Tiridates ikkje skulle

få regjere over det kongeriket han hadde blitt gitt eller at han skulle få det i gave av nokon andre enn han. Corbulo på si side ville gjenvinne romersk ære ved å erobre dei områda som generalane Lucius Lucullus og Pompeius Magnus hadde eroobra under den tredje mithridatiske krigen. Tacitus seier også at armenarane hadde bedt begge sider om hjelp mot den andre parten, og at dette kunne ha påverka stormaktene til å gå til krig mot kvarandre (Tac. *Ann.* 13.34). Det kjem ikkje klart fram av Tacitus her om romarane har kome med eit tilbod til Tiridates om at han kan bli konge over Armenia dersam han reiser til Roma og blir krona av keisaren, men ein kan anta det på grunn av Vologaeses sitt utsegn som vi ser over.



(Kart 4: Kartet er henta frå http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman-Parthian_War_58-60.svg den 10.03.2011. Det viser rørslene til dei ulike hærane i dei første åra av krigen.)

Tiridates fører krigen med berre indirekte støtte av broren sin, og han herjar dei i Armenia som han meinar var lojale mot romarane. Men han held seg unna større trefninger og slag, noko som gjer at Tacitus seier at Tiridates sitt namn vekte meir frykt enn handlingane hans (Tac. *Ann.* 13.37). Men når Pharasmanes, den hiberiske kongen eg nemnde innleiingsvis, blir med på romersk side forandrar Tiridates taktikk og vender seg til Corbulo. Han spør den romerske generalen kvifor han blir fordriuen frå kongeriket sitt, når han nettopp hadde gitt gissel til romarane og når Vologaesus ikkje hadde gripe inn i konflikten. Corbulo ráder han til å vende seg direkte til keisaren og gå med på ein fredsavtale (Tac. *Ann.* 13.37). Dei to blir også einige om å møtast. Tiridates seier at han skal kome med berre 1000 ryttarar dersom Corbulo kjem på fredeleg vis, altså utan skjold eller hjelmar.

Dette kallar Tacitus for barbarsluheit, og Corbulo går med på dette dersom begge kjem med heile hærane sine. Då møter ikkje Tiridates opp. Tacitus kjem med to moglege grunnar til kvifor Tiridates ikkje møtte opp. Den eine var fordi Tiridates ville flytte hæren sin til ein meir gunstig posisjon, og den andre var at han ville avskjere dei romerske forsyningssljnjene over Svartehavet og frå Trapezunt. Corbulo på si side brukar Tiridates sitt fråver til å ta fleire festningar i Armenia (*Tac. Ann.* 13.38-39).

Ettersom Corbulo no nærmar seg den armenske hovudstaden Artaxata, ville ikkje Tiridates gi inntrykk av at han ikkje brydde seg om byen, og prøver å angripe Corbulo. Men når ryttarhæren hans ikkje klarar å bryte opp dei romerske legionane, flyktar Tiridates mot nordaust, anten til Albania eller Media. Dermed blir det ikkje eit avgjerande slag, og Corbulo kan ta Artaxata utan motstand. Likevel blir byen brent og jemna med jorda. Tacitus meiner dette var fordi bymurane var for store til at romarane kunne halde dei samtidig som dei fortsatte krigen. Alt dette gjer at Nero blir hylla som imperator i Roma (*Tac. Ann.* 13. 40-41).

Corbulo brukar så skrekken som blei skapt etter at han øydedla Artaxata til å ta den andre hovudstaden Tigranocerta, også den utan kamp. Men fordi dei opna portane til han og gav han ei gylden krone, let han byen stå uherja. Tiridates kjem så attende frå Media for å igjen føre krig mot romarane, men må igjen trekke seg attende. Nero sender så sin eigen kandidat til kongetittelen i Armenia. Han heitte Tigranes og var ein etterkomar av dei tidlegare kongane over Kappadokia. Denne kongelinja hadde blitt broten eit par år før. Tigranes hadde vakse opp i Roma, og får difor med seg tusen legionærar, tre kohortar med allierte troppar og to avdelingar med ryttarar for å verne landet sitt mot partarane. Corbulo trekker seg tilbake til Syria for å overta guvernørembetet der (*Tac. Ann.* 14.23-26).



(Kart 5: Dette kartet er henta frå http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman-Parthian_War_61-63.svg den 10.03.2011. Det viser dei ulike hærane sine rørsler under dei siste åra av krigen.)

I år 62 får Vologaesus høyre at broren hans har blitt jaga ut av kongeriket som han sjølv hadde gitt han, og at ein annan no er konge over landet. Han vil ha hemn over dette, men i følge Tacitus kan han ikkje gjere det, fordi han ikkje ville bryte freden han hadde med romarane og fordi provinsen Hyrcania framleis var i opprør mot partarane. Men når den nye armenarkongen Tigranes angriper Adiabene, eit kongedøme som var alliert med partarane, blir den partiske eliten sur. Dei likar ikkje at riket deira blir angripe av ein tidlegare slave av Romarriket, og kritiserer også Tiridates for å ikkje ha gjort nok for å halde på kongeriket sitt. Også kongen av Adiabene, Monobazus, reagerer. Ettersom partarane har forlatt Armenia, føler han seg ikkje sikker på at dei vil støtta han heller (Tac. *Ann.* 15.1).

Etter at Hyrcania har blitt gjenerobra utrustar Vologaesus Tiridates med ein partisk hær under leiing av Monaeses, som i følge Tacitus var ein dyktig og erfaren ryttargeneral. Sjølv skulle han bevege seg mot grensa til Syria med resten av partarhæren. Når Corbulo får greie på dette ber han keisaren om å sende ein eigen hærførar til å verne Armenia, sidan han sjølv måtte beskytte Syria (Tac. *Ann.* 15.2-3). Partarane kjem seg fram til Tigranocerta, men blir slått tilbake. Corbulo sendar så eit bod til partarkongen der han protesterer mot at partarane har gått til angrep på ein romersk alliert og romerske soldatar. Dei blir så einige om at både romarane og partarane skal trekke seg ut av Armenia (Tac. *Ann.* 15.4-6).

Samtidig som den nye generalen i aust, Caesennius Paetus, kjem på bana i Armenia, går partarane på ny til krig mot romarane. Dette var fordi dei hadde fått svar på utsendingane sine til keisar Nero og var misnøgde med svaret dei hadde fått. Paetus rykker inn i Armenia med to legionar og herjar omlandet rundt Tigranocerta og tek eit par fort. Deretter trekker han seg tilbake for vinteren og skriv til keisaren at krigen er over (*Tac. Ann.* 15.7-8).

Sidan Corbulo hadde befesta vestsida av Eufrat går partarane inn i Armenia med heile hæren sin, noko som tek Paetus fullstendig på senga. Mellom anna hadde han i følge Tacitus ein av legionane sine i Pontus og dermed langt vekk frå der han trengde dei. No er det partarkongen Vologaesus som leiar den partiske hæren personleg, og han slår Paetus og kringset leiren hans som låg ved byen Rhandea. Når Corbulo får høyre om dette skyndar han seg til Armenia gjennom Kommagene og Kappadokia med mykje forsyningar. Men før han kjem fram blir det ein avtale mellom Vologaesus og Paetus der dei blir einige om at alle romarane måtte trekke seg ut av Armenia og at alle festningane og forsyningane deira skulle bli gitt til partarane, medan partarane skulle slutte kringsetjinga av romarleiren og la dei kome seg ut i fred (*Tac. Ann.* 15.9-14).

Paetus og Corbulo møtast rett etter denne avtalen har blitt inngått og i følge Tacitus kritiserer Corbulo Paetus og seier at det var ein dårlig avtale. Han grunngir dette gjennom å seie at han var berre tre dagar unna og han hadde mange forsyningar med seg, medan partarane nesten hadde brukt opp beiteområda sine. Han kritiserer også Paetus for å ha avlagt ein ed framfor sine eigne feltteikn og med ein konge som vitne, Tacitus seier nemleg at partarane hadde kalla inn Monobazus av Adiabene som vitne, at ingen romar skulle gå inn i Armenia før han hadde fått ein godkjent fredsavtale frå Nero (*Tac. Ann.* 15.16). Paetus på si side meiner at saman kan dei to ta tilbake Armenia, men Corbulo svarar at det var ikkje det han hadde fått i ordre frå keisaren, og reiser tilbake til Syria. Der blir han einig med Vologaesus om at grensa mellom dei to imperia igjen skal vere Eufrat. I tillegg må romarane rive ned festningane sine langs Eufrat, medan partarane må trekke ut troppane sine frå Armenia. Tacitus seier at no stod Armenia fritt utan overherredøme utanfrå (*Tac. Ann.* 15.17).

I Roma blir det feira ein stor triumf før krigen har blitt avgjort med ein eigen triumfboge midt på Kapitol. Nero brukar i følge Tacitus lågare kornprisar for å dekke over det som har skjedd i Armenia (*Tac. Ann.* 15.18). For sjølv om Paetus skriv til keisaren at han ikkje hadde blitt slått før Nero vite om det fornedorande nederlaget. Partarkongen sendte nemleg også eit sendebod til Nero der han seier

at Tiridates ikkje var framad for tanken om å reise til Roma for å bli krona av keisaren der. I følge Tacitus ser Nero på denne beskjeden som arrogant, sidan partarane eigentlig berre ba om ting dei allereie hadde. Saman med rådgivarane sine vel Nero å gå til krig igjen mot partarane, og gir Corbulo hovudkommandoen over krigen. Tacitus seier at dei myndighetene som Corbulo no fekk var dei same som dei Pompeius fekk når han skulle føre krig mot piratane under den tredje mithridatiske krigen (*Tac. Ann.* 15.25), som vi såg i kapittel 3.

Corbulo brukar så den same ruta som Lucullus brukte inn i Armenia. Både Tiridates og Vologaesus sender utsendingar og ber om fred. Corbulo åtvarar begge to mot overmot og seier at for Tiridates hadde det vore betre å bli konge over eit rike som ikkje hadde blitt herja av krig og at for Vologaesus ville det vere betre om han slutte fred med romarane fordi det var fred på alle andre stadar i Romarriket, medan det var stor indre uro i Partarriket (*Tac. Ann.* 15.27).

Tiridates går med på ei våpenkvile fordi han hadde høyrt at Corbulo var til å stole på. Dei møtast ved Rhanda, den same staden som Paetus hadde blitt slått. Der legg Tiridates ned dei kongelige symbola sine ved eit bilet av Nero og seier at han skal reise til Roma for å få dei tilbake (*Tac. Ann.* 15.28). Vologaesus går også med på dette, men seier at Tiridates ikkje skal utsetjast for nokon form for slaveri, noko som i praksis betyr at han alltid skal få lov til å gå med sverdet sitt. Dessutan skulle han bli møtt av provinsguvernørane når han kom til nye provinsar og bli behandla som ein konsul når han kom fram til Roma (*Tac. Ann.* 15.31).

Her sluttar Tacitus si framstilling av den romersk-partiske krigen om Armenia mellom 58-63 evt. Det han seier om Tiridates sitt opphold i Roma har desverre gått tapt. Difor kjem eg no til å bruke Dio Cassius og Suetonius for å greie ut kva som skjedde i Roma medan Tiridates var der. Dio sitt hendingsforløp om krigen fram til Tiridates si reise til Roma er lik Tacitus sin, bortsett frå at han er meir kortfatta og ikkje kjem med så detaljerte opplysningar.

I følge Dio kjem Tiridates til Roma i år 66. Han har med seg fleire av sönene sine, samt fleire søner av Vologaesus, Pacorus av Media og Monobazus av Adiabene. Sidan han reiste over land fekk følget hans mykje merksemd, og folk strøymde til for å sjå han. Dio seier at Tiridates var på høgda av sitt ry på grunn av alderen, venleiken, familien og intelligensen sin. Med seg hadde han 3000 partiske ryttarar og mange romerske legionærar. Dette opptoget kosta den romerske statskassa 800 000 sestertiar dagleg og varte i 9 månadar. Når Tiridates kjem til byen Neapolis møter han Nero personleg, og kneler for han og kallar han herre (Dio 63.1-2).

Dio fortel at både i Neapolis og seinare i Roma blir det halde store festar og arrangert mykje underhaldning der begge herskarane deltek. Tiridates underheld ved å gjennombore to oksar med eit enkelt pilskot, medan Nero syng lyrikk og køyrer i hestevogn (Dio 63.3-4 og 6). I Roma blir det heile feira ved at Tiridates kneler for keisaren midt på Forum og får tilbake kongediademet (Dio 63.4). Suetonius gir oss noko tilleggsinfomasjon om sjølve seremonien. Han seier at Tiridates blei vist fram til folket medan Nero hadde på seg triumfdrakt og gjekk saman med militærinsignia og legionsstandartar. Når Tiridates skulle få tilbake kongediademet måtte han gå opp ei rampe til Nero og underkaste seg keisaren. Etter dette tok Nero handa hans, reiste han opp, kyssa han og bytta ut turbanen hans med kongediademet. Denne underkastelsen blei omsett og lest opp offentlig (Suet. *Ner.* 13).

Når Tiridates skal reise tilbake til Armenia får han i følge Dio gåver til ein verdi av 200 millionar sestertiar og løyve til å bygge opp att Artaxata. Til dette formålet får han også med seg mange romerske handverkarar (Dio 63.6). Også Suetonius nemner dei enorme summane som Tiridates får med seg tilbake, og seier at han fekk over ein million gullstykke i avskjedsgåve frå Nero (Suet. *Ner.* 30). Tilbake i Armenia bygde Tiridates opp att Artaxata og kalla den for Neronia (Dio 63.7). Dermed var det igjen blitt fred mellom Roma og Partia.

Analyse av etableringa av arsakidedynastiet i Armenia

Etter seks år med krigshandlingar slutta endeleg den lengstvarande krigen nokonsinne mellom Roma og Partia. Eg skal no gå vidare og analysere handlingane og utfallet av denne konflikten. Som vi såg var dei utløysande årsakane til krigen dei eskalerande ingrepa som romarane, partarane og også naboane frå Hiberia gjør i Armenia. Men det viktigaste inngrepet ser ut til å skje når Vologaesus prøver å setje inn broren sin som konge over Armenia. Romarane ser eigentleg ikkje ut til å bry seg så mykje om kven som styrer over Armenia så lenge det er dei som får bestemme kven det er, og så lenge partarane viser dei den respekten romarane meinte dei fortente. Ære blir av Tacitus nemnd som ein motivasjonsgrunn for Corbulo fordi han ville gjenerobre områda som hadde blitt erobra av Lucius Lucullus og Pompeius Magnus. Sett frå partarane si side starta krigen fordi Vologaesus ville gi broren sin eit kongerike å herske over, og når han blir nekta det går han til krig. Men det er viktig å merke seg at partarane prøver å halde seg vekke frå krigshandlingar mot romarane, og prøver for det meste å kriga mot armenarane når dei er støtta av romarane eller gjennom Tiridates. I starten av krigen gir Vologaesus romarane gissel for å hindre at det bryt ut krig. Han blir også tvinga vekk frå Armenia når romarane samlar hærane sine langs Eufrat og truar med å

gå over elva. Først når romarane installerer sin egen kandidat som konge over armenarane og at den indre uroa kjem under kontroll i Partarriket kjem partarkongen sjølv på bana i Armenia. Men også romarane ser ut til å ville unngå direkte konfrontasjon med partarane så lenge det er mogleg. Eit døme på dette skjer i år 62 når Corbulo får Vologaesus til å trekke seg ut av Armenia, og samtidig trekker ut dei romerske styrkane. I følge Sherwin-White hadde Augustus gitt i ordre til etterkomarane sine om å gjere alt dei kunne for å unngå direkte konfrontasjon med partarane. Han meiner at både Tiberius og Claudius såg ut til å trekke støtta si til ein romersk kandidat på den armenske trona på grunn av sterkt press frå partarane. Også Corbulo blir nemnd her, fordi han ikkje følger etter Tiridates inn i det partisk-kontrollerte Media Atropotane (Sherwin-White 1984:334-335).

Ein grunn til at Vologaesus gjer brødrene sine Tiridates og Pacorus til kongar over høvesvis Armenia og Media kan vere for å hindre den indre striden som stadig vekk var i Partarriket. I følge Tacitus var Armenia det tredje viktigaste kongeriket i Partarriket, nettopp etter Media og Partia sjølv (*Tac. Ann.* 15.2). Det er mogleg at han gjorde dette for å hindre brødrene sine å gjere opprør mot han, ved å gjere dei til kongar av dei to viktigaste og mest prestisjefyllte kongedøma i imperiet.

Som vi såg tidlegare skiftar krigslukka gjennom heile krigen. Når dei til slutt kjem fram til kompromisset ved Rhandea har både romarane og partarane blitt påført fleire sviande nederlag. Romarane lid eit stort nederlag ved Rhandea når dei er leia av Paetus, og partarane lid ved at den armenske hovudstaden Artaxata blei øydelagt. Men når Tiridates endeleg går med på å møte Corbulo er det romarane som har overtaket. Dette viser seg ved at både Tiridates og Vologaesus ber om fred når Corbulo igjen marsjerer mot Armenia. Det er også verdt å merke seg at den avtalen dei kjem fram til var den romarane var ute etter heile tida, men som partarane ikkje ville akseptere. Som vi såg tidlegare sa Vologaesus mellom anna at han nekta at broren skulle få kongemakta gjennom nokon andre enn seg sjølv.

Likevel er det fleire moderne forfattarar som nemner denne ordninga som Corbulo og Tiridates kom fram til ved Rhandea som like god for begge partar. Til dømes meiner Malcolm Colledge at den oppfyller både romersk ære og partiske krav (Colledge 1967: 51). Albino Garzetti på si side meiner at sjølv om dette kompromisset hadde sikra fred for romarane i aust for ei stund, var det partarane som kom best ut av det, sidan dei hadde sikra seg effektivt eige av Armenia (Garzetti 1974: 170). Brosius seier at dette kompromisset gav partane delt kontroll over Armenia, Partia gjennom at dei fekk utnemne ein arsakideprins til konge over Armenia, og Roma fordi dei fekk halde på sitt

politiske overherredøme over Armenia (Brosius 2006: 100).

Det ser dermed ut som om partarkongen skiftar meining i løpet av krigen. Ein grunn til dette kan vere som Tacitus seier at romarane hadde fred over heile riket, medan det var opprør fleire stader i Partarriket (*Tac. Ann.* 15.27). Det kan vere at Vologaesus såg på dette som den einaste moglegheita til å oppretthalde si eiga og familien si ære. I følge Tacitus blei Vologaesus satt under eit enormt press frå både den partiske eliten og andre allierte småkongar når Tiridates blei jaga ut av Armenia (*Tac. Ann.* 16.1). Dette kan fort ha påverka Vologaesus sitt ønske om eit kompromiss. Dessutan var den partiske eliten så mektig at det var lurt å ikkje gi dei grunn til å kaste kongen og setje inn ein ny kandidat, som dei hadde makt til å gjere.

Når Tiridates kom til Roma for å ta imot kongediademet frå keisar Nero blei det heile feira i stor stil i den romerske hovudstaden. Eg skal no prøve å analysere den rolla som dei romerske historieforfattarane gir Tiridates når han var i Roma. Det som vekte interessa mi her er ei setning hjå Tacitus der han lurer på om folk såg forskjell på Tiridates og ein fange når han kom til Roma (*Tac. Ann.* 15.29). Dette var kanskje grunnen til at Vologaesus kravde at broren hans ikkje skulle utsetjast for nokon form for slaveri når han var i Romarriket. Likevel ser vi eit klart skodespel i Roma der Nero spelar herren og Tiridates spelar slaven. Frå Dio Cassius si framstilling har vi ein samtale mellom Tiridates og Nero frå kroningssermonien. Tiridates legg i følge Dio vekt på slektskapet sitt med kongane Vologaesus og Pacorus, før han rett ut kallar seg for Nero sin slave, og at han tilber Nero slik han tilber den iranske guden Mithras. Nero svarar i følge Dio med å hylle den armenske kongen for å ha kome til Roma, men at han må huske på at kongemakta hans kjem gjennom Nero, og ikkje Tiridates si fornemme familie. Nero avsluttar med å seie at det er han som har makt til å gi eller ta ifrå kongeriket slik han sjølv vil. Frå dette kan vi få eit inntrykk av kva den romerske eliten la i møtet mellom dei to herskarane. Nero peikar her på at det er gjennom han at Tiridates har blitt konge over Armenia, ikkje gjennom verken faren sin eller brødrene sine (Dio 63.5.2-3). Dette vil bety at romarane såg på Armenia som noko dei bestemte over, og som var innanfor deira interessesfære.

Suetonius seier at Nero lurte Tiridates til Roma gjennom vidunderlege lovnader (Suet. *Ner.* 13). Kva han meinte med dette er litt uklårt, men eit alternativ kan vere at han brukte Tiridates til å vise Roma sitt folk om kor mykje sterkare Romarriket var enn Partarriket, og for å prøve å dekke over det faktum at krigen eigentleg enda uavgjort.

Det er også verdt å merke seg at i løpet av denne konflikten er Armenia på eit par tidspunkt verken under Roma eller Partia. Tacitus seier at etter Paetus sitt nederlag i år 62 blir Armenia fritt for overherredøme utanfrå (Tac. *Ann.* 15.17). Ei mogleg tolking kan vere at Tiridates fekk styre i fred utan verken militær støtte frå partarane eller innblanding frå romarane. Dette varer ikkje lenge, sidan romarane ikkje går med på avtalen Paetus kom fram til ved Rhanda, fordi dei meinte at den var fornedorande.

Eg skal no vidare prøve å tolke denne konflikten utifrå Luttwak sine teoriar. I denne konflikten ser det ut som om Luttwak har litt rett når han kallar Armenia for ein bufferstat. Men sidan det til slutt blir eit slag mellom romarane leia av ein romersk general og partarane leia av kongen sin, i slaget ved Rhanda, strekk ikkje buffermodellen heilt til. Vidare har Luttwak eit par teoriar om kvifor det var så viktig å forhindre at ein partisk prins blei konge over Armenia. Han argumenterer for at dersom Armenia kom heilt under partisk styre, slik han tolkar var målet til Vologaesus, måtte romarane både verje både fronten ved Syria og fronten ved Kappadokia og Pontus. Vidare seier han at sjølv om romarane ikkje vann ein stor siger i Armenia, og at Tiridates fekk lov til å bli konge over Armenia, var dei strategiske gevinstane store. Dette gjorde nemleg at ein slapp å plassere ein legion ved Kappadokia-Pontus og dermed spare kostnadene. Luttwak ser det som sannsynleg at partarane kunne ha utplassert troppar i Armenia dersom partarane fekk styre der åleine. Dei troppane kunne då lett angripe dei romerske provinsane frå ein annan vinkel (Luttwak 1976: 105-107). Akkurat det ser eg på som litt usannsynleg, sidan partarane i det store og heile ser ut til å ville unngå krig med romarane. Dessutan ser det ut som om dei lokale småkongane i Partarriket, som Tiridates ville blitt ein av, hadde sine eigne uavhengige hærar.

I forhold til David Braund sine teoriar ser vi i denne konflikta eit godt døme på ein konge som reiser til Roma for å styrke forholdet sitt til romarane, som eg snakka om i kapittel 1. Han meiner at når ein konge reiste inn til Roma var det for å vise at Roma aksepterte kongen og at kongen aksepterte Roma si makt. Tiridates tek det enno eit steg lengre, når han kallar den nye armenske hovudstaden for Neronia etter den romerske keisaren. Dette viser at arsakidane var fornøgde med den nye ordninga.

Suetonius peikar også på noko liknande, når han skriv at då Nero døydde ba Vologaesus av Partia romarane om å heidre minnet til Nero. Suetonius kjem også med ein annan anekdote om ei hending som skjedde langs den romersk-partiske grensa tjue år etter Nero sin død. Då kom det ein mann til partarane som sa han var Nero, eit namn som i følge Suetonius var så kjært hjå partarane at dei ville

støtte han i alt han gjorde, men at dei måtte gi han opp til romarane (Suet. *Ner.* 57).

Delkonklusjon

No som vi bevegar oss over i arsakideperioden i armensk historie ser vi at det blir vanskelegare å skilje mellom armensk politikk og partisk politikk. Når dei to kongefamiliane blir så tett samanknytta som dei blir etter denne konflikta, gjennom at den partiske kongen var broren til den nye armenske kongen, ser det ut som om romersk politikk vis-a-vis partarane blir lik den dei har vis-a-vis armenarane.

For romarane sin del verkar det som om det ikkje var så farlig kven det var som styrte over Armenia, så lenge det var dei som fekk bestemme det. Det ser vi gjennom at romarane er tidleg ute med å foreslå at Tiridates skal kome til Roma og bli krona av keisaren og slik få ein slutt på heile konflikten. Dette kan vere fordi, som eg sa tidligare, at Augustus hadde gitt i ordre til etterkomarane sine om å unngå ein krig mot partarane. Men når dette ikkje går er dei raske til å vise partarane at det er dei som er den sterkeste parten i området.

Som vi såg tidligare i analysen har mange moderne forfattarar tolka utfallet av denne krigen som eit uavgjortresultat, men eg meiner at alt i alt er det partarane som kjem best ut av denne konflikten. Den armenske politikken har fått ei kraftig dragning austover og romarane har mista mykje av den innflytelsen dei hadde over landet. Til tross for at romarane får ei viss symbolsk makt over Armenia, må ein kunne seie at Armenia ikkje lenger var ein romersk klientstat, men heller hadde blitt ein del av det partiske storriket.

Armenia si rolle i denne konflikten ser ut til å vere redusert til ein plass der både romarane og partarane kan tevla om styrkeforholdet seg imellom. Armenia som ein sjølvstendig og uavhengig aktør forsvinn ut av maktspelet, og blir istaden knytta sterkare til dei to konkurrerande imperia gjennom deira dynastiske politikk. Ein kan eigentleg sjå det slik at den armenske uavhengigheita forsvinn etter at artaxidane forsvinn.

Eit nytt dynasti, ein ny strategi

Mellan dei to hendingane eg skal ta for meg i dette kapittelet skjer det ei drastisk forandring i den romerske organiseringa i dei austlige områda. I følge Millar blir Kappadokia under Vespasian slått saman med nokre andre småområde og får to legionar permanent plasserte der. Også klientkongedømet Kommagene blir annektert på denne tida og blir gjort til ein del av provinsen

Syria. Dette held fram under Trajan, som i 106 annekterer kongedømet Nabatea som også fekk ein legion stasjonert der (Millar 1967: 116-117). Luttwak peikar på at under dei flaviske keisarane blei to legionar permanent stasjonerte i Anatolia der dei erstatta det gamle klientkongesystemet som hadde vore gjeldande før. Den eine legionen blei stasjonert i Kappadokia, medan den andre blei stasjonert i byen Satala, i det som tidligare hadde vore Armenia Minor. Vidare seier han at når Trajan tok over som keisar var den austlige grensa ikkje god nok, først og fremst på grunn av lite nedbør i grenseområda (Luttwak 1976: 107).

Parthia Capta!

-Armenia si rolle i Trajan sin partarkrig

Det skjedde altså fleire nye utviklinga i den romerske nærausten i perioden mellom Nero og Trajan sine partarkrigar. I perioden mellom 113 og 117 hadde Trajan eit stort felttog mot aust, og det skal vi sjå nærmare på no.



(Bilete 10: Denne bysten av Trajan er henta frå http://en.wikipedia.org/wiki/File:Traianus_Glyptothek_Munich_336.jpg den 30.4.2011.)

Eit stort problem med å analysere Trajan sin partarkrig er det manglande og fragmentariske kjeldegrunnlaget. Det som eigentleg burde vere hovudkjelda til denne hendinga, Arrian sin *Partika*, som var ein gjennomgang av Trajan sin partarkrig, har blitt overlevert kun i små fragment gjennom

bysantinske krønikeforfattarar. Også Dio Cassius sitt kapittel om Trajan er ufullstendig.

Hendingsforløp

På grunn av dei fragmentariske kjeldene er det vanskeleg å seie nøyaktig når Trajan (bilete 10) startar invasjonen av Armenia og Partarriket, og kor mange angrep han gjorde mot dei. Også motiva for krigen har blitt mykje diskutert i moderne tid. Eg skal kome tilbake til problema som oppstår ved dei manglande kjeldene i analyseringa av denne konflikta, og eg kjem heller ikkje til å bruke årstal direkte i hendingsforløpet. Men først skal eg gå gjennom det Dio Cassius meinte var hendingsforløpet i konflikten.

Det som utløyser Trajan sin partarkrig er i følge Dio eit brot på avtalen som blei etablert under Nero. Partarkongen Osroes har nemlig avsatt den tidlegare kongen av Armenia, Exedares, og satt inn sin eigen kandidat, ein partisk prins som heitte Parthamasiris, som konge over armenarane. Parthamasiris var sonen til den forrige partarkongen Pacorus, og nevøen til Osroes. Dette provoserer Trajan til å samle den romerske hæren og marsjere mot aust. På veg til Syria får Trajan fleire brev frå partarkongen der han ber om venskap, men Trajan svarar at venskap kun kan visast gjennom handlingar og ikkje gjennom ord (Dio 68.17). Også Parthamasiris har lite hell i å få kontakt med Trajan gjennom brev. I det første brevet sitt kallar han seg sjølv konge, noko som i følge Dio gjer at Trajan ikkje svarar. I det neste brevet modererer han seg og utelet kongetittelen, slik at han får kontakt med keisaren, og ved byen Elegeia i Armenia møtest Trajan og Parthamasiris. Når Parthamasiris stig fram for Trajan legg han kongediademet ved føtene til keisaren, og forventar at han skal få det tilbake på same måte som Tiridates fekk diademet sitt av Nero. Når han gjer dette hyllar hæren Trajan og kallar han Imperator, i følge Dio fordi dei såg på det som ein siger fordi Parthamasiris stod framfor ein romersk keisar utan kongediademet sitt og såg dermed ut som ein fange. Trajan gir det heller ikkje tilbake, men kunngjer i staden at Armenia skal vere ein romersk provins under ein romersk guvernør (Dio 68. 19-20). Parthamasiris blir sendt vekk, og døyr under mystiske omstende. Etter det legg Trajan heile Armenia under seg (Dio 68.18.3).

Under dei neste to krigssesongane hærtok Trajan Mesopotamia og tek byane Babylon og den partiske hovudstaden Ktesifon. Etter at han har erobra Ktesiphon får han ærestittelen *Particus* av senatet (Dio 68. 28.2). Dio skriv også at grunnen til at Trajan kunne erobre dei partiske områda så lett var fordi det var borgarkrig mellom partarane på denne tida (Dio 68.26.4). Etter dei siste erobringane reiser han til Persiabukta og ser eit skip segle til India, men forstår at han verken kan reise til eller erobre India på grunn av alderen sin. Men når han kjem tilbake til Babylon får han vite

at mange av dei erobra områda har gått til opprør mot romarane (Dio 68. 29-30). For å prøve å løye problema gir han partarane ein ny konge som heitte Parthamaspates som skulle vere lojal mot romarane og blei krona av Trajan sjølv (Dio 68.30.3). Vidare prøvde han å ta tilbake byen Hatra i Mesopotamia som hadde gått til opprør, men klarer det ikkje (Dio 68.31). Når også jødane i Kyrene, Egypt og Kypros gjer opprør blir situasjonen verre for Trajan (Dio 68.32). Trajan planla i følge Dio eit nytt angrep på Mesopotamia, men på grunn av ein sjukdom som han hadde fått etter den mislukka kringsetjinga av Hatra startar han heller på tilbaketuren til Roma, men dør før han kjem fram (Dio 68.33.3).

Dei romerske erobringane blir forlatt av Trajan sin etterfølgar Hadrian og dei nye provinsane Armenia, Mesopotamia og muligens Assyria blir overgitt. Partarane gjer også opprør og kastar ut den romerskstøtta kongen Parthamaspates (Dio 68.33.1-2). Kart 6 viser korleis det romerske imperiet såg ut rett før Trajan døydde, med dei nye austlege provinsane, Armenia, Mesopotamia og Assyria, teikna inn.



(Kart 6: Kartet er henta frå http://en.wikipedia.org/wiki/File:RomanEmpire_117.svg den 10.03.2011, og viser Romerriket etter Trajan sitt felttog mot partarane.)

Analyse av Trajan sin partarkrig

Slik er altså Dio Cassius si framstilling av Trajan sin invasjon av Partarriket. Eg skal no vidare analysere kvifor Trajan invaderte og kva han ville oppnå med invasjonen. Eg skal også sjå på kva

rolle Parthamasiris og Armenia har fått av både dei romerske historikarane og av moderne forskarar i denne konflikten. Til slutt skal eg sjå på om denne krigen kan sjåast på som eit ledd i utviklinga som dei flaviske keisarane starta med i den romerske austen, slik som mellom andre Luttwak meiner.

Dette er ikkje ein vanskeleg konflikt å analysere, sjølv om kjeldegrunnlaget er mangefullt i forhold til dei andre konfliktane som blir belyst i denne oppgåva. Til gjengjeld er den mykje betre omhandla i sekundær litteraturen enn nokon av dei andre konfliktane eg har tatt for meg tidligare. Den første debatten som var rundt Trajan sin partarkrig var å få tidsbestemt alle dei ulike hendingane og få i stand ein viss kronologi. Dette blei gjort av mellom andre F. A. Lepper, som eg kjem til å referere ein del til i resten av analysen. Som vi såg i kapittel 1 var Lepper ein av dei første som prøvde å få klargjort fleire av spørsmåla som fantest om Trajan sin partarkrig, som til dømes når og kvar dei ulike hendingane skjedde.

Som eg sa i hendingsforløpet var utkastinga av den godkjende kongen av Armenia, Exedares, den grunnen som i følge Dio var den Trajan sjølv skulle ha gitt som grunn til å invadere. At dette brotet på kompromisset som blei skapt under Nero gjorde både romarane og Trajan fornærma er tydeleg. Partarane på si side har tydelegvis feilbereksa kva konsekvensar dette ville få, sidan dei med ein gong ber om fredsavtalar når dei ser at romarane samlar troppe sine langs den romersk-partiske grensa. Også Parthamasiris ser at han kan ha gått for langt når han tok over kongetittelen utan romarane si godkjenning. Han prøver å få kontakt med Trajan med ein gong han kjem til regionen, for å bli godkjent som armensk konge. Handlingane til både armenar- og partarkongen viser behovet deira for sanksjonar og tillating frå Roma.

Strid om den armenske kongen var kanskje ei utløysande årsak til Trajan sin partarkrig, men mange moderne historikarar har meint at det også låg andre årsaker bak krigen. F. A. Lepper gir til dømes tre grunnar til at Trajan starta krigen. Den første er økonomisk. Denne grunnen var også den mest brukte grunnen i Lepper si samtid. Lepper presenterer argument for at Trajan ville sikre seg kontrollen over dei viktige handelsrutene i austen. Dette kjem fram gjennom hendingar tidlegare i Trajan si regjeringstid, som til dømes annekteringa av Nabatea og ryddinga av den gamle kanalen som gjekk mellom Kairo og Raudehavet (Lepper 1948: 159). Men Lepper meinat at denne måten å sjå på Trajan sin partarkrig ikkje strekk til, fordi då må ein tenke seg at Trajan hadde tenkt å avslutta felttoget i 116 og at kjeldene ikkje nemner dette som mål for Trajan (Lepper 1948: 160-163). Likevel seier Lepper at ein ikkje bør avvise denne teorien med ein gong. Han ser at ein kan sjå på

det økonomiske grunnlaget som ein del av grunnen til Trajan sin invasjon, og at han neppe gikk til krig utan å først tenke over dei økonomiske gevinstane ein slik krig kunne få (Lepper 1948: 160).

Dette finn vi igjen også i kjeldene. Dio seier mellom anna noko som kan tyde på at Trajan var ute etter økonomisk gevinst var turen hans til Persiabukta der såg eit handelsskip reise til India. Men Dio seier også vidare at Trajan nettopp hadde starta å fatte interesse av India (Dio 68.29.1).

Den andre grunnen Lepper gir er at Trajan vidareførte den austlege strategien til dei flaviske keisarane for å sikre dei austlege grensene. Som eg nemnde tidlegare hadde fleire av dei gamle romerske klientkongedøma i austen blitt gjort om til romerske provinsar på denne tida, og det er fleire forfattarar som har sett på denne krigen som det neste ledet i denne strategien. Lepper meinar at det grenseområdet som Trajan lagar i år 115 er ei forbetra utgåve av den flaviske fronten, fordi den hadde endelig tatt inn Armenia, noko som kunne ha gitt Roma ein sikker og kommanderande posisjon i Kaukasus. Det gav romarane også ei alternativ rute til Ktesifon (Lepper 1948: 121). Freya Stark meiner at når Trajan annekterte Armenia kunne han ikkje slutte der fordi den nye grensa då hadde vorte for därleg. Ho meiner at Trajan etter dette ikkje hadde noko anna val enn å lage ei ny grense ved Tigris-elva (Stark 1966: 209).

Luttwak er også inne på dette når han snakkar om det andre systemet sitt. Han meiner at Trajan prøvde å lage ei vitskapleg grense forbi Eufrat som både kunne gi eit dybdeforsvar mot både Antiokia i vest og Armenia i nord, og gå til flankeangrep på hærar som avanserte inn i det sørlege Armenia og også avskjære alle hærar som bevegde seg vestover langs Eufrat. Ein anna fordel med denne grensa var at den hadde nok nedbør til å forsyne grenselegionar og til å bygge ut romerske byar i området (Luttwak 1976: 108). Luttwak er også klar over denne debatten som Lepper prøver å få orden i, men er sjølv mest einig i dette motivet (Luttwak 1976: 110).

Den tredje og siste grunnen som Lepper kjem med er at Trajan gjorde det for å vinne ære. Dette er også nemnd i Dio Cassius si framstilling, og er den grunnen som har blitt brukt mest i tida før Lepper. Albino Garzetti skriv at denne grunnen har blitt kritisert i moderne tid fordi det ikkje passar med det kjeldene seier om Trajan si tidlege karriere. Men også han seier vidare at den kan ha vore medvirkande i Trajan sitt val om å invadere (Garzetti 1974: 363). Julian Bennett på si side seier at Trajan ville overgå sin eigen ungdom og sine tidlegare bedrifter, som til dømes erobringa av Dacia. Bennett peikar også på at Trajan forandra seg når han beli eldre. Han seier at Trajan blei meir opptatt av Alexander den Store, og ville som mange andre romerske generalar prøve å overgå den

makedonske erobraren før han døydde (Bennett 2000: 191-192).

Kjeldene gir også eit innblikk i ei forandring hjå Trajan mot slutten av livet hans. Dio Cassius seier tidlegare i framstillinga si av Trajan si politiske karriere at sjølv om Trajan likte å føre krig, blei han alltid nøgd når han hadde oppnådd det han skulle oppnå (Dio 68.7.3), men det er det lite som tyder på at han viser like stort måtehald undervegs som denne krigen utviklar seg. Sjølv om dei fleste av dei moderne historikarane nemner erobringa av Ktesifon og Babylon som dei store bedriftane til Trajan, må ein ikkje gløyme at når Trajan gjer Armenia til ein romersk provins ville det også ha gitt han mykje ære. Vi må ikkje gløyme at strid om og med Armenia hadde vore vanleg i den romerske utanrikspolitikken i nærausten i nesten 200 år, og ein så enkel og overlegen siger som Trajan får over Parthamasiris må ha gjort eit stort inntrykk på det romerske folk.

Eit anna perspektiv som kan vere fruktbart å ta med seg når det gjeld Trajan si søking etter ære og prestisje er Hadrian si rolle i framstillinga av denne konflikten. Lepper skriv at sidan hovudkjelda til denne krigen, Arrian sin *Partika*, blei skriven under Hadrian si regjeringsperiode, kan det ha påvirkat måten Arrian skreiv dette på. Dette kjem tilbake i Dio sin tekst, fordi Lepper seier at Dio sannsynligvis brukte Arrian si framstilling som basis for si eiga forteljing. Vidare seier Lepper at for Hadrian måtte det ha vore viktig at heile krigen mot partarane blei diskreditert, slik at han kunne lettare forsvare dei vala han gjorde under regjeringsperioden (Lepper 1948: 202-204).

Kvifor klarte då ikkje Trajan å gjennomføre erobringane sine, men måtte sjå dei falle i grus på dødsleiet? Her er det fleire moglege grunnar, og sannsynligvis var fleire av dei gjeldande for tilbaketrekkinga frå dei nye provinsane. Lepper nemner at når Trajan reiser til Persiabukta blir det romerske forsvaret overanstrengt og får for stor avstand til leiaren sin. Når så partarane endeleg klarer å samle styrkane sine og slå tilbake mot romarane, skjer det samtidig med eit massivt opprør i fleire av dei nye provinsane. Sjølv om Trajan og generalane hans klarer å få kontroll over situasjonen gjennom å slå tilbake partarane og krone Parthaspates som konge over Partarriket, var dei romerske tapa store, og mellom anna nemner Lepper at byen Hatra og kongedømet Adiabene ikkje lenger romerske (Lepper 1948: 211-212). I tillegg til dei problema kom det store jødiske opprøret som skjedde i andre delar av imperiet. Dei la i følge Lepper beslag på mykje av dei romerske styrkane. Dette var styrkar som måtte bli sendt vekk frå fronten i aust, noko som gjorde romarane mykje mindre slagkraftige (Lepper 1948: 212). Luttwak meiner at dette var ein av hovudgrunnane til at denne invasjonen til slutt blei mislukka. Han meiner at fordi romarane ikkje hadde utvida talet på legionar sidan Augustus si regjeringsperiode, så hadde dei ikkje nok troppar til å

halde på dei nye provinsane samtidig som dei klarte å verge resten av imperiet frå andre fiendar. Vidare meinar han at Partia ikkje var sterkt nok til at ein kunne bruke så mykje makt for å halde på dei nye områda, men at dei likevel var sterke nok til å hindre at romarane fekk inkorporert dei nye provinsane sine (Luttwak 1976: 111).

Ein må også ta med Trajan sin sjukdom, som brått gjorde seg gjeldande, som ein mogleg forklaringsgrunn til at dei nye provinsane måtte bli gitt opp. Den gjorde at beleiringa av Hatra blei mislukka, og at han måtte reise tilbake til Roma for å ordne spørsmålet om ettarfølgaren sin. Lepper meiner at det var dette som gjorde at Trajan ikkje kunne gjere seg ferdig i Mesopotamia i 117 (Lepper 1948: 212). Igjen er Hadrian si rolle ganske viktig i avslutninga av denne krigen. Lepper nemner at han hadde fleire rivalar som kunne gå til krig mot han om keisartittelen, og at han difor måtte bruke legionane i Syria som pressmiddel mot dei. Dette gjorde at partarane kunne kome med gode krav for ein fredsavtale, slik at Hadrian var fri til å både slå ned på det jødiske opprøret og sine potensielle rivalar (Lepper 1948: 212-213).

Ingen av dei moderne forfattarane eg har tatt for meg så langt har sett på Armenia og den armenske kongen som den eigentlege grunnen til å gå til krig, og har heller sett på bakomliggende grunnar til Partarkrigen. Innsetjinga av Parthamasiris som den armenske kongen får hjå alle status som *casus belli* (den utløysande årsaken til krigen), men ingen av dei ser lenger enn det når det gjeld Armenia. Bennett meiner til dømes at når Dio seier at Trajan nektar å svare på dei partiske ambassadørane i Aten, er det eit klart teikn på at han hadde tenkt å gå til krig mot partarane uansett (Bennett 2000: 194). Dei fleste av dei eldre forfattarane, som Lepper og Luttwak, ser på innvasjonen av Armenia som eit ledd i ein ny grensepolitikk mot aust. Lepper meinar også at Armenia blei angripen fordi det var den beste vegen inn i Partarriket, gjennom å bruke same vegen som Marcus Antonius hadde brukt og unngått Crassus sin mars gjennom Mesopotamia (Lepper 1948: 161). Det er mogleg å tenkje seg at dette var noko Trajan tenkte på dersom han ville erobre Ktesifon og ville unngå skjebna til Crassus sine legionar.

Eit anna spørsmål eg meiner ein bør belyse om Armenia, er kva skjedde med landet etter dei romerske tilbaketrekingane? Her finnst det få opplysningar frå kjeldene, men Lepper seier til dømes at Armenia Maior blei gitt til ein konge ved namn Vologeses (Lepper 1948: 213). Om han var ein klientkonge eller om dei gjekk tilbake til ordninga som blei etablert under Nero, skriv han ingenting om. Luttwak på si side seier at Armenia kanskje blei ein klientstat (Luttwak 1976: 111). Når vi møter Armenia igjen i Dio Cassius si historie er det når Lucius Verus sin partarkrig startar i

år 161. Då er det snakk om at ein romersk legion som var plassert i Armenia i byen Elegeia blei utsletta av partarane (Dio 71.2.1). Dette kan tyde på at Armenia etter Trajan var venlegsinna mot romarane, og det faktum at Dio ikkje nemner nokon guvernør i Armenia kan vere eit teikn på at landet framleis hadde kongar.

Heil til slutt vil eg prøve å sjå litt på kvifor partarkongen kasta ut Exedares, den tidlegare kongen av Armenia. I følge Dio sa han at det var fordi han ikkje var god nok for verken romarane eller partarane, men han forklarer ikkje kva han vidare meinte med det. Det kan vere at det igjen var indre uro i Partarriket, og at Parthamasiris var ein mogleg rival til den partiske trona. Ettersom Parthamasiris var sonen til den tidlegare partarkongen hadde han kanskje god grunn til å gjere opprør mot onkelen sin. Å belønne slektningane sine med kongetitlar over andre mindre kongedøme blei brukt med stor suksess av Vologaesus 60 år før, når han gjer brødrene sine Pacorus og Tiridates til kongar over Media og Armenia som eg nemnde under Nero sin krig i Armenia.

Delkonklusjon

Armenia si rolle i denne konflikten er som den utløysande årsaka til storkrigen mellom Roma og Partia. Det er partisk politikk som får Armenia med i denne krigen, først og fremst fordi det på denne tida blir meir og meir vanskeleg å sjå forskjellen mellom partisk og armensk politikk. Denne hendinga visar også eit samanbrot i ei diplomatisk ordning mellom Roma og Partia som hadde eksistert sidan den blei grunnlagd under Nero for nesten 55 år sidan i år 66.

Armenarane får svi i denne konflikten på grunn av at partarane og Parthamasiris bryt spelereglane som blei etablert under Nero. Vi kan sjå klart at partarane innser at dei har brote nokre grenser ved å setje inn ein armensk konge utan å samhandle med romarane, sidan dei sender ambassadørar til Trajan så snart han kjem til Aten. Også Parthamasiris ser at han har gjort romarane sure. Men den reaksjonen dei får frå Trajan når han kjem til Armenia ser det ikkje ut som nokon hadde venta seg. Kjeldene seier at Parthamasiris blir tatt fullstendig på senga når Trajan erklærer at Armenia skal bli ein romersk provins. Men til tross for dette brotet meinar eg at hovudskylda for at det blei storkrig ligg hjå romarane. Dette er fordi dei ikkje ser ut til å vere interesserte i diplomati med partarane, noko både partarkongen og Parthamasiris ser ut til å ville.

Blant sekundærforfattarane som eg har brukt i denne delen ser vi at dei seinare forfattarane legg meir vekt på ære enn dei tidlegare, som er meir opptekne av den strategiske bakgrunnen og meir rasjonelle grunnar. Eg meinar at Lepper og Luttwak legg litt for mykje vekt på ting vi ikkje blir

fortalt av kjeldene, til dømes gjennom å tillegge Trajan moderne haldningar i forhold til grensepolitikk og handelsruter. Bennet derimot let heller kjeldene tale for seg når han meiner at Trajan først og fremst er ute etter ære, og det er eit syn eg støttar meg på.

Vi kan også sjå at Armenia antakeleg var eit ledd i ein politikk som romarane hadde hatt i dei austlege områda sine etter at Vespasian tek over som keisar. Dei fleste av dei romersk-allierte kongedøma i Nærausten hadde i løpet av Trajan si regjeringstid blitt omgjorde til romerske provinsar. Som vi har sett har det vore mange forfattarar gjennom tida som har peikt på omgjeringa av Armenia som eit vidare ledd i denne politikken frå romarane si side, og det kan vere godt mogleg at det var dette Trajan og rådgjevarane hans hadde i tankane når dei sendte Parthamasiris vekk og kunngjorde at Armenia skulle bli ein romersk provins.

Kapittelkonklusjon

I løpet av dei to konfliktane eg har tatt føre meg i dette kapittelet, ser vi dei endringane som skjer med Armenia etter at artaxidane dør ut. Då kan ikkje lenger dei armenske kongane prøve å spele dei to stormaktene opp mot kvarandre for å sikre sin eigen posisjon slik dei gjorde før. Ein kan eigentlig seie at den armenske uavhengigheita forsvinn etter at artaxidane forsvinn. Når kongeposisjonen i tillegg blir fylt av medlemmer av kongefamiliar frå nabolanda rundt blir det vanskelegare å lage ein rein armensk politikk. Dette når ein topp når kongen blir ein del av arsakideslekta, og blir i familie med den mektige storkongen av Partarriket. Då ser det ut som om den armenske og den partiske politikken blir heilt lik.

Ein kan få mykje interessant ut av å samanlikne dei to konfliktene som vi no har sett på. Mellom anna ser vi at under Nero er det konstant diplomatisk samband mellom Corbulo, Vologaesus, Tiridates og Nero i Roma. Krigen eskalerer aldri over til å bli ein reell krig mellom Roma og Partia før heilt mot slutten, men verken romersk eller partisk territorium blir invadert av motparten. Mykje av krigen går ut på å vise musklar utan å bruke dei. I det store og det heile kan ein sjå på denne konflikten som ein siger for diplomati, sidan dei klarer å kome fram til ei løysing som alle er nøgde med. Krigen endar med at Armenia vender seg austover og romarane mister mykje av innflytelsen dei hadde over landet.

Under Trajan derimot ser vi at diplomatiet ikkje fører fram. Trajan, som var fri frå Augustus sine formaningar i forhold til partarane, ser ikkje ut til å dele Nero sine bekymringar om ein krig mot naboriket i aust. Trajan ser heller ikkje ut til å vise særleg stor interesse for diplomati når han møtar

dei partiske ambassadørane i Aten. Ein annan stor forskjell er møtet mellom Trajan og Parthamasiris og møtet mellom Corbulo og Tiridates. Under det sistnemnde møtet behandla dei kvarandre som likemenn (sjølv om Tacitus seier at Tiridates gjekk av hesten først), medan når Parthamasiris møter Trajan sit keisaren på ein tribune i midten av militærleiren sin. Dette kan vere fordi Trajan var ein keisar medan Corbulo berre var ein general, og dersom ein ser på Tiridates sitt møte med Nero i Roma har det fleire likskapar med Parthamasiris sitt møte med Trajan.

Ein annan tanke eg vil ta med meg vidare er om den nye ordninga om den armenske investituren som blir etablert under Nero verkeleg blei ei varig ordning, og ikkje berre ei midlertidig ordning. Dei fleste av sekundærforfattarane ser ut til å meine at det blei etablert ei varig ordning, men eg er ikkje like sikker. Ingen av kjeldene eg har jobba med nemner eksplisitt at andre armenske kongar reiste til Roma for å bli krona, og det einaste provet som blir gitt er at Parthamasiris håpte på å motta kongediademet frå Trajan på same måte som Tiridates fekk det av Nero. Vi høyrer ikkje om Exedares si kroning til dømes, sjølv om romarane ser ut til å bli veldig sure når han blir kasta ut av partarane. Eit mogleg svar på dette er at ordninga om den armenske investituren blei meir pro-forma, gjennom at den partiske kandidaten sendte eit brev eller noko liknande for å bli godkjendt av romarane. Det er også mogleg å tenke seg at ordninga blei forandra på etter at dei såg dei enorme utgiftene som den romerske staten måtte ut med for å bringe Tiridates til Roma, at dei romerske keisarane heller ville ha ei billigare ordning der det blei ordna per brev. Eit anna viktig punkt er at sjølv om det var 55 år mellom Nero si kroning av Tiridates og Trajan sin invasjon av Armenia var Tiridates ein rimeleg ung mann då han tok over som konge, og kan godt ha regjert lenge. Det kan tyde på at det ikkje var mange kongar mellom Tiridates og Parthamasiris og at det difor ikkje blei tid til å etablere ei ordning for seinare kongar før Trajan gjør om på heile investituren.

Dersom ein ser på utfallet av dei to krigane endte den første definitivt best for begge partar. I etterkant av Nero sin partarkrig har begge imperia klart å halde på si eiga ære på ein fornuftig måte. Derimot er nærausten eit katastrofeområde i etterkant av Trajan sin Partarkrig. Dette fordi romarane må hanskast med eit stort jødisk opprør som har brote ut på tre stader og dei er midt i ein problematisk dynastisk overgang. Partarane har fått hovudstaden sin plyndra og må jobbe for å få tilbake fleire av provinsane og byane sine. Dei hadde også ein romerskvenleg klientkonge som konge over Partia som måtte fjernast. Armenia på si side var sannsynlegvis ei krigssone som hadde blitt herja først av romarane og så av partarane. Feya Stark skildrar utfallet av Trajan sin partarkrig slik: «His (Trajan) policy did harm not only for generations but for centuries...» (Stark 1966: 216). Og for armensk historieskriving i antikken og for heile det partiske riket, gjorde Trajan absolutt det.

Konklusjon og avslutning

No som eg er ferdig med å analysere den perioden eg sette meg føre i innleiinga, er det på tide å sjå nærmare på dei resultata eg fann. I denne siste delen av masteroppgåva skal eg først rekapitulere konklusjonane mine frå dei to forrige kapittela. Vidare skal eg sjå på heile perioden, og kva som forandrar seg for Armenia og naboane og kva som er stabilt. Heilt til slutt skal eg kome med nokre avsluttande tankar om temaet, og kva vi kan trekke ut av denne historia om Armenia. Her kjem eg også tilbake til dei to teoretikarane eg har brukt gjennom heile oppgåva mi, nemlig Luttwak og Braund, og ser på korleis deira teoriar kastar lys over oppgåva.

Kva har blitt gjort?

Den tredje mithridatiske krigen (75-63 fvt.): Då vi først møtte Armenia under den tredje mithridatiske krigen var det eit mektig kongerike under leiing av kongen Tigranes den Store. Han styrte over fleire småkongar og kunne smykke seg med tittelen kongenes konge. Dette var tittelen på dei seleukidiske herskarane og Tigranes tok tittelen etter at han tok herredømet over Syria frå dei. Det var også eit motsvar til den nye makta i austen, partarane, som og såg på seg sjølve som seleukidane sine arvtakarar. Gjennom sin dynastiske allianse med den pontiske kongen Mithridates VI Eupator hadde Tigranes ein mektig alliert som kunne hjelpe han å stå imot dei to nye stormaktene i området. Men dette bryt saman ved dei stadige konfliktane mellom Romarriket og Mithridates som til slutt endar med at Tigranes også blir trekt inn i krigen. Denne konflikten blir katastrofal for Tigranes, som mistar alle sine erobra landområde, men gjennom lurt diplomati klarer han å halde på Armenia og bli ein ven og alliert med romarane. I denne hendinga ser vi at Armenia går frå å vere ei regional stormakt til å bli ein laus klient av det romerske imperiet. Vi kan også sjå at når romarane kjem på bana i den antikke nærausten forandrar dei spelereglane som hadde vore i spel sidan seleukidane si makt begynte å bli svekka i området og mange nye småkongedøme klarte å rive seg lause. I denne konflikten deltek armenarane i spelet om å bli arvtakarane til seleukidane.

Crassus sin invasjon av Partarriket (53 fvt.): Når Tigranes sin son Artavasdes tek over som konge i Armenia får vi den første skikkelege konflikten mellom Romarriket og Partarriket, når den rike og mektige romaren Crassus prøver å erobre Partarriket. Dette endar i total katastrofe for romarane og både Crassus og legionane hans blir massakrerte ved slaget ved Carrhae. I denne konflikten startar Armenia som ein alliert med romarane og tilbyr støtte til det romerske felttoget, men skiftar side når denne alliansen ikkje kan verne Armenia frå partarane. I denne hendinga ser vi at den romerske

kontrollen over Armenia var rimeleg laus. Den ser ut til å vere avhengig av at romarane var den militært sterkeste makta i området. Vi ser også at Armenia under denne konflikten opptrer som ein aktør som heile tida må ta rasjonelle kost/nytte-vurderingar om kven av dei to stormaktene dei skal støtte seg på. Ein kan seie at Armenia prøver å bevare størst mogleg sjølvstende.

Marcus Antonius sin partarkrig (37-33 evt.): I den siste hendinga eg tok føre meg i det første analysekapittelet såg vi på Marcus Antonius sin invasjon av Partarriket gjennom Armenia. Han blir først støtta av Artavasdes av Armenia, men når partarane tek ut kringsetjingsmaskinene og forsyningane til romarane forlet armenarkongen han. På grunn av dette tapet må Antonius trekke seg tilbake til Armenia med store tap. Men han tek hemn seinare ved å ta Artavasdes til fange og legge Armenia under sin kontroll. I denne konflikten ser vi at den armenske politikken vis-á-vis Roma og Partia for første gong ikkje fungerer. Denne politikken gjekk ut på å alltid støtte seg på den sterkeste av dei to, og slik unngå konflikt. Dei armenske kongane prøver også å unngå sterke bindingar til stormaktene for å ha strørst mogleg manøvreringsrom. Grunnen til at det går gale med Armenia og det til slutt blir annektert av Antonius, skuldast nettopp denne mangelen på sterke bindingar, og tanken om å alltid støtte seg på den sterkeste parten. Etter at Artavasdes både har vore med på eit angrep på partarane og så forlet romarane under det same angrepet ser det ut til at begge partar får nok. Det endar med at Armenia blir ståande utan allierte når Antonius tek kongen til fange og gjer sonen sin til konge over Armenia. Landet blir så ein klient av Romarriket.

Partarkrigen under Nero (58-63 evt.): Etableringa av arsakidedynastiet i Armenia startar med ein stor krig mellom Romarriket og Partarriket. Dei siste åra før denne krigen var situasjonen i Armenia veldig kaotisk. Etter at artaxidedynastiet døydde ut, prøver både romarane og partarane å setje inn sine kandidatar på den armenske trona. Det heile eksploderer når partarkongen prøver å setje inn broren sin Tiridates på trona og romarane svarar med krig. Krigen svingar fram og tilbake der den armenske hovudstaden Artaxata blir øydelagt av romarane og ein romersk hær blir audmjuka og slått av partarkongen. Til slutt kjem dei fram til eit diplomatisk kompromiss der Tiridates får lov til å bli konge over Armenia dersom han går med på å kome til Roma for å bli krona av keisaren. Det som skjer i løpet av denne konflikten er at det blir vanskelegare å skilje mellom armensk og partisk politikk, fordi det armenske kongehuset kjem under dei partiske arsakidane. Det skjer også mykje nytt i denne perioden, mellom anna at partarane går frå å vere ein potensiell trussel for Armenia til å fungere som sikkerheit for dynastiet. Dette nye dynastiske sambandet gjer at den armenske politikken blir dreia austover mot Partia. For romarane sin del ser det ut som om målet deira var å få den arsakideætta Tiridates til å reise til Roma for å akseptere Roma sitt overherredøme. Armenia

kan heller ikkje seiast å vere ein romersk klientstat lenger, men må heller seiast å vere ein del av det partiske storriket. Romarane mistar mykje av den innflytelsen dei hadde over Armenia, og sjølv om dei framleis held på ei stor symbolsk makt over landet, må ein seie at det var partarane som no bestemte over Armenia.

Trajan sin partarkrig (114-117 evt.): Brot på den ordninga som blei etablert under Nero i etterkant av Nero sin partarkrig var grunnen som Trajan gav når han invaderte Armenia og Partarriket. Partarane hadde kasta ut den forrige armenske kongen og sett inn ein annan, noko romarane ikkje tolererte. Trajan gjør så Armenia til ein romersk provins før han herjar over dei vestlege delane av Partarriket og tek til slutt den partiske hovudstaden Ktesifon. Men därleg helse hjå Trajan og eit partisk motangrep gjør at romarane må trekke seg tilbake og under Trajan sin etterfølgar Hadrian blir den gamle grensa mellom romarane og partarane gjenopprettet. I denne konflikten ser vi eit samanbrot i diplomatiet som hadde vore i bruk både mellom romarar og armenarar, romarar og partarar, og partarar og armenarar i heile perioden eg har teke føre meg fram til no. Hovudspørsmålet ein kan stille seg i denne konflikta er: kvifor bryt diplomatién saman? Er det romarane eller partarane og armenarane si skyld at systemet bryt saman? Eg meinat at hovudskylda ligg på romarane, fordi armenarane og partarane ser ut til å ville forsøke å løyse konflikten gjennom diplomati, noko Trajan ikkje ser ut til å ville. Politikken til romarane etter at dei julisk-claudiske keisarhuset dør ut, det som blei starta under Vespasian, gjekk ut på at dei gamle klientkongedøma blei omgjorde til provinsar under direkte romersk styre. Også Trajan synest å ha dette som sin politikk når han gjør det gamle nabateiske kongedømet om til ein romersk provins nokre år før han startar partarkrigen sin. Denne nye romerske utanrikspolitikken finn vi også igjen Trajan sin krig, når han gjør både Armenia og Mesopotamia om til romerske provinsar.

Kva forandrar seg?

No har vi kort sett på kva konklusjonar ein kan trekke ut av analysedelen. Vidare vil eg no sjå på kva som er konstant i denne perioden og kva som er stabilt seg, og kvifor dette skjer. Armenia si rolle for nabolanda går gjennom store endringar i løpet av dei 193 åra som var tema for oppgåva. For det første går Armenia frå å vere eit sterkt og uavhengig kongerike under Tigranes den Store til å bli underlagt makta til anten den romerske keisaren eller den partiske storkongen. Grunnen til at denne utviklinga skjer, kan vere fordi at Armenia greier å frigjere seg frå Seleukideriket fordi seleukidane er svake, noko som skaper eit maktvakum. Armenia og andre smårike, som til dømes Mithridates sitt Pontus, prøver å fylle dette vakumet, men det er først når romarane og partarane kjem på banen at dette holet blir fylt. Spesielt romarane med sin ekspansive politikk i nærausten

klarer å opptre som ei erstatning for seleukidane gjennom å legge under seg fleire av dei uavhengige kongedøma som reiv seg fri frå Seleukideriket på 100-talet fvt.

Då vi møtte Armenia under Tigranes hadde han ein dynastisk allianse med svigerfaren sin Mithridates. Slike døme på dynastiske alliansar blir mindre vanlege etter kvart som fleire av dei lokale kongehusa dør ut eller testamenterer riket sitt til romarane. Artaxidedynastiet går også under i løpet av denne perioden, kanskje på grunn av at det blei vanskelegare for dei mindre kongerika å halde saman gjennom giftarmål når dei i staden måtte støtte seg på ei av dei to stormaktene. Tigranes sin politikk på denne tida ser ut til å vere innstilt på å unngå konflikt med romarane så lenge som mogleg. Partarane derimot kom han i konflikt med tidleg i regjeringsperioden si og klarte å stoppe ekspansjonen deira vestover for ei stund. Vi ser også at Tigranes lærer seg dei nye spelereglane som blir introduserte av romarane etter det første angrepet frå Lucullus. Tigranes såg at romarane ikkje ville gi seg før Mithridates hadde blitt endelig slått og at å stå i vegen for det ville bety hans eigen undergang. Så når Mithridates for andre gong kjem for å be om vern mot romarane, vel Tigranes heller å underkaste seg Pompeius.

Ein annan ting som forandrar seg i løpet av denne perioden er styrkeforholdet mellom Roma og Partia. Både Crassus og Marcus Antonius lid store nederlag mot partarane noko som fører til ei enorm frykt for denne motstandaren hjå romarane. Partarane ser ut til å vere i stand til å utnytte den indre uroa som oppstod i Romarriket rundt borgarkrigane, men når Augustus får stabilisert riket sitt ser vi at det heile blir snutt på hovudet og at det er romarane som byrjar å utnytte den stadige indre uroa til partarane i staden. Også den militære overmakta til partarane blir motbevist i løpet av denne perioden. Dette ser vi først under Corbulo, når vi ser at ein godt leia romersk hær ikkje kan bli broten opp like lett som Crassus sine legionar. Også partarane si manglande evne til å kringsetje byar blir openlys under Nero sin partarkrig, når heile den partiske hæren fleire gongar blir slått tilbake av små garnisonar som var i byane. Det heile toppar seg under Trajan, då den romerske hæren kunne kjøre over heile den vestlege delen av Partarriket og ta hovedstaden utan at partarane kunne gjøre noko med det. Det er ikkje lett å seie kva grunnen til denne utviklinga kan vere, men ein mogleg grunn kan vere at romarane møtte ein helt ny type fiende i slaget ved Carrhae, og at frykta for at denne fienden skulle hærta dei austlege provinsane nok var større enn sannsynet for at partarane ville eller kunne gjøre det. Freya Stark seier mellom anna at partarane stadig vekk såg ut til å ville unngå krig mot romarane (Stark 1966: 205). Når romarane får bukt med denne frykta og får laga nye taktikkar og strategiar for å overvinne partarane byrjar krigane å gå romarane sin veg.

Noko anna som forandrar seg i denne perioden er bruken av diplomati som eit middel for å hindre konfliktar. Til dømes blir krigen mellom Tigranes og Pompeius avslutta utan meir blod på grunn av diplomati. Også gjennom heile Nero sin partarkrig ser vi ein konstant diplomatisk korrespondanse mellom dei ulike aktørane, noko som er med på å hindre enorme tap for begge sider. Men vi ser også at det ikkje alltid hjelper med diplomati. Under Crassus sin invasjon kjem dei to partane ikkje fram til noko løysing og under Marcus Antonius sitt felttog brukar partarkongen, i følge Plutark iallefall, diplomati for å lure vekk Antonius frå den mediske byen Praaspa, for derpå å gå tilbake på alle lovnadar han gav. Men det verste dømet på mislukka diplomati skjer under Trajan sin partarkrig. Partar-og armenarkongen sine utsendingar blir ignorerte eller avfeia når keisaren møter dei og Trajan oppfører seg som ein krigsherre også mot dei som kjem for å be om fred, som Parthamasiris prøvar på. Det er vanskeleg å svare på kvifor denne utviklinga skjer. Når det gjeld dei første konfliktane mellom Roma og Partia kan ein av grunnane til det manglande diplomatiet vere at dei to rika ikkje hadde fått etablert varige ordningar om korleis dei kunne unngå krig. Dette skjer først under Augustus når partarane byrjar å gi gissel til romarane, noko som også blir brukt i forkant av Corbulo sitt felttog i Armenia. Grunnen til at Trajan ikkje ville bruke diplomati kan vere fordi at han rett og slett ikkje ønskte å bruke det. Det er mogleg at han meinte at romarane var sterke nok til å herske over Armenia utan innblanding frå partarane, eller at dette var ein del av politikken hans i nærausten, som vi såg på i forrige kapittel. Vi må heller ikkje gløyme at Trajan hadde blitt ganske gammal no, og hadde blitt veldig inspirert av Alexander den Store. Det er mogleg å tenkje seg at han ville overgå sine tidlegare bedrifter, og kva var vel betre enn å erobre den romerske erkefienden gjennom dei siste 150 åra? Armenia si rolle i dette diplomatiet forandra seg også mykje gjennom denne perioden. I starten er dei ein aktør som kan opprette diplomatisk samband med både romarane og partarane, men seinare blir dei meir ei reiskap som romarane og partarane kan konkurrere om.

Også Armenia si rolle i forhold til naboane sine forandrar seg også i løpet av denne perioden. Under den tredje mithridatiske krigen ser Armenia ut som ein sjølvstendig nasjon som ikkje føler at dei må hjelpe Mithridates når krigen går imot han, og kjem berre med når dei dynastiske koplingane gjer det umogleg å overgi han til romarane. I byrjinga av Marcus Antonius sin invasjon av Media opererer armenarane som allierte styrkar som kjem av eigen vilje for å slåss mot ein felles fiende. Også under Crassus sin invasjon tilbyr armenarane i følge nokre av kjeldene å bistå med allierte troppar dersom den romerske generalen ville gå gjennom Armenia til Partarriket. Dette forandrar seg med undergangen til artaxidedynastiet og dei kaotiske åra som følgte. Dei armenske kongane blir meir underdanige dei to store imperia og ser meir og meir ut til å bli brukte som reiskap til

anten fred eller krig. Til dømes brukar Trajan Armenia som ein grunn til å gå til krig mot partarane. Grunnen til at utviklinga går slik er same grunnen til at Armenia si uavhengigheit forsvinn rundt same tid, fordi at artaxidedynastiet går under. Kort oppsummert kan ein seie at Armenia går frå å vere ein sjølvstendig aktør under den tredje mithridatiske krigen til å bli ein alliert med romarane når Pompeius og Tigranes kjem fram til ein fredsavtale. Etter kvart ser vi så at Armenia bli ein klient til anten Roma eller Partia.

Kva er stabilt?

Det er ikkje alt som forandrar seg i denne perioden mellom 75 fvt. og 118 evt., noko held seg stabilt gjennom det heile også. Eit døme på dette er at Armenia, uansett kor mykje eller lite dei kan bestemme over sin eigen lagnad, alltid må forhalde seg til naboane sine på eit vis. Dette ser det ut til at dei armenske kongane var klar over og bevisste på i sin strategi. Til dømes ser kong Artavasdes alltid etter den gunstigaste situasjonen for seg sjølv og landet sitt når han prøver å sjonglere mellom dei to stormaktene. Dette blir heller ikkje forandra etter at artaxidedynastiet går under. Eit anna døme er at den hiberiske tronpretendenten Radamistus som tek over som konge i Armenia under Claudius må forhalde seg både til romarane, som han fornærma ved å erstatte deira kandidat som konge; dessutan partarane, som han kom i konflikt med når dei såg på denne tida som oppprtun til å gjere eit inntog i Armenia; og i tillegg også hiberarare, der faren hans var konge og ein viktig støttespelar. Også dei arsakidiske kongane av Armenia måtte heile tida forhalde seg til naboane, spesielt til sine mektige naboar i vest romarane. Sidan dei måtte ha formell godkjenning frå den romerske keisaren, hadde dei sannsynlegvis god nytte av å ha eit bra forhold til romarane. Det var nettopp eit feilaktig trekk i forhold til romarane som gjorde at Parthamasiris blei styrta og at Armenia blei gjort til ein romersk provins under Trajan.

Også den strategiske betydninga av Armenia held seg nokonlunde stabil gjennom denne perioden. Den geografiske plasseringa til Armenia gjorde at det var viktig å herske over dette landområdet for å kunne kontrollere dei andre småkongedøma og nomadefolka i Kaukasus. Mot desse fungerte Armenia også som buffer. Det låg også slik til at dersom ein partisk eller ein romersk hær marsjerte gjennom landet kunne dei unngå forsvarsverka til fienden lenger sør ved Eufratelva. Også terrenget i Armenia betydde noko for den strategiske betydninga av landet, fordi mange av kjeldene nemner at dei partiske ryttarhærane var mindre effektive der.

Vi kan også snu om på den forrige utsegna mitt, fordi også romarane og partarane måtte forhalde seg til Armenia i heile denne perioden. Hovudgrunnen til dette, spesielt etter at artaxidedynastiet går

under, ser ut til å vere å forhindre den andre parten i å få fullstendig kontroll over Armenia. Denne spesielle situasjonen gjorde at romarane aldri hadde stor suksess når dei prøvde å annektere landet. Under Antonius gikk det store prosjektet han hadde med Cleopatra og borna deira i vasken når Antonius tapte borgarkrigen mot Octavianus ved Actium. Trajan kunne kanskje ha klart å annektere Armenia, men han overanstrengde styrkane sine ved å erobre Mesopotamia og Ktesifon også.

Kva kan ein slutte av dette?

Kva kan vi eigentleg trekke ut av denne 193 år lange historia om Armenia, frå den tredje mithridatiske krigen braut ut til Hadrian ga opp dei austlege provinsane til Trajan.? For det første kan den fortelje oss om romersk grensepolitikk i denne perioden, dersom vi brukar Armenia som eit døme på korleis Roma behandla allierte kongerike, gjennom både belønning og straff. Gjennom denne perioden har vi sett ei utvikling i romersk grensepolitikk frå eit laust system med venlengje kongar til meir direkte styring når dei gamle venlengje kongerika blir gjort om til romerske provinsar. Men sjølv om mange av dei gamle romerske klientkongedøma blei omgjort til romerske provinsar betyr det ikkje døden for klientkongesystemet, ettersom fleire nye klientkongedøme vart oppretta i dei nye grenseområda, mellom anna i Kaukasus nord for Armenia etter at landet blei annektert. Armenia er også interessant å sjå på fordi det var ein rimeleg sterk aktør i forhold til dei ulike fyrstedøma og småkongerika i sentrale og sørlege Syria. Dette gjer at Armenia er ein aktør som romarane ikkje kunne unngå å forhalde seg til, som vi såg tidlegare.

Vi har også fått eit innblikk i korleis romarane godkjende venlege kongar og korleis dei kunne kontrollere dei. Som Braund seier var det vanleg både under republikken og seinare under principatet at ein klientkonge ville bli godkjent av romarane (Braund 1984: 24-26). I mi forteljing om Armenia ser vi at sidan dei armenske kongane aldri heilt var innanfor den romerske interessenfæren, var dei vanskelegare å kontrollere enn klientstatar som til dømes Kappadokia og Kommagene.

Det er ikkje berre frå romersk side vi kan trekke noko ut av denne historia. Vi kan også bruke Armenia som eit døme på dei moglegheitene ein klientstat på grensa mellom Romarriket og Partarriket hadde. For det første ser det ut som om dei hadde ganske mykje spelrom så lenge dei følgte spelereglane. Men det er eit problem at spelereglane heile tida forandrar seg, ofte utan at alle får vite om det. I framstillinga mi ser vi to døme på at spelereglane forandrar seg. Den første endringa skjer under dei tredje mithridatiske krigane når romarane og partarane kjem på banen i nærausten og minkar den friheita dei forskjellige småkongedøma hadde hatt dei siste åra, ettersom

seleukidane fikk mindre og mindre makt i området. Den andre gongen vi ser at spelereglane forandrar seg er i perioden frå Vespasian til Trajan, då den vesle friheita småkongedøma hadde hatt blei fullstendig fjerna og mange av dei blei omgjorde til romerske provinsar. I begge tilfella ser vi at eit anna problem med dei forandra spelereglane var at dei aktuelle aktørane ikkje hadde full informasjon om kvarandre, noko som kunne føre til store overraskelsar når ein part brått fann ut at spelereglane hadde endra seg utan at han visste det.

Eit anna viktig punkt med klientkongedøma i aust var at dei i motsetning til klientkongedøme i andre delar av det romerske imperiet kunne støtte seg på både romarane og partarane. Det beste dømet på dette er sjølvsagt Armenia, som vi har sett på i heile oppgåva mi. Men også andre romerske klientkongar blir anklaga for å vere i kontakt med partarane, som til dømes Archelaus av Kappadokia og Antiochus IV av Kommagene blei. På partisk side har vi Osrohène, som under Trajan sin partarkrig støtta seg på begge sider. Men til tross for den stadig sterkare kontrollen som spesielt romarane får over klientkongane sine hadde dei framleis ein sjanse til å utvide sitt eige maktområde og etablere nye dynastiske samband. Eit døme frå dei tidlegare kapittela er Radamistus si overtaking av Armenia. Dette skjedde til tross for at både Armenia og Hiberia var romerske klientstatar på denne tida, noko som både Luttwak og Braund meinte at romarane hadde forbod mot. Dette var kanskje unntaket som stadfestar regelen, sidan vi finn døme på at romarane gjekk inn og stoppa stridigheter mellom venlege klientstatar, blant anna då det blei ufred mellom Judea og Nabatea rundt år 10 fvt. Lojale klientkongar kunne også bli belønna med landområde dersom romarane følte at dei fortente dette. Mellom anna seier Tacitus at kong Juba av Mauritania hadde fått kongedømet sitt av romarane (*Tac. Ann. IV. 5.3*).

Eg har gjennom heile denne oppgåva tatt i bruk Edward Luttwak sine teoriar om romersk langsiktig strategi for å forklare mange av dei romerske handlemåtane i denne perioden. Han argumenterer for at det første systemet hans, som var karakterisert av ein krans av lojale klientstatar med romerske legionar som strategisk reserve, var ei betre ordning enn det andre systemet hans, karakterisert ved at dei gamle klientstatane blei absorberte og grenseforsvaret overlatt til dei romerske legionane. I mi framstilling av romersk innblanding i Armenia er mesteparten av perioden innanfor det første systemet, berre Trajan sin partarkrig kjem innanfor det andre. Eg nemnde i kapittel 1 at det ser ut som om nærausten ikkje var det beste området å bruke Luttwak sine teoriar på, og det ser ut at det stemmer. I det første systemet er Armenia åleine om å bli karakterisert som ein bufferstat, medan i det andre passar ikkje tanken om vitskaplege grenser inn i den austlege romerske politikken. I området rundt Armenia passar heller ikkje idéen om at det første systemet var betre enn det andre,

fordi det ser ut som om romarane har best kontroll over dette området under det antoninske systemet. Heller ikkje tanken om at dei romerske klientstatane forsvann eller blei til svake bufferstatar i det andre systemet ser ikkje ut til å passe heilt. For det første etablerer Trajan gode forhold til dei nye klientstatane nord for Armenia, som til dømes Albania og Hiberia. Også andre tidlegare partiske klientstatar blir gjort om til romerske. Statane nord for Armenia var tydelegvis etablerte for å verne den nye provinsen Armenia frå låg-intensitetstrusslar på akkurat same måte som dei gamle klientstatane skulle i Luttwak sitt julisk-claudiske system.

Innleiingsvis spurde eg spørsmålet om romarane hadde ein langsiktig strategi eller om det var mogleg å analysere handlingane deira som ein langsiktig strategi. Sidan vi har sett at rolla til Armenia og dei armenske kongane forandrar seg så mykje som den gjer i løpet av denne perioden eg tek for meg, kan det vere eit teikn på at det romerske senatet og seinare dei romerske keisarane ikkje hadde nokon langsiktig strategi på Armenia, men heller tok ad-hoc-avgjerdsler, som mellom andre Kimberly Kagan meiner.

Den andre teoretikaren eg introduserte i byrjinga av oppgåva var David C. Braund, med sine teoriar om den venlege kongen og posisjonen hans i romersk utanrikspolitikk. Som vi har sett i denne oppgåva ser det ut som om Braund har rett når han seier at kongane langs grensa av imperiet skaffa romarane nærmere kontakt med folka utanfor imperiet. Dersom vi brukar Armenia som døme på dette, ser vi klart at dei armenske kongane hadde relasjonar til både Roma og Partia, og at gjennom si interesse for Armenia blei dei to imperia betre kjende med kvarandre. Dette passar perfekt inn i det eg presenterte i kapittel 1, der eg la fram Braund sin teori om at det var vanleg for kongerika langs grensa mellom Romar- og Partarriket å ha tilknytning til begge to.

Avsluttande tankar

Som eg sa i innleiinga var målet med denne masteroppgåva å sjå på rolla til Armenia i forhold til dei to stormaktene Roma og Partia. Vidare skulle eg sjå på om denne rolla forandrar seg over den tidsavgrensinga eg sette meg i innleiinga. Og til slutt skulle eg finne ut om Armenia var ein brikke i eit storpolitiske spel, eller om dei kunne vere ein aktør som gjorde eigne, sjølvstendige val. Denne oppgåva har vist at det nettopp var denne moglegheita til å gjere eigne val som forandrar seg gjennom denne perioden. Armenia opplev i ei periode når Seleukideriket ragnar at dei er sterke nok til å dominere dei andre småkongedøma i regionen, men dette forandrar seg så snart dei to arvtagarane til seleukidane kjem på bana. Etter at romarane og partarane blir involvert i regionen mistar Armenia rolla si som regional stormakt, men klarar i ei periode å spele på både Roma og

Partia for å halde seg nokonlunde uavhengig. Men som vi såg i slutten av kapittel 3 og byrjinga av kapittel 4 betydde dette spelet slutten for artaxide-dynastiet i Armenia, og når Armenia endelig stabiliserar seg igjen i etterkanten av Nero sin partarkrig har rolla deira gjekk gjennom store endringar. Når dei armenske kongane blei i slekt med deira partiske naboar såg vi at den armenske handlefridomen forsvann, og at under Trajan sin invasjon av Partarriket er det nesten umoglig å skilje mellom armensk og partisk politikk.

Kan det vi no har lært om Armenia overførast til eit anna emne dersom ein skriv romersk historie? Ei mogleg løysing på dette er å sjå på andre kongerike som låg ved grensa mellom Romarriket og Partarriket, men kjeldegrunnlaget gjer dette litt vanskeleg, sidan ingen andre kongeriker har blitt behandla like godt i kjeldene. Likevel kan ein bruke Armenia som eit hjelphemiddel dersom ein skal sjå på eit anna klientkongedøme, fordi ein gjennom den romerske politikken overfor Armenia kan få klargjort korleis forholdet mellom klientkongar og romarane var organisert.

Bibliografi

Kjelder:

Appianus 1912. *Roman History* oversatt av Horace White, Cambridge: Harvard University Press

Arrian 1993. *Tactical Handbook & The Expedition against the Alans* oversatt av James G. DeVoto, Chicago: Ares Publishers

Cicero 1908. *Pro lege manilia*. Internettadresse: <http://www.perseus.tufts.edu/hopper/text?doc=Perseus%3atext%3a1999.02.0010%3atext%3dMan>.

Dio Cassius 1914-1927. *Roman History* oversatt av Earnest Cary, Harvard University Press. Internettadresse: http://penelope.uchicago.edu/Thayer/E/Roman/Texts/Cassius_Dio/home.html

Plinius den eldre 1855. *The Natural History* oversatt av John Bostock. London: Taylor and Francis. Internettadresse: <http://www.perseus.tufts.edu/hopper/text?doc=Perseus%3Atext%3A1999.02.0137%3Abook%3D6%3Achapter%3D10>

Plinius den yngre 2009. *Brev* oversatt av Mette Heuch Berg. Oslo: Aschehoug

Plutark 1920. *The Life of Anthony* oversatt av Bernadotte Perrin. Cambridge: Harvard University Press. Internettadresse: <http://www.perseus.tufts.edu/hopper/text?doc=Perseus%3atext%3a2008.01.0007>

Plutark 1916. *The Life of Crassus* oversatt av Bernadotte Perrin. Cambridge: Harvard University Press. Internettadresse: <http://www.perseus.tufts.edu/hopper/text?doc=Perseus%3atext%3a2008.01.0038>

Plutark 1914. *The Life of Lucullus* oversatt av Bernadotte Perrin. Cambridge: Harvard University Press. Internettadresse: <http://www.perseus.tufts.edu/hopper/text?doc=Perseus%3atext%3a2008.01.0046>

Plutark 1917. *The Life of Pompey* omsett av Bernadotte Perrin. Cambridge: Harvard University

Press. Internettadresse: <http://www.perseus.tufts.edu/hopper/text?doc=Perseus%3atext%3a2008.01.0058>

Suetonius 1962. *The Twelve Ceasars* oversatt av Robert Graves, London & Tonbridge: The Whitefriars Press Ltd.

Strabon 1927. *The Geography of Strabon* oversatt av Horace Leonard Jones, Cambridge: Harvard University Press

Tacitus 1988. *Årbøkene* oversatt av Henning Mørland, Askim: Østfold Trykkeri A.s.

Litteratur:

Bennett, Julian 2000. *Trajan: Optimus Princeps* Florence: Routledge

Birley, A. R. 2002 om Dio Cassius i *Brill's New Pauly bind 2* Leiden: Koninklijke Brill

Braund, David C. 1984. *Rome and the Friendly King* New York: St. Martin's Press

Brosius, Maria 2006. *The Persians* Oxon: Routledge

Campbell, Brian 1993 *War and Diplomacy: Rome and Parthia, 31 BC-AD 235* s. 213-241 i War and Society in the Roman World, London og New York: Routledge

Chahin, M. 2001. *The Kingdom of Armenia* Richmon: Curzon Press

Coene, Frederik. 2010. *The Caucasus; an Introduction* Oxon: Routledge

Colledge, Malcolm A. R. 1967. *The Parthians* Nijmegen: Koninklijke Drukkerij

Flaig, Egon 2002 om Tacitus i *Brill's New Pauly bind 14* Leiden: Koninklijke Brill

Fowler, Richard 2010. *King, Bigger Kings, King of Kings* i Kingdoms and Principalities in the Roman Near East, Stuttgart: Franz Steiner Verlag

Garzetti, Albino 1974 (1960). *From Tiberius to the Antonines*, oversatt av J. R. Foster. London: Methuen & Co. Ltd.

Hewsen, Robert H. (red.) 2001. *Armenia: A Historical Atlas* Chicago: University of Chicago Press

Hünemörder, Christian 2002 om Plutark i *Brill's New Pauly bind 11* Leiden: Koninklijke Brill

Isaac, Benjamin 1992. *The Limits of Empire* (Revised edition) New York: Oxford University Press

Kagan, Kimberly 2006. *Redefining Roman Grand Strategy* i The Journal of Military History, Vol.

Kaizer, Ted & Facella Margherita 2010. *Introduction* i Kingdoms and Principalities in the Roman Near East, Stuttgart: Franz Steiner Verlag

Lepper, F.A. 1948. *Trajan's Parthian War* London: Oxford University Press

Luttwak, Edward 1976. *The Grand Strategy of the Roman Empire* Baltimore and London: The John Hopkins University Press

Magnino, Domenico 2002 om Appianus i *Brill's New Pauly bind 1* Leiden: Koninklijke Brill

Mann, J.C. 1979. *Power, Force and the Limits of Empire – Review of Luttwak* s. 175-183 i Journal of Roman Studies 69

Meyer, Jørgen Christian 2002. *Antikkens Historie* Oslo: Cappelens Forlag

Millar, Fergus 1967 (1966). *The Roman Empire and its Neighbours* London: George Weidenfeld and Nicolson Ltd.

Sartre, Maurice 2004. *The Middle East Under Rome*. Cambridge: Harvard University Press

Schreiner, Johan H. 2007. *Historieskriving* i Ad Fontes – Antikkvitenskap, kildebehandling og metode, Andre Utgåve, Oslo: Oslo Academic Press

Sherwin-White, A.N. 1984. *Roman Foreign Policy in the East*. London: Duckworth

Stark, Freya 1966. *Rome on the Euphrates* Albermarle Street London: John Murray

Rist, Josef 2002 om Movses Khorenatsi i *Brill's New Pauly bind 9* Leiden: Koninklijke Brill

English Summary

The purpose of the master thesis was to analyze the role of the Armenian kingdom in regard to the two competing superpowers of the region, Rome and Parthia. The question I wanted to answer was: was Armenia simply something the two powers could compete over, or were the Armenian kings independent players that made their own choices? I solved this question by looking at five different conflicts between Rome and one of her neighbours, where Armenia or the Armenian kings played a significant part. These conflicts happened between 75 BCE, the start of the third Mithridatic War, and 118 CE, the year emperor Hadrian gave up the eastern provinces conquered by Trajan. The first conflict I looked at was the third Mithridatic War, where the Romans and the Armenians for the first time came in contact with each other. I then looked at Crassus' unsuccessful invasion of the Parthian empire before I finished my chapter with a look at Marc Anthony's invasion of the Parthian empire and his further policies in Armenia and the East. The next chapter started with an analysis of the Parthian War during the reign of Nero and the start of the new dynasty in Armenia, the Arsacid dynasty. The fifth and final conflict I analyzed was the Parthian war of the mighty Roman emperor Trajan. To help me with this question I have also used two different theorists who both wrote about the Roman East. The first of these is Edward Luttwak and his book about the grand strategy of the Roman Empire. The second theorist is David C. Braund who wrote about Rome and the friendly king. The sources used were Greek and Latin Roman historians.

I discovered that the role and the degree of independence of the Armenian kings changed over time. They started off as emperors that ruled vast areas of land following the decline of the Seleucid Empire. This all changed when the Romans and the Parthians entered the stage in the Middle East, and reduced the Armenian kings to subservient clients and allies. Though I discovered that the Roman control over Armenia after the end of the third Mithridatic War was weak, and was dependent on a strong Roman military presence in the area. Under the Artaxiad dynasty the Armenian kings seemed to be trying to stay away from too tight alliances with either Rome or Parthia, but this backfires in the aftermath of Mark Anthony's Parthian war, when the Armenian king Artavasdes II is left without allies and is dethroned and captured by Anthony. This led to a succession of weak Armenian kings where the Romans and the Parthians fought politically for control over the country. This finally led to war between the two powers when the Parthian king made his brother Tiridates king of Armenia. This war was finally solved by a compromise, where Tiridates was king of Armenia by Roman sanction. But as I discovered, this meant that the Roman

control of Armenia diminished, and it became in effect a part of the Parthian Empire. I discovered this in the last conflict I analyzed. In this conflict it had become almost impossible to distinguish between Parthian and Armenian politics.

Vedlegg 1: Dramatis Personae

Dette er ein kort gjennomgang av dei viktigaste aktørane som er med i framstillinga mi. Dei er lagt fram kronologisk.

Mithridates VI Eupator Dionysius: Konge av Pontus. Mithridates regjerte over kongeriket Pontus mellom 120 og 63 fvt. Han førte tre krigar mot den romerske republikken, som blir kalla dei mithridatiske krigane. Dei endte til slutt med at han blei fordreven til Krim-halvøya, der han tok sjølvmort.

Lucius Cornelius Sulla: Romersk general og statsmann. Sulla levde frå ca. 138 til 78 fvt, og var ein av dei sterkeste mennene i denne perioden av seinrepublikken i Roma. Han var både konsul og diktator i løpet av karriera si, og leia dei romerske styrkane med stort hell under den første mithridatiske krigen.

Tigranes den Store: Armenisk konge. Tigranes var den mektigaste kongen som Armenia nokon har hatt, og under hans regjeringstid var det armenske riket på sitt største. Han regjerte over Armenia frå 95 til 55 fvt, og var svigersonen til Mithridates Eupator. Dette førte til at han blei blanda inn i den tredje mithridatiske krigen mot den romerske republikken der han blei slått og mista herredømet over alle dei erobra områda utanfor Armenia. Likevel klarte han å få fred med romarane og blei innrulla som ein ven og alliert med det romerske folket.

Lucius Licinius Lucullus: Romersk general. Lucullus var den romerske generalen over dei romerske styrkane i byrjinga av den tredje mithridatiske krigen, og slo både Mithridates og Tigranes i denne krigen. Men på grunn av dårlig moral blant troppane hans og eit komplott mot han i Roma miste han kommandoen over troppane sine. Dette gjorde at kommandoen over dei austlege romerske styrkane blei gitt til Pompeius Magnus.

Gnaeus Pompeius Magnus: Romersk general og statsmann. Pompeius levde mellom 106 og 48 fvt, og var ein av dei viktigaste personane i den romerske seinrepublikken. Han tok kommandoen over dei romerske styrkane i den tredje mithridatiske krigen, og fekk avslutta krigen. Han gjekk så saman med Julius Caesar og Marcus Crassus, to av dei andre mektige mennene i Roma på denne tida, og laga det første romerske triumviratet. Etter at Crassus døyr og Caesar får stor militær

suksess i Gallia bryt samarbeidet mellom dei to saman, og det bryt ut borgarkrig. Pompeius taper og blir drept under flukt til Egypt.

Tigranes den yngre: Armensk prins. Tigranes den yngre var ein son av Tigranes den Store av Armenia. Han prøver å få både partarane og romarane til å angripe faren sin, men ender livet sitt i romersk fangenskap etter at faren hans overga seg til Pompeius i år 66 fvt.

Phraates III: Konge over Partarriket mellom 70 og 57 fvt. Han var den partiske storkongen under den tredje mithridatiske krigen.

Marcus Licinius Crassus: Romersk statsmann. Crassus var saman med Pompeius og Caesar ein av dei tre mektigaste mennene i Roma under seinrepublikken og var kjendt som den rikaste mannen i Roma. Han var ein av medlemmane i det første romerske triumviratet, men i motsetjing til sine to kollegar mangla han ein triumf. Dette fekk han til å forsøke å invadere Partarriket, men han blei slått og drept i slaget ved Carrhae i dagens Tyrkia.

Orodes II: Partisk storkonge frå år 57 til 38 fvt. Orodes var konge over Partarriket når Crassus prøvde å invadere riket hans. Han førte den største partarhæren mot Armenia for å hindre den romerskallierte kongen av Armenia å gi støtte til Crassus. Han fekk også gjort Armenia til ein partisk alliert.

Artavasdes II: Konge over Armenia frå 53 til 34 fvt. Han arva ein allianse med romarane frå faren sin, Tigranes den Store, men blei tvinga inn i ein ny allianse med partarane i etterkant av Crassus sin invasjon av Partarriket i år 53 fvt. Under Marcus Antonius sitt forsøk på å erobre partarane skiftar han igjen side tilbake til romarane, men når dei romerske forsyningsslinjene og krigsmaskinene blir øydelagt av partarhæren, forlet han den romerske generalen. Dette fører til at han blir tatt til fange av Antonius, og ført til Alexandria der han døydde i fangenskap i etterkant av slaget ved Actium.

Surena: Partisk general. Han var hærføraren som slo Crassus sin hær i slaget ved Carrhae i år 53 fvt til tross for at han hadde ein mykje mindre hær enn romarane hadde. Men på grunn av denne suksessen blei han henretta av Orodes II av Partia som frykta at Surena skulle prøve å ta over kongemakta i Partia.

Marcus Antonius: Romersk general og statsmann som levde mellom 83 og 30 fvt. Han var ein av Julius Caesar sine nærmeste samarbeidspartnarar, og etter at Caesar døydde allierte han seg med Caesar sin arving, Octavianus, og ein annan av Caesar sine tidlegare generalar, Marcus Lepidus. Saman starta dei det andre romerske triumviratet. Antonius slo seg ned i dei austlege romerske provinsane saman med den egyptiske dronninga Cleopatra, som han fekk fleire born med. Han prøvde å invadere Partarriket gjennom Armenia, men blei stogga ved byen Phraaspa i Media Atropatene. Seinare tok han den armenske kongen Artavasdes II til fange og gjorde Armenia underlagt si eiga makt. Når det bryt ut borgarkrig mellom Octavianus og Antonius tapar Antonius i slaget ved Actium og, både han og Cleopatra tek sjølvmort i Alexandria i år 30 fvt.

Artavasdes: Konge over Media. Artavasdes var kongen av Media når Antonius invaderte Partarriket gjennom Media. Han var først alliert med den partiske storkongen, men når dei kjem i krangel om det romerske krigsbyttet, skiftar han side til Antonius.

Cleopatra VII: Egyptisk dronning frå 51 til 30 fvt. Cleopatra var den siste av den ptolemaiske kongefamilien, som hadde herska over Egypt sidan Alexander den Store sin død. Ho var elskaren til først Julius Caesar og seinare Marcus Antonius. Ho tok sjølvmort i etterkant av Antonius sitt nederlag ved Actium, og etter hennar død blei Egypt gjort om til ein romersk provins.

Octavianus (Augustus): Romersk keisar mellom 27 fvt og 14 evt. Octavianus fekk seinare ærestittelen Augustus av det romerske senatet. Han var Julius Caesar sin adoptivson og den første romerske keisaren. Han fekk fred med Partarriket og klarte gjennom diplomatisk kløkt å få tilbake dei tapte legionsørnene etter Crassus og Antonius sine mislukka invasjonar tilbake. Når han døydde hadde han forandra heile det romerske systemet, og den romerske republikken var forbi.

Phraates IV: Partisk storkonge frå år 37 til år 2 fvt. Han slo Antonius under kringsetjinga av den mediske byen Phraaspa, ga tilbake dei romerske legionsørnene og sendte gissel til Augustus for å halde på freden mellom dei to rika.

Pharasmanes I: Konge av Hiberia mellom 1 og 58 evt. Han var ein romersk alliert som spelte ei stor rolle i armensk politikk. Han fekk mellom anna broren sin Mithridates innsatt som konge over Armenia, før han igjen konspirerte saman med sonen sin Radamistus til å fjerne Mithridates og få Radamistus innsatt som armensk konge.

Mithridates av Armenia: Armensk konge på første halvdel av det første århundre evt. Han var bror av den hiberiske kongen Pharasmanes, men blei drept av sonen til Pharasmanes, Radamistus.

Radamistus: Hiberisk prins og armensk konge. Han tok over kongetittelen frå onkelen sin Mithridates gjennom forræderi, men på grunn av sin valdelige oppførsel blei han kasta ut av Armenia av det armenske folket.

Vologaesus I: Partisk konge mellom 51 og 78. Vologaesus var den partiske storkongen under Nero sin partarkrig, og er den som startar krigen gjennom å gjere broren sin Tiridates til konge over Armenia.

Tiridates I: Armensk konge frå år 63 evt. Tiridates var broren til den partiske kongen Vologaesus og fekk kongedømet Armenia i gáve av han. Han er den viktigaste motstandaren til romarane i Nero sin partarkrig. Han gjekk til slutt med på å reise til Roma for å bli krona av keisar Nero i år 66.

Nero: Romersk keisar som regjerte mellom 54 og 68. Han var den siste av dei julisk-claudiske keisarane og er kjendt frå kjeldene for sitt tyranniske styre og sitt ekstravagante levesett. Under krigen mot partarane som skjedde under hans regjeringstid lot han den populære og dyktige generalen Corbulo ta seg av krigshandlinga. Nero blei til slutt tvinga til å ta sjølvord etter at fleire provinsguvernørar gjør opprør.

Gnaeus Domitius Corbulo: Romersk general. Han levde frå ca. år 7 til år 67. Han var den beste romerske generalen på midten av det første århundret evt, og var den romerske generalen som hadde ansvar for å føre krigen mot partarane og armenarane under partarkrigen mellom 58 og 64. Han blei tvinga til å ta sjølvord av keisar Nero fordi han hadde blitt mistenkt for å ville gjøre opprør mot keisaren.

Monabazus II: Konge over Adiabene rundt midten av det første århundret evt. Han var ein partisk alliert og hjalp den partiskstøtta kandidaten til den armenske trona, Tiridates, under Nero sin partarkrig.

Lucius Caesennius Paetus: Romersk general som levde ca. mellom 20 og 72. Han fekk ansvar for å verje Armenia etter at Corbulo hadde erobra det under Nero sin partarkrig, men blir slått av den partiske kongen Vologaesus i slaget ved Rhanda, og han spelar ikkje ei større rolle i den krigen.

Vespasian: Romersk keisar som regjerte mellom 69 og 79. Han var den første av det flaviske dynastiet, og hadde tidlegare hatt kommandoen over dei romerske styrkane som skulle slå ned på det jødiske opprøret i Judea som starta i år 66. Under hans regjeringstid blei mange av dei tidlegare klientstatane i austen inkorporerte som romerske provinsar. Når han døydde blei han etterfølt av sønene Titus og Domitian.

Trajan: Romersk keisar mellom 98 og 117. Trajan var eigentleg soldat frå provinsen Hispania, men gjorde ei stor karriere som hærførar før han blei adoptert av keisar Nerva. Han var blant dei best likte keisarane nokosinne, og under hans regjeringstid var Romarriket på sitt største. Dette skjedde gjennom erobringane hans i Dacia og krigen han førte mot Partarriket. Men dei nye erobringane hans i aust måtte bli gitt opp etter at Trajan døydde brått av sjukdom.

Exedares: Konge over Armenia. Exedares var den armenske kongen som blei kasta ut av partarkongen Osroes I, noko som førte til Trajan sin partarkrig.

Parthamasiris: Kandidat til den armenske trona. Parthamasiris var den nye partiske kandidaten til den armenske trona etter at dei hadde kasta ut Exedares. Han blei møtt av Trajan når Trajan starta felttoget sitt mot partarane, men fekk beskjed av den romerske keisaren at han ikkje skulle bli innsatt som konge over Armenia, og at Armenia skulle bli ein romersk provins. Parthamasiris døydde under mystiske omstende når han blei eskortert vekk frå den romerske leiren.

Osroes I: Partisk konge mellom ca. 109 til 129. Han var den partiske storkongen under Trajan sin partarkrig, og blei avsatt av den romerske keisaren. Han klarte å kjeme seg tilbake til den partiske trona, men hadde for resten av regjeringsida si store problem med indre, dynastisk uro.

Parthaspates: Konge over Partarriket og Osrohëne. Parthaspates blei innsatt som konge over Partia av Trajan i eit forsøk på å få det gryande partiske opprøret under kontroll i år 116. Han blei seinare kasta ut av partarane og blei innsatt som konge over Osrohëne av keisar Hadrian.

Hadrian: Romersk keisar mellom 117 og 138. Han måtte gi opp dei nye erobringane til Trajan aust for elva Eufrat. Han reiste mykje omkring i det romerske imperiet og oversåg bygginga av mange av dei permanente forsvarsverka langs grensa til Romarriket.

Vedlegg 2: Tidslinje

<u>Årstal</u>	<u>Hending</u>
120 fvt	Mithridates VI Eupator blir konge over Pontus
95 fvt	Tigranes den Store blir konge over Armenia
88-84 fvt	Den første mithridatiske krigen
83-81 fvt	Den andre mithridatiske krigen
78 fvt	Cornelius Sulla dør
73 fvt	Den tredje mithridatiske krigen bryt ut
69 fvt	Slaget ved Tigranocerta
67 fvt	Pompeius får kommandoen over dei austlege romerske styrkene frå Lucullus
66 fvt	Tigranes får fred med romarane
63 fvt	Mithridates tek sjølvmort, den tredje mithridatiske krigen er over
55 fvt	Tigranes den Store dør. Artavasdes II blir armensk konge
55-53 fvt	Crassus i Syria, slaget ved Carrhae
49 fvt	Caesar kryssar Rubicon og startar den romerske borgarkrigen
48 fvt	Pompeius dør i Egypt
45 fvt	Caesar står igjen som sigerherre i den romerske borgarkrigen
44 fvt	Julius Caesar blir drept
41 fvt	Antonius blir elskaren til dronning Cleopatra av Egypt
40 fvt	Partarane invaderer romersk Syria
37 fvt	Antonius invaderer Partarriket
34 fvt	Artavasdes II av Armenia blir tatt til fange av Antonius
31 fvt	Slaget ved Actium. Octavianus står igjen som herskaren over Roma
30 fvt	Cleopatra og Antonius tek sjølvmort
27 fvt	Octavianus får ærestittelen Augustus
11 evt	Den siste artaxideherskaren i Armenia, dronning Erato, dør
14 evt	Augustus dør, Tiberius blir romersk keisar
35 evt	Mithridates blir konge over Armenia med romersk og hiberisk hjelp

51 evt	Den hiberiske prinsen Radamistus blir konge av Armenia
54 evt	Nero blir keisar av Romarriket
54 evt	Tiridates, broren til partarkongen Vologaesus, får sikra seg kontrollen over Armenia
58-63 evt	Krig mellom Partia og Roma om Armenia
66 evt	Tiridates blir krona av Nero i Roma
68 evt	Nero tek sjølvmort, den julisk-claudiske keisarfamilien dør ut
69 evt	Vespasian blir romersk keisar. Starten på det flaviske dynastiet
96 evt	Domitian, den siste flaviske keisaren dør
98 evt	Trajan blir romersk keisar
106 evt	Trajan legg under seg Dacia
113-117 evt	Trajan sin invasjon av Partarriket. Mesopotamia og Armenia blir romerske provinsar
117 evt	Trajan dør
118 evt	Hadrian blir romersk keisar. Alle dei nye provinsane som blei oppretta under Trajan sin partarkrig blir gitt opp